

Årsmelding 2023

Vinje

Ordføraren har ordet

I 2023 var det kommuneval. Mykje av det politiske året går med til førebuing til dette. Nominasjonslister, valprogram, valkamp, valet, finne saman etter valet og konstituering av nytt kommunestyre. Me har alltid hatt ein rik partiflora i Vinje. Det er positivt for veljarane at det er mange parti som stiller til val. Det gjev valfridom. Det vitnar også om politisk engasjement hjå innbyggjarane. Det var sju lister dette valet, og to av dei var nye. Alle listene blei representert i kommunestyret. Snittalderen i kommunestyret gjekk monaleg ned, og det er eit fleirtal av kvinner i kommunestyret (13 kvinner og 12 menn). Heile 15 av 25 av representantane er nye i kommunestyret etter valet. Det er ei stor utskifting.

Det blei også tid til politiske saker. Reinsparken blei bygd, som har gjeve eit flott aktivitetstilbod i Haukeli. Statens Vegvesen regulerte ny E134 Bøgrend-Særengrend etter delegasjon frå kommunestyret. Det blei gjeve støtte til lokale slik at det kom i gang fleire ungdomsklubbar i kommunen, som no tel tre i talet. Bebruarane på Rauland omsorgssenter flytta på hybelhus medan kommune sette i verk ei omfattande rehabilitering av omsorgssenteret. «Tenk at eg skulle bu på studenthybel igjen», var det ei som sa. Kommunen vedtok også å bli med på Qmatec si store satsing i Åmot, med aksjar i nytt industribygg på over 4.000 m². Med det er kommunen med og trygger industriarbeidsplassar i framtida. Gang- og sykkelvegen frå Austbø til Krossen skulle vedtakast dette året, og med byggestart i 2024. Det var stort engasjement frå dei som budde langs strekninga, og det kom så mange nye moment opp under synfaring og klagerunde, at kommunen vil bruke meir tid på denne. Det har vore stort engasjement rundt bilrutetomta i Åmot sentrum etter kommunen sine planar om å flytte handelsnæring frå dagens Sparbygg ned dit, med føremål om å bygge eit nytt helsebygg og omsorgsbustader i tillegg til dagens helsehus. Vinje utfordrar framtida.

Dette var eit lite knippe av dei politiske sakene og den politiske aktiviteten i 2023. Vinjepolitikken destillert.

Jon Rikard Kleven

Ordførar

Rådmannens innleiing

Rådmannen legg med dette fram årsmelding for 2023. Årsmeldinga er utarbeidd i tråd med lov og forskrift, og inneheld dei framstillingar og opplysningar som det er krav om. Saman med årsrekneskapen er årsmeldinga ei viktig tilbakemelding frå administrasjonen til kommunestyret om kommunens drift og investeringar.

På same måte som dei tre føregåande åra, prega store verdshendingar dagleglivet i Vinje. Sjølv om pandemien ikkje lenge hadde same innverknad, innebar flyktningstraumen frå Ukraina nye utfordringar for lokalsamfunnet og kommunens tenesteproduksjon. Det blei lagt ned ein kjempeinnsats for å få på plass både bustader og introduksjonsordning, og dette la grunnlaget for at kommunen busette 61 personar i 2023.

Rekrutteringsvanskane i kommunesektoren har held fram. Kommunen bruka drygt kr 10 mill på innleige i legetenesta på grunn av vakansar av ulike slag, langtidsavdelinga på sjukeheimen kr 5,6 mill. og Svingen bufellesskap kr 1 mill. Innan tenesteområde Oppvekst inngjekk kommunen i haust ein avtale om rekrutteringsbistand og innleige for pedagogar, og har omsett i underkant av kr 200.000 knytt til denne.

Utgiftsauken innan helse- og omsorgstenestene følgjer elles ein nasjonal trend. Auken for Vinje er 15,7 % og utgjer 71.621 kr per innbyggjar.

Utfordringsbiletet tilseier at me som organisasjon og lokalsamfunn må finne nye vegar og verktøy for å planlegge og prioritere ulike innsatsar i høve innbyggjarane sine liv. Konseptet «Innsatstrappa» til Agenda Kaupang fekk hederleg omtale i Helsepersonellkommisjonens rapport. Føremålet er å lage ein felles modell for å styre aktivitet og omfordele økonomi frå dei høgste trinna i trappa til meir eigenmeistering og førebyggjande tiltak på dei nedste trinna.


I 2023 har ein gjennom tre dagsøktar utarbeidd eit utkast til Vinje sin versjon av innsatstrappa.

Den «heilskaplege innsatstrappa» i Vinje viser grad av inngripen i innbyggjarane sine liv – korleis kan vi samarbeide for å styrke dei lågare trinna? (per juni 2023 – under utvikling)



I august 2023 blei det vidare lansert ei påbygging av denne Innsatstrappa i form av ein prognosemodell som bereknar bustadbehovet for eldre innbyggjarar fram mot 2040. Dette er eit hjelpemiddel for analyse, planlegging og utvikling av ein heilskapleg bustadpolitikk og bustadforsyninga for eldre.

Eldre innbyggere i Vinje vil benytte 201 flere boliger enn i dag - hvor har de størst mulighet til å bo og leve godt?



Pilene viser mulig og ønsket endring i boligsammensetning i framtiden. Ved å tilrettelegge for flere egnede boliger og bomiljø for eldre på trinn 1 i boligtrappen, vil kommunen kunne redusere framtidig behov for høyere trinn i boligtrappen

Avslutningsvis vil rådmannen takke kommunens tilsette for innsatsen i året som har gått. Dei tilsette er kommunens viktigaste ressurs, og er avgjerande for korleis Vinje skal klare seg i åra som kjem. Eg har full tillit til at våre tilsette vil bidra til ei fortsatt god drift av Vinje kommune.

Jan Myrekrok

Rådmann

Leserettleiing

Årsmeldinga i Framsikt er bygd opp av desse delane:

- Introduksjon
 - Ordføraren har ordet
 - Rådmannens innleiing
 - Leserettleiing
- Grafikk og nøkkeltal
 - Utvalte nøkkeltal
 - Grafikk over korleis driftsinntekter og driftsutgifter er fordelt
 - Grafikk over korleis investeringsinntekter og investeringsutgifter er fordelt
 - Investeringskart
- Årsmelding - sentrale kapittel
 - Økonomi: drift og investering
 - Medarbeidarar og organisasjon
 - Statistikk (KOSTRA-tal, sjukefråvær, folketal og sysselsetjing)
 - Klima (utsleppstatistikk)

- Årsrekneskap (forskriftskjemaene)
- Presentasjon av kommunen sine tenesteområde
 - Kvart tenesteområde er presentert med årsmelding, status på måloppnåing, status på eventuelle økonomiplantiltak, sjukefråvær og rekneskap. For oppvekst og helse og meistring blir også utvalte KOSTRA-tal presentert. For nokre tenesteområde ligg all informasjon tilgjengeleg på det øvste nivået, medan for andre tenesteområde ligg noko informasjon tilgjengeleg på øvste nivå, og noko informasjon på verksemdsnivå. For å finne fram til verksemdsnivået, må ein fyrst velje det tenesteområdet ein ynskjer, og deretter velje aktuell verksemd under "Verksemd" i menyen til venstre.
 - Rådmannen består av rådmannen og VTDS (IT-samarbeidet)
 - Oppvekst består av barnevern, oppvekst administrasjon, skulane og barnehagane
 - Plan, økonomi og bærekraft består av PØB og sjølvkost plan/oppmåling/byggjesak
 - Helse og meistring består av NAV, helse administrasjon, institusjonstenester, heimetenester, tenester til personar med særlege behov, samt helse og førebygging
 - Organisasjon og innovasjon er tidlegare fellestenesta
 - Teknisk drift og infrastruktur består av TDV, reinhald og tekstil og sjølvkost vatn/avløp/renovasjon/slam/feiing
 - Kultur, næring og fritid består av kultur og næring

Økonomi: Drift og investering

Årsrekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på omlag kr 40,1 mill. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er 4,5 % (for 2022 var dette talet 7,0 %). Nokre av hovudårsakene til inntektsauken på totalt kr 64 mill er:

- Solide inntekter frå sal av eiga kraft (auke med omlag kr 11 mill samanlikna med 2022)
- Høge inntekter frå KKST som blir sett av på næringsfond (auke med omlag kr 22,5 mill samanlikna med 2022)
- Høge inntekter frå eigedomsskatt (auke med omlag kr 15 mill samanlikna med 2022)
- Rammetilskotet vart kr 3 mill høgare enn budsjettert (auke med omlag kr 17,4 mill samanlikna med 2022)
- Skatteveksten mot slutten av året vart ikkje slik KS sin prognose-modell tok høgde for og medførte kr 3,3 mill lågare skatteinntekter enn budsjettert (reduerte skatteinntekter med omlag kr 10,8 mill samanlikna med 2022)
- Integreringstilskotet vart kr 4,3 mill høgare enn budsjettert, og utgjorde totalt kr 40,3 mill (auke med omlag kr 17,4 mill samanlikna med 2022)
- Utbytte frå VTK auka med kr 10,8 mill samanlikna med 2022
- Netto premieavvik og andre pensjonsavrekningar utgjorde ei samla inntekt i 2023 med kr 13,4 mill (auke med kr 5,9 mill samanlikna med 2022)

Hovudårsakene til kostnadsauken på totalt kr 84 mill er:

- Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter har auka med omlag kr 44 mill frå 2022 til 2023 (lønsoppgjøret utgjør kr 15 mill)
- Kjøp av varer og tenester har auka med omlag kr 37 mill

Nokre verksemdar kan vise til større mindreforbruk i 2023, men det er viktig å vere klar over at store delar er bunde opp i framtidige utbetalingar. Andre verksemdar har større meirforbruk, som er nærare omtala under kvart tenesteområde/verksemd.

Framdrifta på investeringane vart omtrent som forventa etter siste budsjettrevisjon, og behovet for oppattløyvingar frå 2023 til 2024 stemmer toleg godt med det som vart lagt til grunn i saka om sluttjustering av 2023-budsjettet. Oppattløyvingane vil truleg utgjere omlag kr 17 mill.

Investeringsrekneskapen er likevel avslutta med eit udekt beløp på kr 2,6 mill. Hovudårsakene til dette er at salsinntekter på kr 2 mill for datasentertomta ikkje vart bokført før i 2024, i tillegg til at tilskot frå fylket knytt til G/S-veg Øyfjell på kr 960.000 også blir utbetalt i 2024. Tilskot frå fylket knytt til G/S-veg Austbø vart utbetalt med kr 500.000 meir enn budsjettert ettersom fylket hadde meir midlar til fordeling enn ein fyrst fekk vedtak om. Bustader for vanskelegstilte fekk eit meirforbruk på kr 650.000 grunna høgare utgifter med grunnarbeid og auka masseutskifting. Ramma vart oppjustert i budsjettrevisjonar gjennom året, men likevel heldt ikkje ramma. Grunna usikkerheit knytt til retten til momskompensasjon i dette prosjektet, har ikkje kommunen kravd momskompensasjon undervegs i dette prosjektet. Det er dialog med Skatteetaten og revisjonsselskapet E&Y, og kommunen arbeider med å få omlag kr 1,2 mill tilbakebetalt knytt til dette prosjektet, men om ein får medhald i dette vil 1/10 av beløpet bli godskrive kvart av dei neste 10 åra. Husbanken har utbetalt eit tilskot til prosjektet med kr 2,2 mill.

Balansen er på totalt kr 2,6 mrd. Anleggsmidlar har auka med kr 157 mill, der aksjekjøp i Qmatec utgjer kr 25 mill, aksjar i Mobø AS utgjer kr 9,65 mill og auke i pensjonsmidlar utgjer kr 56 mill. Resten er knytt til auka verdi av eigedomar og anlegg. Omløpsmidlar har vorte redusert med kr 89 mill, der bankinnskott er redusert med kr 107 mill. Langsiktig gjeld har auka med kr 23 mill, knytt til overtaking av Boinnova-lån og auka pensjonsforpliktingar. Kommunen har eit premiefond i KLP der saldo ved årsskiftet var omlag kr 12,1 mill. Desse midlane skal ikkje balanseførast i kommunen rekneskap, men er midlar som kan nyttast til framtidige premiebetalingar.


Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon er lagt til Plan, økonomi og Bærekraft (PØB). Her ligg budsjett, rekneskap og løn saman med anna økonomiforvaltning.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, men driftskostnadene aukar. Netto driftsresultatet for 2023 syner eit overskot på ca kr 40,1 mill, mot kr 56,9 mill i overskot for 2022. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit samla mindreforbruk i 2023 på kr 20,2 mill mot kr 21,4 mill i 2022. Samla mindreforbruk for tenesteområda utgjorde kr 2,5 mill, kr 11,6 mill i meirforbruk er knytt til sjølvkostområda og mindreforbruk på kr 29,3 mill er knytt til sentrale inntekter (skatt, rammetilskot, kraftinntekter, konsesjonsavgifter, finansinntekter etc).

Kommunen bør ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatomgrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (tidlegare 3 %) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utrekna, kun avdrag på låna. Resultatet for 2023 viser eit forholdstal på 4,5 % (7,0 % i 2022).

Utvikling i netto driftsresultat




Eit godt netto driftsresultat er i stor grad prega av ei god inntektsside, men ein ser at driftsnivået er høgt og 2023 har vore påverka av store bemanningsutfordringar. Særleg er det helse og meistring som har hatt høge utgifter knytt til vikarbyrå og overtidslønn, men også oppvekstsektoren har erfart mangel på arbeidskraft og rekrutteringsutfordringar. Nokre tenesteområde/verksemder har betydelege mindreforbruk, men store delar av desse er bunde opp i framtidige utbetalingar. Premieavvik og andre pensjonsavrekningar utgjør ei netto inntekt i 2023 på over kr 13,4 mill. Rentenivået har halde seg høgt gjennom 2023, og netto finansutgifter har auka med ca kr 9,5 mill samanlikna med 2022 (når ein held auken i utbytte utanom).

Inntektsfordeling i 2023

Figuren syner korleis inntektene fordelar seg mellom ulike kjelder. Kraftrelaterte inntekter er summen av eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgifter, netto inntekt frå sal av konsesjonskraft og inntekt frå KKST (fylket).


Netto kraftrelaterte inntekter har dei siste åra før 2022 utgjort omlag 30 % av totale brutto driftsinntekter. I 2022 auka talet til 35 % og i 2023 auka talet vidare til 38 %. Netto kraftrelaterte inntekter auka med kr 47 mill frå 2022 til 2023. Inntekts- og formuesskatt vart redusert med kr 9 mill frå 2022 til 2023, medan rammetilskotet vart auka med kr 17 mill.

Sals- og leigeinntekter er toleg stabile, medan overføringar/tilskot frå andre auka med kr 10 mill (relatert til auka sjukelønsrefusjonar, auka momskompensasjon og høgare refusjonsinntekter frå fylket og andre kommunar) og andre overføringar/tilskot frå staten auka med kr 22 mill (hovudsakleg relatert til integreringstilskot). Brukarbetalingar er toleg stabile.



Utgiftsfordeling i 2023

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med omlag kr 44 mill frå 2022 til 2023, og av dette utgjør høgare pensjonskostnader kr 15 mill. Helse og meistring har ei auke i løns- og sosiale utgifter på kr 26 mill, medan oppvekst har ei auke med kr 18 mill. Auke i introduksjonsstønad utgjør over kr 5 mill. Kjøp av varer og tenester auka med omlag kr 37 mill, og er relatert til auka kostnader i helse og meistring (hovudsakleg vikarinnleige, men også auke knytt til leasing av bilar og utgifter i samband med mellombels flytting av Rauland omsorgssenter), auka kostnader til vedlikehald av bygg og kommunale vegar, samt auka utgifter til NAV og barnevern.

55 % av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, som er toleg like med fjoråret. Lønsrelaterte utgifter utgjør vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene utgjør ca kr 78,6 mill, som er ei auke frå fjoråret med kr 7,8 mill.

Premieavvik er skilnaden mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Premieavviket blir avskrive over 7 år, og tal per 31.12.2023 viser eit akkumulert premieavvik (inkludert arbeidsgjevaravgift) på omlag kr 77,4 mill, som altså kjem til å påverke rekneskapen dei komande åra. I 2023 vart det inntektsført eit betydeleg netto premieavvik på ca kr 13,4 mill (sum av årets og amortisert premieavvik inkludert arbeidsgjevaravgift og andre pensjonsavrekningar). Tidlegare år har gjennomsnittleg pensjonstrekk vore på 14-15 %, medan trekktet i 2023 vart på over 17 %. Verksemdene er trukke 17 % i tråd med grunnlaget for budsjetttrammene, men auken frå tidlegare år er monaleg. Årsaka til auken i pensjonstrekk er eit relativt høgt lønsoppgjer og høg prisvekst. Auka pensjonskostnader skal i teorien kompensereast gjennom auka rammetilskot, men auka pensjonspremie (faktisk innbetaling) og premieavvik påverkar likviditeten til kommunen i stor grad.

Kraftinntekter

Kraftmarknaden i 2023 var som føregående år prega av historisk høge prisnivå, men noko lågare enn rekordnivået ein såg i 2022. Prisskilnadene i Noreg har vore store, med meir normale prisar i nord, og svært høge prisar i sør. Dette skuldast mellom anna låg overføringskapasitet mellom nord og sør i Noreg, men også mellom Sverige og Noreg. Fleire aktørar arbeider no med tiltak som skal betre overføringskapasiteten. I tillegg er utanlandskablane frå Noreg til kontinentet linka til sør-Noreg, men sjølv utan desse kablane ville ein sett eit mykje høgare prisnivå i sør enn i nord.

Noreg er dela inn i 5 kraftområder, og Vinje si kraft ligg i området kalla NO2. Dette området har hatt dei høgaste prisane gjennom 2023. Gjennomsnittsprisen for NO2 i 2023 var omlag 91 øre/KWh. Dersom ein tek omsyn til at kommunen får tildelt kraft over månadsblokkmodellen (meir volum om vinteren) var korrigert gjennomsnittspris i 2023 på omlag 94 øre/kWh. I opprinneleg budsjett for 2023 vart det lagt til grunn ein forventa pris på omlag 150 øre/KWh, og det var basert på dette høge prisnivået at kommunen vart førespegla eit trekk i rammetilskotet med kr 46,5 mill. Kraftmarknaden fall utover året og revidert budsjett tok utgangspunkt i ein forventa pris på 106 øre/kWh. I nysaldering av statsbudsjettet vart trekket i rammetilskot i sin heilskap reversert. Kommunens faktiske oppnådde pris på sal av kraft landa på omlag 109 øre/KWh, som altså er 18 øre/kWh over spotmarknaden. Det er viktig med stabile og føreseielege inntekter for kommunen, og difor var ein god del av volumet sikra for 2023 på førehand. Kostnader med kraftkjøp har tidlegare år vore omlag 11 øre/KWh for særavtalekrafta og omlag 13 øre/KWh for øvrig konsesjonskraft. Grunna den spesielle kraftsituasjonen dei siste åra har ein fått betalt for å mate straumen ut på nettet (istaden for å betale for dette), som har resultert i at kostnader med kraftkjøp er noko lågare i 2022 og 2023. Netto inntekter frå sal av kraft utgjorde totalt kr 121,9 mill i 2023 (etter at etteroppgjeret er trukke frå).

Vinje kommune melder kvart haust om forventa forbruk komande år. Hausten 2022 meldte Vinje kommune om eit forventa forbruk i 2023 på 136,4 GWh, som var i tråd med prognoser frå dei lokale kraftlaga. Kraftlaga varsla derimot hausten 2023 om ein betydeleg reduksjon i straumforbruket i kommunen, og antyda eit endeleg forbruk rundt 122 GWh. Dette skuldast naturlegvis høge prisar, og både hus, hytter og næringsliv har endra forbruksmønsteret sitt. I tillegg spelar ver og temperatur inn på forbruket, og endelege forbrukstal frå kraftlaga viser derimot at forbruket har auka att utover hausten og vinteren. Det totale forbruket i kommunen i 2023 enda på nær 132 GWh. Samanlikna med eit totalt forbruk på 122 GWh i 2022, ser me altså ein auke i 2023 med 8 %.

Vinje kommune har avtale med Konsesjonskraftstyret i Telemark (KKST) som mellom anna seier at den kraftmengda kommunen ikkje sjølv brukar skal gå til fylket. Forventa forbrukstal blir lagt til grunn, og i etterkant skjer det ei avrekning når endelege forbrukstal er klare. Basert på at kraftlaga hausten 2023 meldte om betydeleg reduksjon i forbruket, så resulterte dette i eit forventa etteroppgjer mellom kommunen og fylket på omlag kr 12 mill, som vart sett av i revidert budsjett. Når ein no har endelege forbrukstal klare, er dette etteroppgjeret redusert til kr 3,8 mill. Avrekningsbeløpet mellom fylket og kommunen var på heile kr 34,2 mill i 2022.

Som del av avtala med KKST får Vinje kommune att delar av inntekta knytt til den kraftmengda kommunen overlet til fylket. I 2023 har kommunen fått ei inntekt herifrå på omlag kr 52 mill, og summen blir avsett til næringsfondet. I tillegg fekk kommunen godskrive kr 23 mill som fylgje av rekneskapsavrekningar for 2022 (knytt til etteroppgjeret mellom kommunen og fylket / KKST, samt at KKST leverte eit mykje betre resultat enn revidert budsjett tok høgde for).

Konsesjonsavgiftene utgjorde kr 29,1 mill, medan eigedomsskatten utgjorde kr 68,7 mill. Naturressursskatten er også relatert til kraftutbygginga, og utgjorde kr 37,3 mill.

Samla netto inntekter relatert til kraft utgjorde i 2023 kr 332,4 mill, som er 38 % av totale brutto driftsinntekter.

Det er utbetalt kr 6,5 mill i straumstønad til næringslivet for 2023, og kr 25 mill i innbyggartilskot i 2023.

Rente- og finansinntekter


Vinje kommune har i fleire år plassert overskotslikviditet i Nordea, i tillegg til å ha drifts- og kapitalkonti i DNB og Tinn Sparebank. Hausten 2023 inngjekk kommunen avtale med Bergen Capital Management AS om finansforvaltning, og selskapet overtok for Nordea 1. september.

Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 3 månaders NIBOR, og gjennomsnittet i 2023 for 3 månaders NIBOR var på 4,16 %. Rentenivået har auka kraftig gjennom året, og 3 månaders NIBOR gjekk frå 3,27 % til 4,71 % gjennom året. I 2024 er det forventa eit stabilt høgt rentenivå, før ein ser ein reduksjon og stabilisering rundt 3,5 %. Fyrste rentereduksjon er ikkje venta før på seinsommaren.

Renteinntekter i 2023 utgjorde kr 7,5 mill, som er ei auke frå 2022 med kr 2,8 mill. Gjennomsnittleg hadde kommunen kr 186 mill på konto og i fond gjennom 2023, samanlikna med kr 207 mill i 2022. Mot slutten av året fall likviditeten monaleg, og ved årsslutt hadde kommunen kr 108 mill i fri likviditet. Dersom rentenivået hadde auka med ytterlegare 2 % ville renteinntekter auka med kr 2,7 mill.

Kommunen fekk utbetalt utbytte frå VTK med kr 17,1 mill i 2023.

Kommunens plassering i Nordea og seinare i Bergen Capital Management AS har gitt ei samla avkastning på kr 3,2 mill eller 5,8 % i 2023. Kommunen har i tråd med finansreglementet valt ein relativt låg risikoprofil på portefølja, der 80 % er plassert i obligasjonsfond og 20 % i aksjefond. Marknadsverdien av portefølja vår var pr 31.12.2023 på kr 55,3 mill. Ein stresstest av portefølja vår viser at dersom rentenivået stig med 2 % og norske og globale aksjar fell med høvesvis 30 % og 20 %, så ville eit samla potensielt verdifall utgjere kr 3,5 mill. Behaldninga er fordelt slik det går fram av finansreglementet at skal vere ein "normal"-situasjon, og fordelinga ser slik ut:



Aksje- og rentemarknaden i 2023, oppsummert av Bergen Capital Management AS:

2023 var eit innhaldsrikt år i finansmarknadene, og var sterkt prega av mykje usikkerheit rundt geopolitiske spenningar og inflasjon. Sentralbankar verden over fortsette trenden frå 2022 ved å auke styringsrenta for å bekjempe inflasjonen. Sjølv med mykje usikkerheit blei den makroøkonomiske utviklinga globalt sterkare i 2023 enn kva ein venta ved inngangen av året. Den økonomiske veksten blei god, og inflasjonen kom noko ned. Meir og meir tyder også på at rentehevingane til sentralbankane er over og stadig fleire marknadsaktørar byrjar å snakke om rentekutt i løpet av 2024. Forventninga til rentekutt kombinert med god innteningsutvikling førte til sterke aksjemarknader i 2023. Store framskritt innan kunstig intelligens bidrog til kursfest for ei rekke teknologiaksjar. Geopolitiske spenningar, som krig i Ukraina og Midt-Austen, sende oljeprisen til nesten \$95, før den raskt fall tilbake og har ligge stabilt i intervallet \$75-\$85 sidan. Trass i aukande grad av eskalering, samt nye angrep i Suez-kanalen, har ikkje dette ført til den oljeprisoppgangen ein hadde sett for seg. Sjølv i ein periode med relativt høg oljepris, har den norske krona svekka seg monaleg mot både USD og EUR. Norges Bank la stor vekt på ein svak kronekurs då dei heva renta med 25 punkt i desember, ettersom ei svak krone gir opphav til importert inflasjon. Ein relativt høg oljepris gjennom året og ei svak krone resulterte i kursoppgang for Oslo børs. Rentemarknaden har også levert god avkastning i 2023. Eit jamnt over høgt rentenivå, med

sterkt fallande renter på slutten av året, bidrog til dette. Høge renter ga også problem for rentemarknaden. Silicon Valley Bank, ein middels stor amerikansk bank, gjekk konkurs i mars. Finansuroen heldt fram då investorane mista tilliten til Credit Suisse. Dette førte til at dei lange rentene korrigerte noko ned i mars. Også eigedomsmarknaden har slitt med høgare renter - monaleg auke i finansieringskostnadene og fallande verdiar har gjeve utfordringar for mange selskap. Rentene toppa ut i oktober – her hadde rentemarknaden no bestemt seg for at kampen mot inflasjonen var vunne, og når FED ikkje prøva å tale imot marknaden fall dei lange rentene eit heilt prosentpoeng og drog med seg både norske-, svenske- og eurorentene i ein god utforbakke. Denne nedgangen i rentene på tampen av året samt reduserte kredittpåslag førte til god avkastning for samtlige renteinvesteringar. Me oppsummerer året med fylgjande data per 31.12.23:

Amerikansk 10-åring ligg på 3,88 %

Norsk 10-åring ligg på 3,26 %

Norsk 10 års swap er på 3,13 %

Oljeprisen er på 77,04 USD

OSEBX enda opp 9,89 % i 2023


S&P 500 enda opp 24,23 % i USA

NASDAQ enda opp 43,7 % i 2023

Investeringar

Vinje hadde også i 2023 høg aktivitet på investeringsfronten, sjølv om nokre prosjekt hadde noko lågare framdrift enn budsjettert for. Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen vidare ned ser ein som vanleg at investeringar i anleggsmidlar er dominerande også i 2023 og utgjør nær 70 %.

Utlån av startlån utgjorde kr 10 mill, betalte avdrag på startlån kr 2,2 mill og kjøp av aksjar kr 36,3 mill (Qmatec, Mobø, AIR og eigenkapitalinnskot i KLP).



Det vart investert for kr 108,3 mill i anleggsmidler i 2023, mot kr 88,8 mill året før.

Det har vore høg aktivitet innanfor både vatn/avløp, bygg og vegar. Kommunen merkar prisauken på varer og tenestar, men greier stort sett å styre dei fleste prosjekta innanfor vedtekne rammer.


GS-veg Øy fjell vart ferdigstilt på slutten av året og detaljprosjektering av GS-veg Austbø starta opp då reguleringsplanen vart ferdig mot slutten av året. I tillegg har ein gjennomført beredskapstiltak langs den kommunale Berdalsvegen med hogst og nytt rekkverk.

På kommunale bygg starta ein opp med rehabilitering og påbygg av Rauland omsorgssenter. Dette vil stå ferdig våren 2024. I tillegg har ein gjennomført ein del forprosjekt knytt til Norheimstunet, Rauland skule, Åmot småskule, Vinjehuset og Edland barnehage. Vidare er taket på kommunehuset oppgradert med isolering, ny tekking og solcellepanel, og Vinjar med heis og nytt tak.

Innom vatn/avløp har ein ferdigstilt ledningsnettarbeid i Åmot, bygd ny pumpestasjon i Slobrekk (Edland) og etablert veg, vatn og avløp til 8 nye bustadtomter i Juvbakk (Åmot).


Arbeid med aktivitetsparken i Edland, Reinsparken, har vore gjennomført og pump track vart ferdigstilt i 2023. Desse arbeida vil halde fram i 2024.

Årsmelding 2023




Rauland omsorgscenter - del som syner utvida dagsenter

Gjennomsnittleg lånefinansiering siste 5 år er 44 %. I 2023 vart det berre teke opp lån i samband med overtaking av 8 Boinnova-leiligheter i Haukeli.



Gjeld


Gjennom året har gjennomsnittrenta på gjeldsportefølja auka, og vekta gjennomsnittrente for året hamna på 3,3 %. Gjelda til kommunen har vorte redusert med ca kr 28,9 mill, medan renteutgiftene har auka med ca kr 7 mill i 2023 samanlikna med 2022.



Gjelda har vore høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. Økonomiplanen viser også ei auka gjeldsmengde i åra framover. I forvaltinga søkjer ein å oppnå stabile renteutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av handlingsrommet mellom fast/flytande rente og korte/lange lån. Rentenivået på låneportfølja er i tråd med og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til krava i finansreglementets utgjer største enkeltlån (NOK 142 mill) 22 % av total lånegjeld, som er innanfor kravet om max 30 %.

Forfallsstrukturen går fram av figuren under:

Kapitalbinding i % av portefølja




Finansreglementet set krav om at maksimalt 40 % (normalsituasjon) av gjeldsportefølja skal forfalle i løpet av dei næraste 12 mnd. Ved årsskiftet ser ein av figuren over at dette talet var 28 %.

Gjennomsnittleg gjenverande rentebinding skal vera mellom 1 og 4 år, og var ved årsskiftet 1,09. Fastrentedelen skal vere på minimum 25 % og var ved årsskiftet på 42 %.

Kommunen hadde ved årets utgang plassert sine innlån i fire låneinstitusjonar, i tillegg til Husbanken, som går fram av figuren under:

Motpartsoversikt




Utestående gjeld ved årsskiftet var kr 655 mill. I prosent av brutto driftsinntekter utgjør gjelda 74 %. Dersom ein trekkjer frå gjeld relatert til investeringar innan sjølvkostområdet for vatn og avløp, samt startlån til Husbanken, og trekkje ut driftsinntekter knytt til sjølvkostområdet, får ein eit korrigert forholdstal mellom gjeld og brutto driftsinntekter på 42 %.

Under følgjer ein oversikt over gjeldsutviklinga, basert på vedteken økonomiplan for 2024 - 2027:

	2023	2024	2025	2026	2027
Saldo 01.01	683 753	654 834	700 884	697 634	735 184
Låneopptak	9 527	76 800	30 500	74 100	25 900
Avdrag	38 446	30 750	33 750	36 550	39 350
Saldo 31.12	654 834	700 884	697 634	735 184	721 734

Fondsmidler

Fondsbeholdninga har vorte redusert frå ca kr 223 mill i 2022 til kr 155 mill i 2023. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år, og både bundne og ubundne fond. Figuren under baserer seg på note 7 i årsrekneskapen.



Hovudårsaka til reduksjonen i fondsbeholdning er eit høgt driftsnivå og eigenfinansiering av investeringane (ingen nye låneopptak utanom overtaking av Boinnova-låna). Disposisjonsfondet vart redusert med ca kr 40 mill gjennom året, medan konsesjonsavgiftsfondet vart auka med kr 3,5 mill. Næringsfondet vart redusert med kr 23,7 mill, medan Kraftfond Møsstrand auka med omlag kr 1,3 mill. Pensjonsfondet har framleis saldo på kr 7,5 mill og skal nyttast til framtidig auke i pensjonsutgifter.

Status for 2023 og utvikling framover i dei ulike fonda er synt under. Tabellane er basert på vedteke økonomiplan for 2024 - 2027 og eventuelle politiske vedtak fatta i 2024.

KONSESJONSAVGIFTSFOND	2023	2024	2025	2026	2027
Disponibelt 1.1.	28 077	31 604	14 265	14 813	15 361
Inntekter	32	28	28	28	28

Årsmelding 2023

	766	850	850	850	850
Overføring - kraftfond Møsstrond	428	428	428	428	428
Bruk drift	7 874	10 374	7 874	7 874	7 874
Bruk investering	20 937	35 387	20 000	20 000	20 000
Disponibelt 31.12	31 604	14 265	14 813	15 361	15 909

NÆRINGSFOND	2023	2024	2025	2026	2027
Disponibelt 1.1.	35 487	11 743	14 173	23 063	28 953
Inntekter	75 300	42 400	28 000	25 000	20 000
Bruk drift	52 082	32 507	9 110	9 110	8 860
Bruk investering	46 962	7 463	10 000	10 000	10 000
Disponibelt 31.12	11 743	14 173	23 063	28 953	30 093

KRAFTFOND - MØSSTROND	2023	2024	2025	2026	2027
Disponibelt 1.1.	25 128	26 391	26 819	27 247	27 675
Inntekter/avkastning	835	1 200	1 100	1 000	1 000
Del av konsesjonsavgifter	428	428	428	428	428
Bruk drift		1 200	1 100	1 000	1 000

Disponibelt 31.12	26 391	26 819	27 247	27 675	28 103
--------------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------


DISPOSISJONSFOND	2023	2024	2025	2026	2027
Disponibelt 1.1.	86 888	35 354	9 651	9 651	9 651
Inntekter	39 633				
Bruk drift	76 094	25 703			
Bruk investering	15 073				
Disponibelt 31.12.	35 354	9 651	9 651	9 651	9 651

PREMIEFOND	2023	2024	2025	2026	2027
Disponibelt 1.1	0	7 500	11 300	11 300	11 300
Inntekter	7 500	3 800	0	0	0
Disponibelt 31.12.	7 500	11 300	11 300	11 300	11 300

Tal i tabellane for 2024 og framover er oppdatert etter kommunestyret sine vedtak i møtet 18.juni.


Likviditet

Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon gjennom 2023. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca kr 187 mill innestående på konto, som inkluderer den plasserte overskotslikviditeten som har marknadsverdi på kr 55,3 mill forvalta av Bergen Capital Management AS. Gjennomsnittslikviditeten er kr 20 mill lågare enn 2022. Hovudgrunnen til dette er mellom anna utstrakt bruk av fond og eigenfinansiering av investeringane (ingen nye låneopptak utanom overtaking av Boinnova-låna). Figuren under gjev eit bilete på likviditetssituasjonen siste dato i kvar månad dei siste tre åra. Hausten 2023 fall likviditeten ein god del.



Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er noko lågare enn i 2022. Anleggsmidlar har auka med ca kr 157 mill, medan omløpsmidlar er redusert med ca kr 89 mill. Totalkapitalen er på omlag kr 2,6 mrd og har auka med omlag 3 % eller kr 68 mill i løpet av 2023.



Finansielle måltal

Kommunestyret har vedteke desse tre finansielle måltala:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera høgare enn 1,75 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2023 er 4,5 % og såleis godt over kravet.
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter skal vera høgare enn 5,0 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2023 er 6,2 % og såleis godt over kravet.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera mindre enn 100 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2023 er 68 % og såleis godt under kravet.

Som nemnt tidlegare har kommunen hatt høge kraftinntekter, som er hovudårsaka til det gode driftsresultatet. Gjennom 2023 har driftsnivået vore høgt og det har vorte fatta mange vedtak som inneber fondsbruk. Samla mindreforbruk knytt til årsavslutninga er i sin heilskap sett av til disposisjonsfond, men det er naudsynt å løyve opp att store delar av dette ettersom midlar er bunde opp i framtidige utbetalingar.

Netto lånegjeld har i mange år vore høg grunna høg investeringstakt, men det er viktig å merke seg at ein stor del er knytt til sjølvkostområda for vatn og avløp. Dersom ein trekkjer frå gjeld relatert til slike sjølvkostinvesteringar, samt trekkjer frå startlån til Husbanken, og trekkjer ut driftsinntekter knytt til

sjølvkostområdet, får ein eit korrigert forholdstal mellom netto lånegjeld og brutto driftsinntekter på 42 %.

Vinje samanlikna med andre kommunar - KOSTRA


Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan nyttast til direkte samanlikning av kommunar. Systemet blir kalla KOSTRA. Me vil gi eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe kommunar (KOSTRA-gruppe 6) i tillegg til nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA-gruppe 6 består av kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, der kommunane har middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter per innbyggjar. KOSTRA seier noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrad fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis me ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan rapportere inn endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni. Tabellen under "Sentrale kapittel" som omtalar KOSTRA-tal er henta frå den førebelse rapporteringa.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar.

Driftsinntekter fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei litt anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane me samanliknar oss med. Både rammetilskot og skatteinntekter er noko lågare, målt som del av totale inntekter, medan sals- og leigeinntekter utgjer relativt meir for Vinje sin del enn for andre samanliknbare kommunar. Me har ei høgare inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke og Tinn. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.




Brutto driftsutgifter fordelt på ulike tenester

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane opp mot kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.

Vinje skil seg i noko grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Me ligg høgare enn kommunane me samanliknar oss med på vatn/avløp/renovasjon/avfall og plan/byggesak/miljø, næringsforvaltning og barnehage. Innom grunnskule ligg Vinje noko lågare enn samanliknbare kommunar, og innanfor helse og omsorg ligg Vinje toleg likt med Tokke, medan andelen er lågare enn i Tinn og samanliknbare kommunar. Vinje sin andel innom helse og omsorg er noko høgare enn i 2022. Kultur har noko lågare andel enn Tokke og Tinn, men har auka samanlikna med 2022. Utgifter til administrasjon ligg lågare enn Tokke og KOSTRA-gruppe 6, og ligg på same nivået som i 2022. Under «Fellesutgifter» finn me mellom

anna konsesjonskraft som utgjør hovuddelen av dette talet. Det er grunn til å tru at den førebelse KOSTRA-rapporteringa inneheld feil med omsyn til barnevern (Kviteseid er vertskommune for barnevernsamarbeidet) og sosialsektoren (Tokke er vertskommune for NAV).

Driftsutgifter i % fordelt på tenest



Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere med at tenestetilbodet i Vinje framleis er godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester må ein sjå i samanheng med at det er gjort eit bevisst val på ein desentralisert struktur på fleire område.

Vesentlege avvik - beløp og premissar

I tråd med ny kommunelov og tilhøyrande forskrifter skal det rapporterast på vesentlege beløpssmessige avvik mellom årsrekneskap og årsbudsjett, i tillegg til at det skal rapporterast på vesentlege avvik frå kommunestyrets premissar for bruken av løyvingane.

Fylgjande beløpsmessige avvik mellom årsrekneskap og årsbudsjett blir vurdert som vesentlege:

- Rammetilskotet vart kr 3 mill høgare enn budsjettet. Kommunen har halde seg til KS sin prognose-modell. Hovudårsaka til auken er knytt til inntektsutjamninga i inntektssystemet, som kompenserer for nedgangen i skatteinntekter (sjå neste punkt).
- Skatteinntektene vart omlag kr 1,5 mill lågare enn budsjettet og skuldast noko svakare vekst mot slutten av 2023. Dette vart likt for alle kommunane i Noreg, og Vinje kommune kom betre ut enn gjennomsnittet som låg til grunn for KS sin prognosemodell. I tillegg fekk me ein nedgang i naturressursskatten med kr 1,8 mill, som skuldast lågare kraftproduksjon ved nokre av kraftverka. Vasskraftproduksjonen på landsbasis var 10 % lågare enn føregåande år, og særleg kraftverka i sør-Noreg har erfart stor nedgang. Det er fyrste gong på svært mange år at ein ser ein nedgang i naturressursskatten.
- Netto inntekter frå sal av eiga kraft vart kr 11 mill høgare enn budsjettet. Hovudårsaka til dette er endelege tal frå kraftlaga som viser ein mindre forbruksreduksjon enn det som vart varsla hausten 2023, og såleis eit mindre etteroppgjer mellom kommune og fylket enn det som vart tatt høgde for i budsjettjusteringar av 2023-budsjettet.
- På KKST sitt styremøte i desember vart det lagt fram revidert budsjett som er nytta som grunnlag i rekneskapsavslutninga. Endeleg avrekning mellom KKST og kommunen kjem fyrst i juni 2024, så enno er det knytt usikkerheit til kva den endelege inntekta for 2023 blir.
- Renteutgifter vart kr 520.000 lågare enn budsjettet, som skuldast tidspunktet for rentehevingar og tidspunktet for kommunen refinansiering av lån.
- Renteinntekter vart kr 1 mill lågare enn budsjettet, ettersom saldoen på innskot vart kraftig redusert utover hausten. Kommunen får ein del inntekter mot slutten av året, medan drifts- og investeringsutgiftene heldt seg jamnt høge.
- Avkastning på portefølja plassert gjennom Bergen Capital Management AS vart kr 820.000 høgare enn budsjettet. Årsaka er at aksje- og obligasjonsmarknaden auka meir enn venta utover hausten.
- Integreringstilskotet vart kr 4,3 mill høgare enn budsjettet. Alderssamansetjinga av flyktingane me tek imot avgjer storleiken på tilskotet, i tillegg til at det vart løyvd ekstra tilskot for kvar flykting kommunen tok imot.
- Netto premieavvik (summen av årets og amortisert premieavvik) inkludert arbeidsgjevaravgift og andre pensjonsavrekningar utgjorde tilsaman ei inntekt i 2023 på kr 13,4 mill. Det er ikkje budsjettet med denne storleiken, men som i fjor kjem rådmannen til å gjere framlegg om å setje av store delar av beløpet til kommunens pensjonsfond.

Under kvart tenestoområde/verksemd er det rapportert status på alle økonomiplantiltak som det vart løyvd midlar til i budsjettet for 2023. Det er oppgjeve status på tiltaket og eventuelle kommentarar der det er naudsynt. Eventuelle avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av løyvingane kan ein såleis finne under kvart tenestoområde/ verksemd, og eventuelt i teksten til årsmeldinga for kvart tenestoområde/verksemd.

Når det gjeld oppfylgjing av alle politiske vedtak frå dei ulike utvala, så blir det vist til kommunens leiarstøttesystem kalla Bridge. Bridge er ein del av internkontrollen, og her kan ein få oversikt over framdrift og status på alle vedtak som er fatta i kommunestyret, formannskapet, plan- og miljøutvalet samt oppvekst- og velferdsutvalet. Lenke til dette systemet finn ein her:

<https://www.vinje.kommune.no/oppfylgning-av-politiske-vedtak.538277.nn.html>.

Hendingar etter rekneskapsårets slutt

Kommunestyret vedtok i samband med budsjetthandsaminga å betale ut eit innbyggjartilskot per husstand på kr 6.000 for 2024. I mars vart det utbetalt totalt 1.711 innbyggjartilskot som utgjorde kr 10,3 mill. Straumstøtte til næringslivet for 4. kvartal 2023 vart utbetalt i februar og utgjorde kr 1,7 mill.

Krigen mellom Russland og Ukraina har medført ei stor flyktningkrise, og kommunestyret vedtok i februar at Vinje kommune skal ta imot inntil 40 flyktningar i 2024. Kommuneorganisasjonen bur seg på mottak av fleire flyktningar, og kartlegging av tilgjengelege bustader i kommunen samt auka ressursbehov i dei ulike tenesteyrmda er under kontinuerleg vurdering. I tråd med kommunestyrevedtaket arbeider administrasjonen med vurderingar av nytt lokale til vaksenopplæringa.

Kommunestyret vedtok i mars at anbodskonkurranse knytt til kraftforvaltning skal gjennomførast våren 2024 i tråd med kraftreglementet. Dette arbeidet blir starta på etter påske.

Same dag som budsjettet for 2024 vart vedteke, slutta ventilasjonsanlegget på Vinjehuset å fungere, og konklusjonen er at hovudaggregatet frå 1984 må bytast ut. Bassenget har vore stengt sidan då. Kommunestyret vedtok i februar å flytte budsjettmidlar mellom prosjekt, for å kunne opne bassenget att så snart som råd. Det er venta at bassenget blir opna att til skulestart.

Medarbeidarar og organisasjon

Service og informasjon

Det er viktig å yte god service og gi informasjon til alle me er i kontakt med. Me ynskjer at dei som tek kontakt med kommunen skal oppleve at dei får ei hyggeleg og hjelpsam mottaking. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange verksemdar i kommunen, samt møte publikum både på kommunehuset, over telefon og via e-post og sosiale media. Det er eit stort fokus på tilgjengelegheit, effektivitet, tydelegheit og kvalitet.

Informasjon og kommunikasjon er eit område me har utvikla i 2023 ved å tilsette ein kommunikasjonsmedarbeidar. Målsetjinga for etablering av stillinga var å kunne ha større fokus på og profesjonalisering av kommunikasjonsarbeidet. Som eit ledd i kommunikasjonsarbeidet, vart innbyggjarappen Civis innført i 2023. Civis er ein nasjonal innbyggjar-app som samlar alle kommunane i landet i éin og same applikasjon. Dette sikrar innbyggjaren enkel tilgang på informasjon og digitale sjølvbeteningsverktøy på mobiltelefonen, medan kommunane kan distribuere målretta informasjon til innbyggjarane sine basert på valde kategoriar. Appen vart innført i byrjinga av desember med mål om 500 brukarar innan årsskiftet. Dette overgjeikk me, og innan utgangen av året hadde me omlag 2.000 brukarar!

Medarbeidarutvikling

Medarbeidarundersøking

10-faktor er eit anerkjent digitalt utviklingsverktøy som blir nytta av både kommunale og private verksemdar. Medarbeidarundersøkinga er i tråd med KS' arbeidsgjevarpolitiske satsing «[Skodd for framtida](#)» og er eit sentralt verktøy for utvikling i KS' «[Guide til god leiing](#)». Dei ti faktorane er viktige innsatsfaktorar for å oppnå målet til organisasjonen og kvalitet på tenestene.

Kommunen gjennomførte 10-faktor-undersøkinga i oktober 2023 og det går føre seg ein prosess med å sjå på forbetningsområde i etterkant av dette knytt til leiing, arbeidsmiljø og nærværarbeid. HR hjelper til med leiarstøtte og har eit overordna ansvar for å koordinere arbeidet.

Opplæring for nytilsette

For å bidra til å bygge kultur og gje nytilsette ein best mogleg start i organisasjonen har me vidareutvikla kurset for nytilsette. Dette får me gode tilbakemeldingar på. Ein god og profesjonell oppfølging av nytilsette aukar våre moglegheiter til å halde på tilsette og tiltrekke oss nye. Det er gjennomført to obligatoriske samlingar årleg for opplæring av alle nytilsette.

Etikk i kvardagen

Etikk er eit fokusområde for alle nytilsette og er noko me drøftar på våre kurs for nytilsette. I kommunens Arbeidsgjevarpolitiske plattform (2019-2023), er etikk og samfunnsansvar trekt fram som innsatsområde. Etisk refleksjon blir gjennomført innan dei ulike fagmiljøa.

I kvardagen har etisk refleksjon ein større og større plass. Målet med etisk refleksjon er mange, og ein kan nemne:

- Å bli betre rusta til å møte etiske dilemma i kvardagen
- Auka tryggleik i jobben
- Auka medvit og handtere utfordrande situasjonar på ein betre måte

Vinje kommune har vedteke etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde og legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve desse grunnleggjande prinsippa.

Vinje kommunes politikarar og leiarar er melde inn i KS' styrevervsregister, som blir oppdatert automatisk mot opplysningar i Einingsregisteret. Det er viktig med gode rutinar for dette for å motverka habilitetskonfliktar og uetisk åtferd.

Mangfald, likestilling og heiltidskultur

I kommunens Plattform for arbeidsgjevarpolitikk blir likestillings- og mangfaldsperspektivet nemnt gjennomgåande i heile dokumentet. I tillegg er det eit eige satsingsområde for mangfald og inkludering. Det er eit mål at Vinje kommunes medarbeidarar skal spegle mangfaldet i Vinjesamfunnet.

LIKESTILLING

Vinje kommune har som mål å arbeide aktivt for ein jamnare kjønnsbalanse, mindre lønsskilnader mellom kvinner og menn, samt auka stillingsstorleikar. Det blir arbeidd bevisst og langsiktig med å auka delen av underrepresenterte kjønn innanfor kvart tenesteområde.

I rådmannens leiargruppe er det 4 menn og 3 kvinner, og blant verksemdsleiarane våre er det 4 menn og 9 kvinner.

I tabellen under ser me at organisasjonen er dominert av kvinner, noko som er gjeldande for alle sektorar utanom teknisk sektor. Me har iverksett tiltak for å auke talet på menn i organisasjonen, ved m.a. å føretrekke ein mannleg søker der kandidatane stiller likt kvalifikasjonsmessig (kjelde PAI 2023).

Sektor	Tal		Del (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	517	172	75	25
Sentraladministrasjonen	35	18	66	34
Oppvekst	206	51	80	20
Skuleadministrasjon	36	16	69	31
Grunnskule	56	15	79	21
Barnehagar	98	12	89	11
SFO	7	0	100	0
Øvrig oppvekst	9	8	53	47
Helse/sosial	253	38	87	13
Administrasjon	12	2	86	14
Alm helsevern	40	9	82	18
Alders- og sjukeheim	62	7	90	10
PU	38	9	81	19
Heimehjelp/sjukepleie	85	6	93	7
Andre verksemdar	16	5	76	24
Kultur	11	8	58	42
Teknisk sektor	11	46	19	81
Ymse	1	11	8	92

DELTID

Ei vesentleg utfordring når det gjeld likestilling i kommunal sektor er fordelinga av deltidsarbeid mellom menn og kvinner. Dette kjem fram i tabellen under (kjelde PAI 2022).

Omlag 50 % av alle kvinner arbeider deltid. Omlag 40 % av menn arbeider deltid. Dette er omtrent uendra frå 2022.

		Årstall			
		2021		2022	
Stillingsstørrelse per ansatt	Kjønn	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	75	11,9	58	
	Kvinner	53	10,8	40	
	Menn	22	15,8	18	
25 - 49,9%	Kvinner og menn	34	5,4	49	
	Kvinner	24	4,9	40	
	Menn	10	7,2	9	
50 - 74,9%	Kvinner og menn	94	14,9	95	
	Kvinner	79	16,1	77	
	Menn	15	10,8	18	
75 - 99,9%	Kvinner og menn	133	21,1	130	
	Kvinner	117	23,8	114	
	Menn	16	11,5	16	
100%	Kvinner og menn	295	46,8	322	
	Kvinner	219	44,5	229	
	Menn	76	54,7	93	

LØNSSKILNADER

Kommunens største utfordring i likestillingsarbeidet er truleg den kjønnsdelte arbeidsmarknaden og det at fleire kvinner enn menn arbeider deltid. Vidare arbeid med heiltidskultur vil difor vere ein viktig faktor i det likestillingspolitiske arbeidet i kommunen. Som det kjem fram av tabellen under, tener kvinner 93,3 % av det menn gjer i kommunen. Dette skuldast særleg to høve:

- Fleire kvinnelege tilsette arbeider deltid
- Det er relativt sett fleire menn i dei best betalte stillingane i kommunen

Tala under uttrykkjer kva kvinners løn som del av menns løn ville vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverkfordeling innanfor variablane det er justert for. Det er tala som er justert for stillingsgruppe eller stillingskode som bør brukast som mål på kjønnskilnad i løn. Desse tala held i stor grad utanfor den delen av lønsskilnaden som skuldast ulike yrkesval.

	Årstall				
	2021		2022		2023
Justert for	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns
Ujustert	89,2	90,9	89,9	90,8	90,8
Alder	89,2	90,9	89,9	90,8	90,8
Stillingsgruppe	95,1	98,2	95,6	97,7	97,7
Stillingskode	96,2	98,8	96,7	98,4	98,4
Utdanning	88,2	92,1	88,0	91,8	91,8

HEILTIDSKULTUR

Vinje kommune satsar på ein sterk heiltidskultur. Heiltidsval er også lyft fram som ei nasjonal politisk målsetjing. Høg prosent med deltidstilsette er ein av dei største utfordringane me kan ha som arbeidsgjevar. Å byggje heiltidskultur inneber å tenkje nytt kring korleis tenestene og arbeidstida organiserast. I hovudsak skal alle stillingar utlysast som 100% stilling.

Heiltid er viktig både arbeidsmiljømessig, samfunnsøkonomisk og frå eit likestillingsperspektiv. Ein heiltidskultur er avgjerande for å:

- Sikre kvalitet i tenestene
- Fremme kommunane som ein attraktiv arbeidsgjevar
- Utnytte kompetent arbeidskraft potensiale
- Fremme eit godt og lærande arbeidsmiljø, noko som frigir tid til leing

Forskning viser at meir heiltid gir betre kvalitet på tenestene, auka effektivitet og betre arbeidsmiljø. Samstundes ser me at det vil vere større behov for arbeidskraft i åra som kjem.

Vinje kommune vart med i TØRN-prosjektet som har særleg fokus på å sjå på oppgåveorganisering og arbeidstid. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom rett kompetanse til rett tid – og med heiltidskultur i botn. TØRN viser til eit tidsbilete der spesielt omsorgssektoren har nådd eit vendepunkt, og der det er heilt naudsynt å ta grep rundt organisering og fordeling av arbeidet og arbeidstida slik at me brukar rett kompetanse til rett tid. TØRN er ei nasjonal satsing, finansiert av helsedirektoratet. Prosjektet er vidare eit tiltak under [Kompetanseløft 2025](#) og er eit verkemiddel for å nå intensjonane i [Leve Hele Livet](#) reforma.

Internkontroll

Kommunelovas § 25-1 krev at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonsverksemda for å sikre at lover og forskrifter blir fylgd. Den skal vere systematisk og tilpassast kommunens storleik,

eigenart, aktivitetar og risikotilhøve. Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetodar og samhandling for å sikre måloppnåing. Internkontrollen i Vinje kommune er risikobasert.

Kunnskapsutvikling og prosessbistand innanfor område som risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) bidreg til å sikre at risiko blir identifisert slik at me gjer ting riktig fyrste gong. Dette hevar både kvaliteten av arbeidet vårt og er omdømmebyggjande. Det har vore stort fokus på gjennomføring av ROS-analyser på område som HMS og arkiv i 2023.

I 2023 byrja me med internrevisjon. Eit 2-årig revisjonsprogram er utarbeidd og det var gjennomført 4 revisjonar i 2023 med tema avviksoppfylging og sjukefråværsoppfylging. Revisjonar vart gjennomført ved Åmot barnehage, sjukeheimen og heimetenesene i Åmot og øvre distrikt. Nokon av revisjonane resulterte i avvik og pålegg med krav om oppfylging. Revisjonsrapportane er drøfta i kommunens kvalitetsutval.

Tilsyn i 2023

Nedanfor er ei oppsummering av tilsyna som har vorte utført i kommunen i 2023.

Tilsyn av vassverk: Mattilsynets drikkevasstilsyn gjennomførte tilsyn med Edland vassverk, Rauland vassverk, Øyfjell vassverk, Åmot vassverk og Oksatjønn vassverk i februar 2023. Tema var hygieniske barrierar i vassbehandlinga, og føremålet var å undersøkje om vassverka har ei vassbehandling som er tilpassa råvatnkvaliteten og at dette er basert på farekartlegginga. Det vart ikkje funne nokon brot på regelverket, og tilsynet konkluderte med at det ikkje var behov for vidare oppfylging.

Tilsyn knytt til arbeid i høgda: Arbeidstilsynet hadde tilsyn på Rauland Omsorgssenter knytt til arbeid i høgda. Arbeidarane var sikra, men valte å ta av seg sikkerheitsutstyr for tidleg etter Arbeidstilsynets syn. Interne prosedyrar og rutinar er oppdaterte, og tilgjengeleg i kommunens kvalitetssystem.

Forvaltningsrevisjon: Vestfold og Telemark revisjon IKS gjennomførte ein forvaltningsrevisjon av anskaffingar og om desse skjer i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar. Revisjonen har sett på m.a.:

- korleis innkjøpsarbeidet er organisert
- kommunen sine rutinar for å sikre at anskaffingsreglane blir fylgde
- innkjøp og bruk av rammeavtalar
- om anskaffingar blir gjort i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar

Konklusjonen er at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at innkjøp skjer i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar og rår til at kommunen syter for at:

- Tilsette har naudsynt kunnskap om anskaffingsregelverk, aktuelle rutinar og verktøy
- Inngåtte rammeavtalar blir nytta
- Det blir inngått rammeavtalar der det er naudsynt

Kommunen har i mars 2024, i regi av Telemark Innkjøpssamarbeid (TIS), halde kurs i regelverket, der også interne rutinar vart gjennomgått. Nytt oppfylgingskurs er planlagt våren 2024.

Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Avonova, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- og HMS-tenester (Helse, Miljø og Sikkerheit). I tillegg til samarbeidet med Avonova har kommunen ei rådgjevarstilling knytt til HMS-arbeid og fråværsoppfylgjing. Denne funksjonen samordnar tenesta, støtter leiarane med oppfylgjing av sjukefråvær, og er bindeledd mellom verksemdene og bedriftshelsetenesta.

Trim og aktivitetskort

Vinjetilsette er enno sprekare og har ny rekorddeltaking med 274 trimmarar i 2023!

Trimordninga frå 2008 har vorte tru tradisjon for tilsette i Vinje kommune. Målsettinga er å motivere på eit lågterskelnivå til å vere i fysisk aktivitet. Som arbeidsgjevar ynskjer Vinje kommune at dei tilsette skal ha ei god oppleving med å vere aktive, noko som har ein førebyggjande helsegevinst og er gunstig for å auke jobbnærværet.

Premiane er gåvekort på 600 og 1.200 kr, som vert nytta på dei lokale sportsbutikkane. I tillegg er det trekking av tre større premiar frå sportsbutikkane og arbeidsgjevar. Kostnadene for ordninga er vel anvendte midlar for å auke trivsel og å vere ein attraktiv arbeidsplass.

Vinnarar i 2023:

1. premie verdt 12.000 kr frå Sport 1 i Åmot er vunne av Ida Reine Sandok, Helse og meistring.
2. premie verdt 10.000 kr frå Vinje kommune er vunne av Reidun Nystog, Kyrkja.
3. premie verdt 6.000 kr frå Rauland fjellsport er vunne av Kristianne Thomassen, Åmot skule.



Frå venstre bak: Eva L. Vistad (personalrådgjevar), Tone Hild Sørland Lyslid (HMS-rådgjevar), Margit Elise Karlsen (organisasjonssjef), Jan Myrekrok (rådmann), Kjersti Torvetjønn (Rauland Fjellsport), Knut seltveit (personalrådgjevar) og Toril H. Kleiv Svalastog (Sport1 Vinje).

Framme frå venstre: Kristianne Thommassen (Åmot skule), Reidun Nystog (Kyrkja) og Ida Reine Sandok (Helse og meistring).

Lærlingar

Vinje kommune blei godkjent som lærebedrift innan kontor og administrasjon i 2023 som ein av tre kommunar i Telemark. Me hadde totalt 4 lærlingar i vår organisasjon i 2023. Dette er noko lågare enn dei 7 som me ynskjer å kunne ta i mot, men det har vore få som søker om plass. Lærlingar er våre potensielle nye medarbeidarar og me ynskjer nye kvart år. Me har hatt lærlingar innan faga helse og meistring, kokkefag, oppvekst og kontor/administrasjon. Ein lærling gjekk opp til fagprøve og besto.

Kommunens Sentralforbund (KS) har som målsetjing å ha to lærlingar per 1.000 innbyggjarar og Opplæringskontoret for Offentleg Sektor (OKOS) har som mål å ha ein lærling per 1.000 innbyggjarar. Vinje kommune oppfyller desse målkrava og har kunne gi tilbod om lærlingplass til dei som har søkt.

Sommararbeid for ungdom

19 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb i 2023 på ulike stader i organisasjonen, kvar av dei hadde arbeid i tre veker. Dette er ein liten nedgang frå 2022 då me hadde 24 ungdommar i sommararbeid. Ordninga er populær og me har mål om å gi alle søkjarar i målgruppa moglegheit for jobb. Dette gir ungdommar moglegheit til aktivitet og inntekt, men er også kommunens moglegheit til å vise at kommunen er en arbeidsplass med varierte og interessante jobbar. Utfordringa har vore at nokon ungdommar takkar nei til tilbodet dersom tidsrom eller lokasjon ikkje passar.

25-års jubilantar og pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag. Festen vart halde på Rauland høgfjellshotell.

Årets pensjonistar



Frå venstre: Rådmann Jan Myrekrok, Anne Berge, Boudewijn Kerssemakers, Pernille Hjelle og ordførar Jon Rikard Kleven.

Ikkje med på bilete: Magne Tveiten, Bjørg Borgersen Vaa, Aase Hovelsrud, Ola T. Skafså, Aud Eva Elgen, Gerda Hommo, Lasse Mathisen, Tone Grethe Svalastoga, Kate Skaug, May Ellen Johannessen.

Årets jubilarar

Jubilarar er arbeidstakarar som har jobba i Vinje kommune i 25 år.



Bak frå venstre: Rådmann Jan Myrekrok, Boudewijn Kerssemakers, Anne Elin Landgård, Helge Ringhus, Arnulf Elgen og ordførar Jon Rikard Kleven.

Framme frå venstre: Britt Marie Staaland, Grete Øien, Dina Tverrås og Jorunn Loftsgarden.

Ikkje med på bilete: Kristin Myrvang, May Ellen Johannessen, Ann Kristin O. Myklebust og Gerd Versto.

Tillitsvalde


I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 13 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 100 %, Utdanningsforbundet 36 % og Norsk sjukepleiarforbund 21,14 %. Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemmar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemmar.

Samrådsmøte

Rådmannen har regelmessige møter med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet for å drøfte status og ulike utfordringar. Saker som vart teke opp omfatta ulike særforhandlingar, arbeidsgjevarpolitikk, aktuell informasjon frå rådmann og problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

Politisk organisering og utval

Vinje kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen. Dette er hovudmodellen i kommunelova, og inneber at formannskapet blir valt av kommunestyret etter partias høvesvise representasjon i kommunestyret. Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er no splitta i to ulike råd.



Kommunestyret

Kommunestyret består av 25 medlemmar, og desse sit i kommunestyret etter valet hausten 2023:



Årsmelding 2023

Framme frå venstre: Suhail Mushtaq, Børge Skårdal, Nils Johan Svalastog Garnes, Jon Rikard Kleven, Bertin Bjåen, Liv Sigrun Nykos Midtun og Ragnhild Sølberg.

Bak frå venstre: Bjarte Hestdalen (vara for Ida Bitustøyl Tveiti), John Kleiv (seinare erstatta av Kjellfrid Neset), Tarjei Urup Helle (seinare erstatta av Øystein Høgetveit), Irja Godal, Tove Bringsvær, Nils-Ole Lien, Knut Erik Jordstøyl, Bjørnar Kalbach Christensen, Åse Versto Kringlegarden, Liv Bente Tvenge, Bjørn Ronny Jervsjø, Åshild Bringsvær-Sunde, Kjetil Nessæther, Kari Omdal Tveito, Kjersti Kaasa, Tone Edland, Ane Killingtveit og Reidun Hyttedalen.

Formannskapet

Formannskapet består etter valet hausten 2023 av Jon Rikard Kleven, Nils Johan Svalastog Garnes, Ragnhild Sølberg, Liv Sigrun Nykos Midtun, Bertin Bjåen, Børge Skårdal og Suhail Mushtaq.

Plan- og miljøutvalet

Plan- og miljøutvalet består etter valet hausten 2023 av John Kleiv (seinare erstatta av Svein Versto), Tone Edland, Kjersti Kaasa, Kjetil Nessæther, Ane Killingtveit, Hans Martin Huse og Irja Godal.

Oppvekst- og velferdsutvalet

Oppvekst- og velferdsutvalet består av Kari Omdal Tveito, Reidun Hyttedalen, Nils-Ole Lien, Åse Versto Kringlegarden, Åshild Bringsvær-Sunde, Øystein Høgetveit og Ida Bitustøyl Tveiti.

Ungdomsrådet

Nye representantar til ungdomsrådet vart valt i februar 2024: Åmund Frantzen, Sunniva Tjønn Jacobsen, Rebecca Bjørnø, Selma Louise Tveiten Eikeland, Kristine Reinsviki, Emma Bråstøyl, Trym-Olav Odden, Margit Kostveit, Thea Elida Aksvik Wienenga og Tarjei Vesaas Tveito.

Eldrerådet

Nye representantar til eldrerådet vart valt i februar 2024: Asbjørn Gardsjord, Ragnfrid Bakken, Knut Arne Midtveit, Inger Johanne Tveito og Øystein Høgetveit (kommunestyremedlem).

Rådet for personar med funksjonsnedsettingar

Nye representantar til rådet for personar med funksjonsnedsettingar vart valt i februar 2024: Endre Kleiv, Ågot Hamre, Marte Heggveit, Knut Dale Nevestveit og Reidun Hyttedalen (kommunestyremedlem).

Regionalt samarbeid

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Vest-Telemark brannvern IKS med sete i Tokke.

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark Helseforetak og kommunane i Vest-Telemark, og er forankra i overordna samarbeidsavtale mellom partane. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag- og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt og satsingsområde. Både samarbeidsavtaler og ulike fora for samarbeid og prosjekt medverkar til gode pasientforløp og styrking av ei samanhengande behandlingsskjede. Arbeidet med desentralisert kreftbehandling og auka kvalitet og samhandling i den akuttmedisinske kjeda er døme på dette.

Vinje kyrkjelege fellesråd

I Vinje har ein i 2023 hatt to prestar. Tor Eivind Erikstein i 100 % stilling som sokneprest i Grungedal og Vinje og Nesland sokn og Nina Kirkerød i 60 % stilling som sokneprest i Rauland og Øyfjell sokn. Nina er og tilsett i 40 % stilling som sokneprest i Tokke.

I Vinje kyrkjelege fellesråd er det tilsette i 8 stillingar som utgjer 5,7 årsverk. Det er 50 % kvinner og menn.

Det var ein auka aktivitet i kyrkjene i høve til 2022. Det var fleire dåpar, fleire gravferder og fleire bryllaup. 14 par valde å gifte seg i 2023.

Viss ein tek med alle arrangement i kyrkjene både forordna gudstenester, kyrkjelege handlingar og kulturarrangement har 10.750 personar vore innom kyrkjedørene. Dette er eit høgt tal. Det ligg ein stor innsats bak, både frå sokneråda, prestar og dei tilsette i fellesrådet. I tillegg er det mange turistar som besøker kyrkjegardane om sommaren.

I 2023 var det jubileumsfeiring ettersom det var 100 år sidan kyrkja på Møsstrand vart reist. 23. og 24. september var det stor kulturfest i kyrkja, jubileumsmiddag på Skinnarbu og jubileumsmesse med biskop Stein Reinertsen tilstades.

7.mai vart det nye inngangspartiet til Vinje kyrkje offisielt opna av ordførar Jon Rikard Kleven. Det er ført opp ei ny bru som gjev ein mykje lettare tilkomst for alle inn i kyrkja. Golv er heva slik at alle no har høve til å kome inn. Det er og laga plass til rullestol.

I dei fire sokna var det 32 konfirmantar i 2023. Konfirmantsamlingane har vore felles på Vinje kyrkjekontor for konfirmantane frå Grungedal og Vinje og Nesland. I Rauland har samlingane vore i kapellet på Raulandshuset, for dei frå Rauland, Møsstrand og Øyfjell. Eit konfirmantår stekker seg over 60 timar.

Konfirmantane legg kvart år ned ein stor innsats når dei deltek i fasteaksjonen og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Kvart år er konfirmantane med på leir frå måndag til fredag, på Gjennestad vidaregåande skole, Stokke. Det er eit høgdepunkt.

Fellesrådet har og eit godt samarbeid med Vinjesenteret. Litteraturgudstenesten i slutten av august er eit godt døme på det.



Frå 100-års jubileumet på Møsstrand

Statistikk

KOSTRA hovudtal

	Vinje 2022	Vinje 2023	Tinn	Tokke	Kostragruppe 06
Prioritet					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	15,1 %	6,9 %	33,7 %	31,2 %	15,2 %
Økonomi					
Brutto driftsinntekter i alt Beløp (1000 kr)	839 957	906 312	890 023	437 215	14 408 636
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,0 %	2,4 %	8,8 %	1,0 %	3,3 %
Frie inntekter i kroner per innbygger	76 584	77 830	76 540	80 909	83 156
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	82,9 %	73,8 %	94,3 %	64,0 %	103,9 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,0 %	4,8 %	13,2 %	6,0 %	3,1 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	166 765	159 519	117 074	105 009	132 144
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	24,1 %	29,2 %	5,7 %	9,8 %	48,4 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Brutto driftsinntekter i alt Beløp (1000 kr)	839 957	906 312	890 023	437 215	14 408 636
Brutto driftsinntekter i alt Beløp (1000 kr)	839 957	906 312	890 023	437 215	14 408 636
Sum driftsinntekter Beløp (1000 kr)	839 957	906 312	890 023	437 215	14 408 636

Utvikling i sjukefråvær

Tabellen under viser utvikling i sjukefråvær frå 2019 til 2023. Trass i at pandemien braut ut i mars 2020, så vart ikkje samla sjukefråvær mykje høgare i 2020 samanlikna med 2019. Når ein ser tala for dei neste åra forstår ein likevel korleis pandemien har hatt stor påverknadskraft. Større endringar i arbeidssituasjon og arbeidsoppgåver, nokre stader omlegging av drifta, arbeid under strenge smitteverntiltak over lang tid og innføring av nye rutinar/retningslinjer har sett sitt preg på arbeidskvardagen. Tidvis høg smitte i samfunnet medførte auka korttids- og langtidsfråvær, relatert til både sjukdom og karantenereglar. Tala for 2023 eit viser eit marginalt høgare fråvær enn 2022, og samla sjukefråvær er på 8,74 %. Korttidsfråværet har gått noko ned, medan langtidsfråværet har auka. Sjukefråværet er nærare omtala under kvart tenesteområde/verksemd. Det er spesielt barnehagane, reinhald, institusjonstenester og heimetenestene som har hatt gjennomgåande høgt fråvær i 2023. Det er ikkje rapportert sjukefråvær som skuldast arbeidsmiljø.

Me har hatt som mål å ha eit nærvær på 95 % eller betre. Mindre enn 92 % er ikkje bra nok. I 2023 hadde kommunen eit totalt nærvær på 91,26 %.

Statistikk viser at einskilde avdelingar har eit høgt sjukefråvær over tid, medan nokon avdelingar har minimalt/ingen sjukefråvær. Erfaringar og forskning syner til at avdelingar som har fokus på nærvær, oppfølging av sjukemeldte og godt arbeidsmiljø, får auka nærvær og redusert sjukefråvær. Som eit ledd i arbeidet med å auke nærværet og sikre støtte til leiarar som har en del sjukefråvær vart det i 2023 innført terskelverdiar for når HR/HMS-avdelinga skal inn og gi støtte.

Grønt	< 6 %	Oppfølging: kva gjer dei verksemdene
-------	-------	--------------------------------------

		som lukkast med grønt nivå over tid?	
		Erfaringsdeling og suksesshistoriar	
Gult	>6-8 %	Oppfølging: HR/HMS-avdelinga kan støtte avdelinga viss dei ynskjer det. Tidleg oppfølging kan forhindre ytterlegare fråvær. Bruke IA verktøykasse	
Raudt	> 8 %	Oppfølging: Avdelingar som har raudt nivå over to tertial får bistand frå HR/HMS-avdeling. Bruke IA verktøykasse. Vurdere bistand frå bedriftshelsetenesta og/eller NAV.	

Dette er eit område som har og vil halde fram med å ha stort fokus.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,77 %	4,50 %	6,28 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,97 %	4,70 %	6,67 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,44 %	5,51 %	7,95 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,72 %	5,94 %	8,65 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,57 %	6,16 %	8,74 %

Samfunns- og folketalutvikling

Utvikling i folketal 4. Kvartal 2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal ved starten av året	3 676	3 756	3 755	3 832
Fødde	35	34	33	36
Døde	23	34	36	45
Fødselsoverskot	12	0	-3	-9
Innvandring	34	46	70	11
Utvandring	4	15	12	11
Innflytting, innanlands	194	162	194	218
Utflytting, innanlands	155	195	172	191
Netto	69	-2	80	27


innvandring og
flytting

Vekst i folketal	80	-1	77	19
Folketal ved utgangen av året	3 756	3 755	3 832	3 851

Alderssammansetjing i kommunen og utvikling framover

Folketalsframskrivingar utført av SSB viser eit toleg stabilt folketal i Vinje kommune fram mot 2050. Det er då lagt til grunn "middels nasjonal vekst" i framskrivingane. Samansetjinga av ulike aldersgrupper viser derimot at det blir fleire eldre innbyggjarar i kommunen, medan talet på yrkesaktive fell. Delen av barn og unge er meir stabil, men går også noko ned på sikt.


Alderssammansetjing i kommunen



Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0 - åringar	0	3	2	0	0	0	1	0	-1	-1	-1
Barnehage (1-5 år)	0	1	13	-7	-7	-5	-3	-1	2	2	2
Grunnskole (6-15 år)	0	22	31	4	-6	-8	-25	-35	-40	-41	-41
Videregående (16-19 år)	0	10	-9	8	16	15	24	17	14	11	11
Voksne (20-66 år)	0	20	29	-26	-37	-46	-58	-56	-56	-65	-71
Eldre (67-79 år)	0	6	19	21	18	-1	11	14	9	7	2
Eldre (80-89 år)	0	13	12	35	46	75	78	87	97	112	112
Eldre (90 år og eldre)	0	2	-1	3	9	9	11	13	14	13	11
SUM	0	77	96	38	39	39	39	39	39	38	38


Talet på eldre innbyggjarar i kommunen

Årsmelding 2023



Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Eldre (67-79 år)	0	6	19	21	18	-1	11	14	9	7	25
Eldre (80-89 år)	0	13	12	35	46	75	78	87	97	112	111
Eldre (90 år og eldre)	0	2	-1	3	9	9	11	13	14	13	19
SUM	0	21	30	59	73	83	100	114	120	132	155

Talet på unge innbyggjarar i kommunen




Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0 - åringer	0	3	2	0	0	0	1	0	-1	-1	-
Barnehage (1-5 år)	0	1	13	-7	-7	-5	-3	-1	2	2	

Årsmelding 2023

Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Grunnskole (6-15 år)	0	22	31	4	-6	-8	-25	-35	-40	-41	-42
Videregående (16-19 år)	0	10	-9	8	16	15	24	17	14	11	10
SUM	0	36	37	5	3	2	-3	-19	-25	-29	-32

Tabellen og grafikken under syner talet på yrkesaktive personar fordelt på talet på eldre personar. I 2022 var det 2,86 yrkesaktive personar for kvar eldre innbyggjar over 67 år, medan dette talet er forventa å bli 1,79 i 2050.

Aldersbæreevne




Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Voksne (20-66 år)	2196	2216	2225	2170	2159	2150	2138	2140	2140
Eldre (67-79 år)	558	564	577	579	576	557	569	572	569
Eldre (80-89 år)	174	187	186	209	220	249	252	261	270
Eldre (90 år og eldre)	35	37	34	38	44	44	46	48	49
SUM	767	788	797	826	840	850	867	881	889

Aldersgrupper	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Aldersbæreevne	2.8631029	2.81218274	2.7917189	2.62711864	2.57023809	2.52941176	2.4659746	2.42905788	2.412626
æreevne	98696219	11167515	46047679	40677967	52380954	47058822	25144175	87627694	201803

Oppfylging handlingsreglar

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Handlingsregel

KOSTRA 2020


KOSTRA 2021

Regnskap 2020

Resultat	0	0,0	0
Resultat/Budsjett	0,0	8,6	0
Handlingsregel	1,8	1,8	1,8

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Årsmelding 2023



Handlingsregel


KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnskap 2022

Resultat	0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	7,1	12,0	12,0
Handlingsregel	5,0	5,0	5,0

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Handlingsregel

KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnskap 2022

Resultat	0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	93,4	79,7	73,4
Handlingsregel	100,0	100,0	100,0

Klima

Klimarekneskap

Klimaendringane er ei av verdas største utfordringar. I Vinje kommune er det forventet meir ekstremvær, både hyppigare og kraftigare nedbør som fører til auka flaum, ras og skred, samt lengre periodar med høg temperatur og tørke. For å sikre ein robust kommune er det viktig med klimatilpassing og sikre natur som kan dempe effektane av klimaendringar.

Noreg har plikta seg til å kutte klimagassutslepp med 50 % innan 2030 samanlikna med 1990. Vidare har Fylkestinget for Vestfold og Telemark vedteke at regionen skal kutte 60 % i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009 og vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050. For å nå dette målet, er det viktig at alle sektorar – nasjonalt, regionalt og lokalt – bidreg. Kommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet; av dei nasjonale utsleppa er om lag 20 % knytt til kommunal verksemd. Kommunen har ei viktig rolle som politisk aktør og lokal samfunnsutviklar, myndesutøvar, innkjøpar og anskaffar, samt drift av eigne anlegg.


I Vinje kommune er det totale utsleppet på samfunnsnivå 39.464 tonn CO₂-ekvivalentar i 2022, ein nedgang på 4 % frå 2021. Utslepp per innbyggjar er omlag 10,5 tonn CO₂-ekvivalentar. Miljødirektoratet har nytta ny metodikk med oppdaterte utsleppsfaktorar, og har nytta desse i heile tidsserien. Vinje sine figurar frå klimarekneskapet og klimabudsjettet er basert på førre metodikk og utsleppsfaktorar, og avviker difor noko frå miljødirektoratets nye statistikk. Klimagassutslepp gjev ein peikepinn på kvar framtidige utsleppskutt kan skje. I Vinje kommune er det vegtrafikken som er den største utsleppskjelda med 64 %, vidare kjem jordbruk med 19 %, annan mobil forburning med 12 %, oppvarming med 4 % og avfall og avløp med 1 %.

I [kommunedelplan for klima og berekraft](#) i Vinje kommune (vedteke 15.04.21, sak 21/26), er den overordna målsetjinga å redusere CO₂-utsleppet med 60 % innan 2030 i høve til referanseåret 2009 og syte for ein klimatilpassa og robust kommune. I handlingsplanen ligg ei rekkje tiltak for å nå dette målet. Vinje kommune arbeider blant anna med klimarisiko, klimarekneskap, klimabudsjett, miljøfyrtårnsertifisering og ulike klimaprojekt for å omstille kommunen og innbyggjarane til eit berekraftig samfunn.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Vinje	Tinn	Tokke
Oppvarming	1 421,1	1 140,1	468,7
Annen mobil forbrenning	4 660,4	6 029,3	866,7
Luftfart	0,0	0,0	0,0
Sjøfart	0,0	0,0	0,0
Avfall og avløp	440,9	2 253,8	383,3
Veitrafikk	25 352,6	6 199,0	4 818,1
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	7 524,1	5 915,7	4 817,3
Industri, olje og gass	65,2	0,0	0,0
Sum	39 464,3	21 538,0	11 354,1

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	65,2
Oppvarming	1 516,2	1 533,1	1 551,1	1 428,1	1 820,1	1 112,3	1 347,1	1 229,8	1 421,1
Annen mobil forbrønning	6 052,1	4 632,2	5 231,6	5 597,7	5 581,5	4 699,8	4 598,9	4 880,4	4 660,4
Sjøfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Veitrafikk	26 899,7	26 984,3	25 607,2	23 388,8	24 616,4	24 189,4	24 340,9	25 001,6	25 352,6
Avfall og avløp	1 081,1	1 014,9	1 009,4	947,5	940,5	913,8	2 747,6	2 596,8	440,9
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	6 326,6	6 294,8	6 438,4	6 414,4	6 720,8	6 855,2	7 526,2	7 391,2	7 524,1
Sum	41 875,7	40 459,3	39 837,7	37 776,4	39 679,3	37 770,5	40 560,7	41 099,9	39 464,3

Utslepp av klimagassar viser toleg like tal i 2013 som i 2021. I 2017 og 2019 var tala noko lågare, men gjennomsnittet sidan 2013 er årlege utslepp på 39.800 tonn CO2-ekvivalentar per år. Vegtrafikken står for meir enn halvparten av utsleppa, medan jordbruk og annan mobil forbrønning fylgjer på dei neste plassane.

Til samanlikning er utsleppa i Tokke og Tinn på høvesvis 11.354 og 21.538 tonn CO2-ekvivalentar per år. I Tokke er det også vegtrafikken og jordbruket som dominerer, medan i Tinn er det toleg jamnt fordelt mellom vegtrafikk, jordbruk og annan mobil forbrønning.

Kommunen sine tenesteområde

Rådmannen

Årsmelding

Vest-Telemark Driftssenter (VTDS) er lagt under rådmannen. Under "Verksemd" i menyen til venstre kan du finne meir informasjon om rådmannen og VTDS.

Rådmannen

Årsmelding

Rådmannen har ei variert verksemd frå administrasjon og forvaltning, fagoverbyggande utviklingsarbeid med vekt på innovasjon og teknologi, planlegging og drift. Her deltek ein også både på interkommunale og nasjonale arenaer.

Måloppnåing

Samfunnstryggleik og beredskap: For å styrke beredskapen har ein kjøpt inn naudnettsterminalar som blir fordelt til dei ulike tenestestadane rundt om i kommunen. Beredskapsrådet har hatt eitt møte.

Kommuneorganisasjonen: Arbeidet med å vidareutvikle organisasjonen held fram. Rådmannen held fram samarbeidet med Joint Action Analytics for å understøtte utviklinga av kommuneorganisasjonens relasjonelle kompetanse.

Vidare har ein gjennomført to samlingar for toppleiinga i samarbeid med Senter for anvendt kommunalforsking, Universitet i Agder. Éi samling i Vinje i første halvår og deltaking på Kvalitetsmässan i Gøteborg i november. Dette er Europas største konferanse og fagmesse innan samfunnsutvikling.

Gjennom 2023 er det gjennomført møte leiargruppa kvar veke og jamne informasjons- og involveringsmøte for den utvida leiargruppa der også verksemdsleiarane deltek. Det er óg gjennomført mål- og utviklingssamtale med leiargruppa.

Vertskommune for Universitetet: Samarbeidet med Universitetet Sørøst-Noreg (USN) held fram etter same mal som føresett i budsjettdokumentet. Samarbeidsforma mellom Raulandsakademiet og USN blei avklart i rapporteringsåret. Nye hybelbygg og studenthus er ferdigstilt på campus.

Vidareføre arbeidet med kraftsaker: Det har vore relativt liten aktivitet på kraftområdet i 2023. Politisk og administrativ leing har hatt eitt møte med ny direktør for Øst-Telemarkens brukseierforening, der det blei drøfta korleis dialog og informasjon mellom kommune, lokalsamfunn og regulant kan betrast.

Rekneskap

Beløp i 1000

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 546	1 732	1 655	-76	-4,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 463	513	502	-11	-2,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	122	4 994	5 150	156	3,0 %
Overføringsutgifter	1 882	564	7 028	6 464	92,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	5 012	7 802	14 335	6 533	45,6 %
Salgsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-277	-169	-178	-9	5,1 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-900	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 177	-169	-178	-9	5,1 %
Netto resultat	3 835	7 633	14 157	6 524	46,1 %

Kommentar til rekneskap

Tilskotet til fellesareal i bustadprosjektet Heimdal 60+ blei ikkje utbetalt i 2023. Dette er årsaken til det positive budsjettavviket.

Mindreforbruk i høve budsjett knytt til VTDS på kr 150.000 i 2023.

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status Beskriving
Nye tiltak		
Auka utgifter til VTDS	950	Ferdig Mindreforbruk i høve budsjett på kr 150.000 i 2023.
Sum	950	
Sum tiltak	950	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,99 %	0,00 %	1,99 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2023	0,00 %	0,00 %	0,00 %

VTDS

Årsmelding

Vest-Telemark Driftssenter (VTDS)

2023 har vore eit år med fokus på utvikling av tryggleiksløysingar. Verdssituasjonen påverkar korleis kommunane må tenke i høve til sikring av eigne data og unngå uautorisert tilgang til desse. Det har vore

eit omleggingsprosjekt på vatn og avløp sine installasjonar, der nettverket er oppgradert og endra. Dette har vore ein jobb som fyrst og fremst tek tid, då det er naudsynt å reise ut på alle installasjonar, og må skje koordinert med drift på fagområdet. Større omleggingar er bytte av driftsform for kommunen sitt sakshandsamingssystem, Elements. Det også innført nokre nye fagsystem, m.a. for integreringstenesta. Eit større prosjekt for nytt anlegg for skjerm og Teams-møterom i kommunestyresalen vart gjennomført, men endeleg installert i januar 2024 grunna renovering av tak på kommunehuset. Vest-Telemark PPT og Barnevern i Vest-Telemark vart ein del av driftsmiljøet til VTDS.

Gjennom året vart det jobba med prosess for å utvide samarbeidet til VTDS med kommunane Seljord, Nissedal og Fyresdal. Dette vart vedteke i kommunestyra i alle kommunane, og trer i kraft i 2024.

Nytt support- og dokumentasjonssystem er i 2023 tatt i bruk. Dette har fungert godt, og er under stadig utvikling. Mange er flinke til å kommunisere saker via dette systemet, men det står framleis ein del att. Det medfører at ikkje alle saker blir registrert i systemet. Det er registrert i overkant av 2.000 saker, men framleis blir mange mindre saker løyst via telefon. Dokumentasjon blir kontinuerleg produsert og vedlikehalde. Dette er dokumentasjon som er søkbar for tilsette via support-portalen www.support.vtds.no.

VTDS er frå januar 2024 organisert som eit vertskommunesamarbeid med Vinje kommune som vertskommune. Dette samarbeidet vil omfatte kommunane Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal og Fyresdal.

Sjølv om me har tilsette som straks går av med pensjon, så er det ein svært stabil arbeidsstokk. Me har god intern kompetanse på drift av kommunane. Når me blir totalt 6 kommunar i samarbeidet vil det bli naudsynt å rekruttere meir personell. Det er i fyrste omgang særleg 1. line-support som er viktig. I neste omgang er det å erstatte tilsette som går av med pensjon.

Måloppnåing

Alle nett er no rekonstruert i tråd med målsetjing frå 2022, som vart utsett til 2023. Dette gjeld i hovudsak innanfor helse. Nettverket til vatn og avløp er under arbeid og reknast for å vere 80 % ferdig i 2023. Det som står att er avhengig av samarbeid om endring med Telefiber, og arbeid som krev at det er barmark.

Datatryggleikskartlegginga frå 2022 er no 100 % gjennomført. Arbeidet framover vil vere å vidareutvikle, innføre og vedlikehalde dette arbeidet. Dette er nok ikkje eit arbeid som har ein sluttdato, men vil skje med stadig endring og fornying.

Å halde godt servicenivå er alltid ein subjektiv faktor. Tilbakemeldingar som er gitt gir ein indikasjon på at VTDS leverer på dette målpunktet.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	8 239	8 898	8 674	-224	-2,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 476	2 850	3 532	682	19,3 %
Overføringsutgifter	541	483	883	400	45,3 %
Finansutgifter	0	0	3	3	96,9 %
Sum Driftsutgifter	11 256	12 231	13 093	862	6,6 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Salgsinntekter	-126	-215	-237	-23	9,6 %
Refusjoner	-11 129	-12 016	-12 855	-839	6,5 %
Sum Driftsinntekter	-11 256	-12 231	-13 093	-862	6,6 %
Netto resultat	0	0	0	0	0,0 %

Kommentar til rekneskap

I 2023 har driftsresultatet vore noko underforbruk på enkelte postar, slik som innleigd konsulentar, service og driftsavtaler, og kjøp av programvare. Endringar gjennom året og at meir er løyst i eigen regi påverkar dette.

Det har på andre postar vore liten grad av overforbruk. Totalt sett er det eit lite underforbruk for VTDS totalt for tre kommunar samanlikna med vedteke budsjett. Årsaka til at budsjett og rekneskap viser 0, er at netto kostnader i samarbeidet blir vidarefakturert til dei tre kommunane, og Vinje sin del på kr 5 mill er kostnadsført på rådmannen sitt ansvar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,62 %	4,39 %	5,01 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,96 %	4,06 %	6,02 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,67 %	6,82 %	9,49 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,26 %	9,71 %	12,97 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,00 %	2,16 %	4,17 %

Oppvekst

Årsmelding

Vinje oppvekst har fire barnehagar: Edland, Rauland, Åmot og Øyfjell (oppvekstsenter) og fire skular i dei same bygdene.

2023 var fyrste heile året for Vinje oppvekst etter ny organisering. Verksemdsleiarane rapporterer til oppvekstansvarleg som no har ein konsulent i full stilling. Det har vore eit særskilt fokus på leiarteam ute på kvar verksemd. Det er no leiar og nestleiar i alle verksemdene. I tillegg har me stramma opp strukturen på leiarmøta og i tillegg lagt inn nye teamsmøte kvar 14. dag for tettare oppfølging og samarbeid. Det var ganske store endringar i leiargruppa til Vinje oppvekst i 2023. Ny verksemdsleiar ved Åmot skule vart tilsett i mars saman med vikar for nestleiar frå mai og ut skuleåret 23/24. Ved Rauland kom verksemdsleiar attende etter lengre fråvær og ny nestleiar vart tilsett i vikariat for skuleåret 23/24. I Edland barnehage kom verksemdsleiar attende etter lengre fråvær og ny nestleiar vart tilsett i vikariat for barnehageåret 23/24.

Vinje oppvekst har tilsette som er kreative, positivt innstilte og gode på å finne løysingar og får gjennomført ulike aktivitetar, ser barn og ungdom, har fokus på at barn skal meistre og vere del av eit fellesskap, sjølv om det er mange tilsette som har vore sjuke. Frå januar 2023 opplevde me at rekruttering blir stadig meir krevjande. Samstundes med generasjonsskifte med fleire eldre og kompetente medarbeidarar ut i pensjon og yngre tilsette på stadig flyttfot fekk me for fyrste gong store utfordringar med å få fatt i kvalifisert personell i både skule og barnehage. Me har måtte prøve stadig nye grep for å lukkast med å få fatt i folk. Dette er eit nasjonalt tema no.

Vinjeskulen har i haust hatt eit halvårleg prøveprosjekt mot ein meir leksemedviten skulekvardag. Evaluering presentert i OVU nyleg viser at me er på rett veg, og arbeidet vil halde fram med brei involvering vidare.

Våren 2023 kom det fram at samarbeidsorgan i skulen som SU og FAU ikkje fungerte godt nok. Dette blei det rydda i og alle skulane forplikta seg til å legge betre til rette for dette frå skulestart. Kommunikasjonen mot politikarar skulle sikrast gjennom direkteinnkalling per e-post. Samarbeidsorgana er viktige for Vinjeskulen og vil bli prioritert. Alle hadde lovpålagte organ operative innan 1.september 2023.

Flyktningar. Me har tatt imot mange flyktningar i kommunen, og for nokre verksemdar har det vore ressurskrevjande. Samstundes er det veldig givande og interessant å ta imot barn i barnehage og skule frå ulike land og kulturar. Me utdannar no lærarar i migrasjonspedagogikk. I løpet av 2023 tilsette Vinje oppvekst heile fem ukrainske medarbeidarar inn mot ukrainske barn og elevar. Tre av dei har pedagogisk utdanning frå heimlandet.

Internkontroll i Compilo er me godt i gang med. Ein leiarrepresentant frå Vinjebarnhagen, ein frå oppvekstadministrasjonen og ein frå personal har dratt i gang arbeidet med dette. Mange rutinar og prosedyrar er på plass, men me har framleis ein veg å gå. Dokumentasjon og gode arbeidsrutinar er viktig for å sikre gode tenester og for å ta godt vare på både brukarar og tilsette.

Matansvarleg er no også på plass i alle barnehagane, eit tilbod alle er godt nøgde med. Me har arrangert felles fagsamlingar for både barnehage og skule. Dei fekk eige opplegg på planleggingsdag i august. Barnehagematen er no under fylgeforskning av USN. Målet er å finne konsekvensar og gevinstar av å innføre matansvarlege i barnehagane. Dette arbeidet held fram etter at den fyrste rapporten er ferdigstilt.

Godt samarbeid mellom barnehagane og utlån av vaksne når det har vore behov. Me delar mykje kunnskap mellom oss, arbeider med det fysiske leikemiljøet, og er gode på å dele gode idear. Me fordelar oppgåver på ein god måte.

LMT, læringsmiljøteamet, er godt etablert. Teamet består av fagpersonar som arbeider i barnehage, på SFO, i grunnskulen, på vidaregåande skule og i skulehelsetenesta. Koordinator for teamet er Grethe Seim. Teamet jobbar førebyggjande, og gjev rettleiing på foreldre-, lærar og leiarnivå. Teamet gjev rettleiing til barnehagar og skular i enkeltsaker der barn og unge ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø/skulemiljø. På to av skulane blei det hausten 2023 starta opp omfattande tiltak etter Snu-metoden til Læringsmiljøsenteret i Stavanger.

Trygt og godt barnehagemiljø: planen har blitt revidert og tatt i bruk. Fleire av barnehagane har hatt saker der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, og der ein har tatt i bruk planen. For skulane er det handlingsplan for trygt og godt skulemiljø som gjeld. Alle skulane har hatt fleire saker med aktivitetsplanar for enkeltelevar og grupper. Det er låg terskel for å setje i gang ein aktivitetsplan.

Godt samarbeid i Vest-Telemark: Kommunane i Vest-Telemark har faste styrarsamlingar og skuleleiarnettverk gjennom året. Dette er i partnerskap med USN. Det er fokus på kompetanseheving, nokre gonger gjennom eksterne kurshaldarar. Det er fokus på refleksjon og kompetanseheving på aktuelle tema oppvekst og samfunnet står i. Gjennom året deltok alle kommunane i eit tverrfagleg samarbeid for å få på plass ein overordna del av ny oppvekstplan for Vest-Telemark. Planen *Vegen mot livsmeistring* blir også retta inn mot innsatstrappa som Vinje kommunes planar rettar seg inn mot. Tidleg innsats og brukarinvolvering er bereelement her.

Menn i oppvekst: Det blir jobba med å få fleire menn til å jobbe i barnehagen og skule. Oppvekstansvarleg inviterer til møte/treff fleire gonger i året, der menn som jobbar i oppvekst møtast. Det blir kopla på eksterne førelesarar for kompetanseheving. Det var to møte i 2023.

Måloppnåing

Måla til Vinje oppvekst er prega av at dette er arbeid over tid. Det er ikkje enkelt å krysse ut mål, slik at det er naturleg å kommentere kor langt me har kome og halde fram med arbeidet. Dette er skrive i utheva skrift.

Felles mål for Vinjebarnhagen:

- Tilsette skal ha rett og oppdatert kompetanse, og ein søker å oppnå dette gjennom å ha barnehagelærarar i alle ped.leiarstillingar. **På grunn av rekrutteringsutfordringar og generasjonsskifte har me framleis nokre tilsette på dispensasjon utan naudsynt formalkompetanse. Det blir søkt om dispensasjon, gjort vurderingar og gjeve dispensasjon i kvart einskild tilfelle.**
- Tidleg innsats for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø. Plan for trygt og godt barnehagemiljø skal implementerast i kvar barnehage, i tillegg til eventuelt nytt lovverk. Rutiner og malar skal liggje i Compilo og fylgjast opp. **Me jobbar kontinuerleg med trygt og godt barnehagemiljø og temaet er oppe på leiar-, avdelings- og personalnivå jamnleg. Ny barnehagelov har me starta med å implementere.**
- Godt foreldre-samarbeid: Planen for foreldre-samarbeid skal fylgjast, og ein skal arbeide tett saman med FAU for å utvikle og forbetre foreldremøta. Det er ynskjeleg med ein aktiv dialog på foreldremøta. **Foreldremøta har fått eit tydelegare preg av fagleg innhald og direkte involvering av føresette. LMT (læringsmiljøteamet) har også delteke i dette arbeidet.**
- Tilsette frå barnehagane skal delta i fleirfaglege samarbeid, og minimum ein tilsett frå Vinje-barnehagen skal representere kommunen i slike samarbeid. **Det er oppretta tverrfaglege leiarnettverv der barnehageleiarane deltek.**

Felles mål for Vinjeskulen:

- Godt læringsmiljø, med fokus på høg sosial trivsel og unngå mobbing. **Me har jobba aktivt med kompetanseheving på betre læringsmiljø, og rutinane for dette arbeidet blir fylgd mykje betre enn tidlegare. Alle skulane gjennomfører lokale trivselsundersøkingar kvart år. Me avdekkar dei som blir mobba eller ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø på andre vis. LMT bidreg godt inn på fleire nivå. Det blir då sett igang med aktivitetsplanar veldig raskt. Alle skulane er no aktivt med i Liv og røre.**
- Høgt læringsutbytte, målt gjennom resultat på nasjonale prøver i 5. og 8. klasse og grunnskulepoeng. **Vinjeskulen under eitt scorar omtrent som tidlegare på nasjonale prøver og grunnskulepoeng, men det er gledeleg å sjå at me lyfter fleire opp på høgare meistringsnivå enn tidlegare.**
- Elevar som syner engasjement og kreativitet - målt gjennom deltaking på UKM **Me har hatt ein liten nedgang i talet på deltakarar til UKM, og dette heng truleg saman med at me har nye tilbod der ikkje ynskjet om deltaking på UKM har vore like sterkt hjå deltakarane.**
- Betre tilpassa opplæring og mindre spesialundervisning - målt som den delen av elevtalet som får spesialundervisning. **På dette området treng me langvarig satsing. Dette handlar i stor grad om tidleg innsats og behovet for ein meir tilrettelagt skulekvardag innanfor tilpassa opplæring. Her har me ikkje kome langt nok. Me har god tru på at ny opplæringslov frå 2024 vil gje oss større fleksibilitet og variasjon enn det som har vore tilfellet tidlegare. Me har også tru på at satsing på begynnaropplæring med våre to logopedar vil gje resultat. Dette**

samarbeidet starta me opp i august 2023.

Mål for vaksenopplæringa (VO):

- Kvalifisere nye innvandrarak for studiar og arbeidsliv
- Motivere tidlegare innvandrarak til å auke kompetansen, slik at kvalifisering kan bli mogleg
- Opprette spor og klasser som treff dei ulike nivåa i kompetanse og språk
- Gi norsk og samfunnsopplæring, samt nyttig språktrening gjennom arbeid
- Gi tilbod om grunnskuleopplæring. Norsk, engelsk, samfunnsfag, matematikk og naturfag - skreddarsydde opplegg som gir meistring
- Skaffe lærarkrefter med aktuell språkkompetanse

Vaksenopplæringa fekk ei voldsam utfordring utover 2023 med rekordmange nye deltakarak. Det vart utfordrande å skaffe nok lærarkrefter når resten av landet stod i dei same utfordringane. Hausten 2023 flytta VO til Vinjehuset og fekk tak i lærekrefter og tok i bruk nye digitale læreressursar. Det blir undervist på fire ulike nivå, og fleire har allereie kome seg i løna arbeid. Kort oppsummert kan ein seie at det er ganske god måloppnåing på alle punkta, og at me held fram på same vis.

Administrasjonen i Vinje oppvekst skal:

- Leie og initiere samarbeidet på leiarnivå i Vinjeskulen og Vinjebarnehagen
- Støtte leiinga i Vinje oppvekst med leiarutvikling i leiargruppa og i leiarteama ute i verksemdene
- Bidra aktivt og legge til rette for tverrfagleg samarbeid med andre fagområde utanfor oppvekstsektoren
- Legge til rette for utvikling av planar og rutinar for Vinje oppvekst
- Legge til rette for innføring og implementering av nye lover og forskrifter
- Hjelpa verksemdene i krevjande juridiske spørsmål
- Hjelpa verksemdene i rekrutteringsarbeidet
- Rettleie og føre tilsyn med verksemdene gjennom kontinuerleg kvalitetskontroll og ROS-arbeid
- Ha god kontakt mot media

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	118 932	137 183	129 433	-7 750	-6,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 665	15 431	15 023	-408	-2,7 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	9 906	12 133	11 682	-451	-3,9 %
Overføringsutgifter	1 787	9 028	5 881	-3 147	-53,5 %
Finansutgifter	302	329	0	-329	-157207,4 %
Sum Driftsutgifter	143 591	174 104	162 019	-12 086	-7,5 %
Salgsinntekter	-6 106	-5 783	-6 205	-422	6,8 %
Refusjoner	-13 093	-18 739	-7 008	11 731	-167,4 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 036	-351	0	351	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-21 235	-24 874	-13 213	11 661	-88,3 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Netto resultat	122 357	149 231	148 806	-425	-0,3 %

Kommentar til rekneskap

Det totale biletet av heile Vinje oppvekst er ganske god balanse. 2023 syner eit overforbruk på 0,3 %. Nokre verksemder har eit lite overforbruk, medan andre har eit mindreforbruk. Åmot skule ryddar i kostnader som ligg utanfor vanleg skuledrift og vil måtte hente inn ein del av dei ca kr 900.000 i overforbruk. Her har det vore ein grundig gjennomgang på stillingar, slik at ein skal kome på riktig nivå som det ressursane tillet. Mange vikarar og deltidsstilsette vil då kunne få tilbod i andre verksemder eller skal vidare til studiar eller andre jobbar. Det viktigaste er å ha drift i høve ramma.

Edland barnehage har eit meirforbruk på om lag kr 350.000, som i stor grad handlar om innleige for sjukemeldte. Ein har måtte tilby meir enn det dei har hatt rammer til for å kunne få på plass folk. I tillegg blir det nokre overlappingar når folk går og kjem.

Rauland barnehage, Rauland skule og Øyfjell oppvekstsenter har alle eit underforbruk på kring kr 400.000. Dette handlar i stor grad om vakante vikarstillingar og netto gevinst på sjukepengerefusjon. Leiarar har i stor grad teke på seg vikariat då det ikkje er mogleg å skaffe vikar til ei kvar tid.

Tiltak som er iverksett er gjennomgang av bemanning i høve rammer og lovpålagte tenester i alle verksemder. Der det er mogleg ser me på moglegheiter for å flytte tilsette internt for å få riktig driftsnivå.

Verksemdene er sjølvstendige, men me bruker mykje tid på leiarsida for å finne felles standardar og fokuserer på likeverdige tenester med lokale tilpassingar.

Når det gjeld spesialpedagogiske enkeltvedtak er det viktig at me er nøyaktige på tildeling av timar, då det fort kan rulle på med timar dersom me ikkje greier å sjå heilskapen. Her blir samarbeidet med PPT også særskild viktig. Tidleg innsats er heilt avgjerande.

Me har ei totalramme som gjev oss handlefridom. Det er viktig at me ser på korleis me bemannar opp etter modellane for ressurstildeling, slik at det blir likeverdige tilbod, sjølv om verksemdene er veldig ulike av storleik og samansetjing. Det er større forståing for at verksemder med større utfordringar kan få overføringar frå dei som har rolegare dagar. Dette vil alltid variere. Set me inn tiltak ein stad for ein periode, må me fjerne desse når situasjonen normaliserer seg. Det er også viktig at me er nøye med at me gjev dei lovpålagte tenestene, og at det er lovverket som styrer dette. Utfordringar kring vikarinnhenting og usikkerheit kring varigheit gjer at verksemdsleiarane av og til må ta sjansar for ikkje å miste folk. Dette skal me prøve å dekkje inn i totalramma.

KOSTRA Nøkkeltal

	Vinje 2022	Vinje 2023	Tinn	Tokke	Kostragruppe 06
Prioritet					
Barnehage brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	7,5 %	7,9 %	6,8 %	7,1 %	7,8 %
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger	705	1 336	685	1 727	-30
Produktivitet					
Driftsutgifter til	5 333	5 400	2 669	2 495	2 972

Årsmelding 2023

undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen

Elever per kommunal grunnskole	111	111	121	112	107
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	270 307	290 742	245 753	256 855	227 764
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	158 877,0	173 037,5	153 186,7	176 754,0	167 894,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til sfo, per kommunale bruker (kr)	42 521,7	44 926,5	58 134,3	53 791,7	42 949,4

Dekningsgrad

Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	90,4 %	94,2 %	97,6 %	94,7 %	95,4 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,6 %	9,5 %	6,5 %	9,4 %	10,2 %
Andel elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskyss	50,0 %	45,7 %	51,5 %	51,1 %	46,7 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	94,9 %	97,1 %	100,0 %	96,3 %	97,3 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	65,9 %	74,0 %	59,0 %	70,6 %	59,1 %

Kvalitet

Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	33,8 %	33,5 %	43,6 %	37,4 %	35,7 %
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	42,2	42,6	41,7	44,4	41,9

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status	Beskriving
Nye tiltak			
Reduserte utgifter barnevernsamarbeidet	-740	I arbeid	Dette var basert på budsjettet som vart sett hausten 2022, men som har vorte oppjustert kraftig gjennom året. Barnevernsreforma legg mykje meir ansvar over på kommunane som fører til at kostnadene aukar. Det vil ta tid før me greier å jobbe heilskapleg på tvers og setje i gang tverrfaglege tiltak tidleg, som kanskje kan føre til lågare utgifter på sikt. Dette er ein viktig jobb å gjere i høve innsatstrappa.
Auka utgifter til PPT	135	I arbeid	Det er vanskeleg å vite kva ny organisering av PPT vil få å seie i tida som kjem. Betre

Årsmelding 2023

Tiltak	2023	Status	Beskriving
			tenester og meir målretta tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og sytemisk arbeid inn i verksemdene vil truleg gje lågare utgifter på sikt.
Gratis SFO i 2. klasse	500	I arbeid	Verknaden av innføring av gratis SFO for 2.klassingar ser ut til å bli omtrent som forventa, men det gjev utfordringar med tanke på plass og bemanning både på Rauland og Åmot som nærmar seg sprengt kapasitet. Rauland må inntil vidare drive med to lokale som gjev auka kostnad pga bemanning.
Lønsutgifter konsulent oppvekst	685	Ferdig	Denne stillinga er på plass og innlemma i den totale ramma til Vinje oppvekst lagt under oppvekst administrasjon.
Tilskot til nytt studenthus på Rauland	5 000	Ferdig	Studenthuset er ferdig og innanfor rammene som vart løyvd frå Vinje kommune.
Sum	5 580		
Sum tiltak	5 580		

Dei lokalt vedtekne tiltaka i Vinje kommune er implementert i budsjettet og vil truleg vere tilstrekkeleg utifrå kalkylar og utrekningar. Når det gjeld PPT og barnevern er det lite aktivt me kan bidra med på kort sikt. Ny organisering og inititert fast tverrfagleg samarbeid på alle tenestefelt innafor oppvekst frå oppvekstansvarleg i kommunen vil vonaleg vere starten på betre tverrfagleg samarbeid og betre ressursutnytting.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,77 %	4,68 %	6,44 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,68 %	4,85 %	6,53 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,38 %	5,46 %	7,85 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,71 %	4,61 %	7,31 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,89 %	6,62 %	9,51 %

Barnevern

Årsmelding

Barnevernet i Noreg har dei siste åra hatt eit stort fokus retta mot seg. Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022 og frå 1. januar 2023 trådde ny barnevernslov i kraft. Desse endringane har stor betyding for korleis me bør tenke i høve framtidige innsatsområde.

2022 var fyrste året kommunen hadde fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar og spesialisera fosterheimar.

Barnevernsreforma, òg kalla oppvekstreforma, gir kommunane fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar og auka kommunale eigendelar for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheimar, institusjon og akutt-tiltak.

Kommunen har og heile ansvaret for oppfylging og rettleiing av fosterheimar. Den nye barnevernslova skal bidra til betre barnevernsfagleg arbeid, styrke barn og foreldre sin rettstryggleik og bidra til auka fokus på førebygging og tidleg innsats. Barnevernstenesta opplever at det blir stilt større krav til utføring av dei barnevernsfaglege oppgåvene både i høve kapasitet og kompetanse.

Kommuneleiinga har ansvaret for at kommunen oppfyller krava som lova legg til kommunane, og for at barnevernstenesta har naudsynt bemanning og ressursar som må til for å ivareta dette ansvaret. Kommunane har no også ansvar for å sjå tilbodet til barn og unge i samanheng. Kommunestyret skal sjølv vedta ein plan for korleis arbeidet skal fordelast mellom ulike kommunale tenester og korleis dei skal samarbeide. I Vest-Telemark er det utarbeidd ein felles oppvekstplan og kommunane er no i gang med utarbeiding av lokal kommunal del av denne planen.

Barnevernstenesta ligg over landsgjennomsnittet i høve talet på hjelpetiltakssaker og under gjennomsnittet når det gjeld plasseringar utanfor heimen. Dette kan tyde på at innsatsen i form av hjelpetiltak har ein effekt på talet på plasseringar utanfor heimen. Barnevernstenesta er ikkje aleine om å påverke dette utfallet. Den innsatsen som blir gjort inn mot barn og unge frå alle instansar i kommunen er av stor betyding. Korleis me i fellesskap kan bidra til at barn og unge får ein trygg og føreseieleg oppvekst kan vise seg å vere nøkkelen. Betre tverrfagleg innsats og mogelegheit til å setje inn rett tiltak til rett tid må vere ei rettesnor.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	4	0	-4	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 187	9 200	9 131	-69	-0,8 %
Overføringsutgifter	0	1	0	-1	0,0 %
Sum Driftsutgifter	7 187	9 204	9 131	-73	-0,8 %
Refusjoner	0	-1	0	1	0,0 %
Sum Driftsinntekter	0	-1	0	1	0,0 %
Netto resultat	7 187	9 203	9 131	-72	-0,8 %

Oppvekst adm

Rekneskap

Beløp i 1000

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 458	2 627	2 316	-311	-13,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	828	589	2 170	1 582	72,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 456	2 505	2 325	-180	-7,7 %
Overføringsutgifter	85	6 711	5 090	-1 621	-31,9 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	4 828	12 432	11 901	-531	-4,5 %
Refusjoner	-740	-513	-90	423	-470,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-150	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-890	-513	-90	423	-470,4 %
Netto resultat	3 938	11 919	11 811	-108	-0,9 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,32 %	0,00 %	3,32 %
Årleg sjukefråvær 2023	0,21 %	0,00 %	0,21 %

Rauland skule

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	19 844	23 272	21 241	-2 031	-9,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 767	3 783	2 645	-1 138	-43,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	70	112	80	-32	-40,5 %
Overføringsutgifter	371	584	0	-584	0,0 %
Finansutgifter	250	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	23 302	27 751	23 966	-3 785	-15,8 %
Salgsinntekter	-513	-367	-330	37	-11,3 %
Refusjoner	-1 584	-4 179	-200	3 979	-1989,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-55	-170	0	170	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 151	-4 717	-530	4 187	-790,0 %
Netto resultat	21 151	23 035	23 436	401	1,7 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,63 %	9,87 %	11,50 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,47 %	4,48 %	5,95 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,38 %	4,11 %	6,49 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,41 %	5,48 %	8,90 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,15 %	14,09 %	16,24 %

Åmot skule

Rekneskap

Årsmelding 2023

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	25 835	30 848	28 983	-1 865	-6,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 597	4 394	4 163	-230	-5,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	73	141	50	-91	-181,9 %
Overføringsutgifter	468	663	470	-193	-41,1 %
Finansutgifter	0	150	0	-150	0,0 %
Sum Driftsutgifter	29 973	36 196	33 666	-2 530	-7,5 %
Salgsinntekter	-393	-412	-360	52	-14,4 %
Refusjoner	-3 409	-3 584	-2 020	1 564	-77,4 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 801	-3 999	-2 380	1 619	-68,0 %
Netto resultat	26 172	32 197	31 286	-911	-2,9 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,83 %	0,59 %	1,41 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,81 %	1,71 %	2,52 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,93 %	6,08 %	7,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,02 %	3,03 %	4,05 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,71 %	3,18 %	4,89 %

Edland skule

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	16 692	17 929	17 382	-547	-3,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 758	1 802	1 774	-28	-1,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3	8	3	-5	-152,5 %
Overføringsutgifter	235	240	0	-240	0,0 %
Finansutgifter	50	178	0	-178	0,0 %
Sum Driftsutgifter	18 738	20 156	19 159	-997	-5,2 %
Salgsinntekter	-130	-90	-121	-31	25,5 %
Refusjoner	-2 095	-2 498	-1 765	733	-41,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-6	-178	0	178	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 230	-2 766	-1 886	880	-46,6 %
Netto resultat	16 508	17 390	17 273	-117	-0,7 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,11 %	3,23 %	4,34 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,34 %	1,92 %	3,25 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,47 %	5,04 %	6,50 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,03 %	0,52 %	2,55 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,91 %	0,00 %	1,91 %

Øyfjell Oppvekstsenter

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 901	13 184	12 447	-737	-5,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 286	1 618	1 209	-409	-33,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	17	48	10	-38	-380,2 %
Overføringsutgifter	216	267	53	-214	-403,1 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	13 422	15 117	13 719	-1 398	-10,2 %
Salgsinntekter	-778	-714	-903	-189	20,9 %
Refusjoner	-1 347	-2 450	-468	1 982	-423,6 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-390	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 515	-3 164	-1 371	1 793	-130,8 %
Netto resultat	10 907	11 952	12 348	396	3,2 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,18 %	8,92 %	11,10 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,32 %	0,87 %	2,19 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,22 %	2,52 %	4,74 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,12 %	2,40 %	4,51 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,86 %	5,58 %	8,44 %

Åmot barnehage

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	18 733	21 390	20 781	-608	-2,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	865	1 190	1 075	-115	-10,7 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	29	41	30	-11	-36,4 %
Overføringsutgifter	149	211	105	-106	-100,9 %
Sum Driftsutgifter	19 776	22 831	21 991	-840	-3,8 %
Salgsinntekter	-1 847	-1 930	-2 110	-180	8,5 %
Refusjoner	-1 718	-2 495	-1 604	891	-55,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-520	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 085	-4 425	-3 714	711	-19,1 %
Netto resultat	15 691	18 406	18 277	-129	-0,7 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,20 %	5,52 %	7,71 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,31 %	6,04 %	8,35 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,40 %	6,04 %	9,43 %

Årsmelding 2023

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,19 %	7,94 %	11,13 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,09 %	8,59 %	12,68 %

Rauland barnehage

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	14 243	15 501	14 901	-600	-4,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	967	928	1 187	259	21,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	48	54	48	-6	-13,1 %
Overføringsutgifter	163	168	163	-4	-2,7 %
Finansutgifter	0	0	0	0	-115,8 %
Sum Driftsutgifter	15 421	16 651	16 299	-352	-2,2 %
Salgsinntekter	-1 561	-1 405	-1 561	-156	10,0 %
Refusjoner	-1 420	-1 796	-806	990	-122,9 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-525	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 506	-3 200	-2 367	834	-35,2 %
Netto resultat	11 915	13 451	13 932	481	3,5 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,96 %	2,28 %	5,24 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,60 %	15,49 %	18,09 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,65 %	6,42 %	10,06 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,72 %	6,21 %	9,92 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,28 %	7,97 %	12,25 %

Edland barnehage

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 228	12 433	11 382	-1 051	-9,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	595	1 125	800	-325	-40,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	22	24	5	-19	-388,6 %
Overføringsutgifter	99	184	0	-184	0,0 %
Sum Driftsutgifter	10 944	13 766	12 187	-1 579	-13,0 %
Salgsinntekter	-885	-865	-820	45	-5,4 %
Refusjoner	-782	-1 223	-55	1 168	-2123,6 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-390	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 056	-2 088	-875	1 213	-138,6 %
Netto resultat	8 888	11 678	11 312	-366	-3,2 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,80 %	5,44 %	8,24 %
Årleg sjukefråvær 2020	3,17 %	6,47 %	9,64 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,65 %	8,14 %	11,80 %
Årleg sjukefråvær 2022	5,10 %	7,84 %	12,93 %
Årleg sjukefråvær 2023	5,11 %	8,89 %	14,00 %

Plan, økonomi og berekraft

Årsmelding

PØB står for plan, økonomi og bærekraft. Tenesteområdet har ansvaret for økonomiforvaltning, planarbeid, byggesak og oppmåling.

Byggesak

I 2023 vart det handsama 259 søknader om tiltak, 311 søknader om bruksløyve/ferdigattest og 36 dispensasjonssaker. Dei tilsette brukar mykje tid på å rettleie publikum.

I 2022 var det stor pågang frå hytteeigarar som lura på å søkje om bruksendring av hyttene til bustad for å få straumstøtte. Talet på slike søknadar er kraftig redusert i 2023. Det er registrert 18 saker om bruksendring – alle har fått løyve, og alle har fått mellombels bruksløyve for 2 år.

2023 var eit år med lågare pågang frå publikum. I 2023 registrerte me 497 byggesaker, medan tala for 2022 var 748. I 2021 var det 584 byggesaker, for 2020 var det 700 byggesaker og omlag 500 byggesaker i 2019.

Aktiviteten på avdelinga er noko lågare, noko som var venta ut frå signal i marknaden om færre bestillingar av nye hytter.

Byggesaksavdelinga driv også med tilsyn.

Statistikk over tilsyn i Vinje kommune per år

Tilsyn år	Vedtak totalt	Tal på tilsyn	%-vis tilsyn	Utskrive gebyr	Innleigd bistand
2019	246	64	26	0	0
2020	319	23	7,2	0	0
2021	349	27	7,7	0	0
2022	341	32	9,4	0	0
2023	259	68	26	0	0

For 2023 vart det utført tilsyn i 26 % av byggesakene. Målet for tilsyn er sett til 10 % av talet på byggesaker. Årsaka til at me har så stor del tilsyn i 2023 er at det bl.a. er drive systematisk tilsyn av manglande ferdigattest. Dette er lite arbeidskrevjande tilsyn og ein rekk over eit stort volum av saker.

Elles har Direktoratet for Byggkvalitet bestemt at kommunane fram til 2025 skal prioritere tilsyn av sikkerheit mot naturfare og om etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkte og

lovlege. Dette er meir omfattande tilsynstypar der ein treng å bruke meir tid og dermed vil ein også få færre tilsyn å vise til.

Oppmåling

Arbeidsoppgåvene endrar seg noko, ved at talet på saker går ned. Sakene har derimot vore meir komplekse, og spreidd over heile kommunen mot tidlegare konsentrera i felt. Nytt kommunenummer medførte ekstra arbeid i høve til ulike register og kartbasar. Det blir heile tida arbeidd med å auke kvaliteten i matrikkel, mellom anna ved å få registrert eigedomsgrenser i høgjellet, og meir eintydige adresser.

Det er gjennomført 150 oppmålingsforretningar. Gebyrinntektene har gått ned frå kr 3,7 mill i 2022 til kr 2,3 mill i 2023. Det er tre tilsette på oppmålingsavdelinga. GPS-utstyret er fornya.

Plan

PLAN	KOMMENTAR / STATUS
Kommuneplanens samfunnsdel	Vedteke i 2023 og vert vidareført
Kommuneplanens arealdel	Arbeidet starta opp i 2021 og planprogram vart vedteke i 2022. Planframlegg er forventa i 2025
KDP Rukkemo – Torvetjønn alternativ 3	Vedteke i 2023 og vert vidareført
KDP Vågslid	Vedteke i 2019 og vert vidareført
KDP Haukeli - Edland	Vedteke i 2019 og vert vidareført
KDP Åmot	Rullering starta opp i 2023, forventa planframlegg i 2025
KDP Rauland	Rullering starta opp i 2023, forventa planframlegg i 2025.

KDP for trafikkssikring 2018-2021	Vedteke i 2022 og vert vidareført
KDP for klima og berekraft	Vedteke i 2021, handlingsdelen vedteke 2022 med utdjupande tiltak. Forventa rullering i 2025
KDP for stiar og løyper	Vedteke i 2018, forventa rullering i 2026

Planavdelinga har arbeidd med og bidrege i ulike prosjekt gjennom året:

- Aldersvenlege bustader i distrikta
- Utvikling av Møsstrand
- Næringsområde
- Datasenter
- Klima- og miljøprosjekt
- Pilotprosjekt - Utvikling av arealrekneskap saman med Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Pilotprosjekt - Utvikling av klimagasskalkulator saman med NIBIO
- Pilotprosjekt - Viktige kulturmiljø og landskap med fylkeskommunen og riksantikvaren

Måloppnåing

Økonomi: Avdelinga sitt hovudmål er å sikre god økonomistyring i heile kommunen, og som eit ledd i å nå dette målet arbeider avdelinga med å halde eit godt servicenivå og ha høg effektivitet. God økonomistyring blir fylgd opp gjennom månads- og tertialrapporteringar, fokus på fortløpande fakturahandsaming, kontroll av endringar knytt til løn m.m. Det vil også bli arbeidd vidare med auka fokus på digitalisering, og utnytte systema våre på ein best mogleg måte.

Plan: Avdelinga fylgjer vedteken planstrategi, og har som mål å fylgje framdrifta som går fram av denne planen. Plan- og bygningslova sine sakshandsamingsfristar ligg til grunn for handsaming av private reguleringsplanar. Avdelinga arbeider også, saman med andre avdelingar, om å ha byggjeklare bustadtomter i Åmot, Rauland og Edland.

I planarbeidet blir det lagt vekt på ei berekraftig utvikling; "Ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge høvet for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov." FN er ein viktig arena for globalt samarbeid, og FNs berekraftmål er viktige verktøy for å skape ei berekraftig verd. I samband med rullering av kommuneplanens arealdel vil ein ta opp/avklare viktige tema knytt til berekraftig utvikling, og med det legg ein vekt på at det fins grenser for kor mykje me kan utnytte naturen i dag, utan at det går utover det naturen kan levere av ressursar i framtida.

Det er viktig i arealplanlegging å ta omsyn til viktig natur og artar, karbonrike areal og viktige økosystemtenester for klimatilpassing for å sikre ei berekraftig utvikling.

Årsmelding 2023

Vidare jobbar avdelinga med namnesaker i kommunen og ei rekkje klimaoppgåver, som t.d. å føre klimarekneskap og klimabudsjett årleg for å fylgje opp målet om 60 % reduksjon av CO2-utslepp innan 2030.

Oppmåling: Avdelinga har som mål at matrikkelføring som krev oppmålingsforretning skal handsamast innan 16 veker, medan matrikkelføring som ikkje krev oppmålingsforretning skal handsamast innan 6 veker. I tillegg har avdelinga eit mål om å komplimentere / auke kvaliteten i matrikkelen.

Byggesak: Sakshandsaming av alle byggesaker skal gjerast innan gjeldande fristar i Plan- og bygningslova. Søknad om ferdigattest skal handsamast innan 3 veker. Avdelinga ynskjer også å føre tilsyn i minimum 10 % av alle byggesaker kvart år, og i 2023 var talet 26 %.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status Beskriving
Vedtak forrige periode		
Bruk av konsulentar - KP arealdelen	0	I arbeid
Sum	0	
Nye tiltak		
Reduksjon utgifter til kontroll og revisjon	-100	Ferdig
Driftsstønad Vinje sikringsradiolag	15	Ferdig
Stønad til Kirkens SOS avd Telemark	50	Ferdig
Auka forsikringspremie	300	Ferdig
Ny rådgjevar plan	540	Ferdig
Auka tilskot til Kyrkjeleg Fellesråd	1 000	Ferdig
Innbyggjartilskot	17 000	Ferdig
Sum	18 805	
Sum tiltak	18 805	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,41 %	10,22 %	12,63 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,38 %	4,80 %	6,19 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,79 %	2,03 %	3,82 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,95 %	5,83 %	7,78 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,03 %	3,53 %	5,56 %

PØB

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 405	8 747	8 871	124	1,4 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	8 342	7 502	8 052	550	6,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 281	1 324	1 278	-46	-3,6 %
Overføringsutgifter	21 275	32 527	32 235	-292	-0,9 %
Finansutgifter	41	0	1	1	60,1 %
Sum Driftsutgifter	38 345	50 100	50 437	337	0,7 %
Salgsinntekter	-589	-630	-482	147	-30,6 %
Refusjoner	-2 593	-2 070	-1 656	414	-25,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-16 406	-1 123	-1 200	-77	6,4 %
Sum Driftsinntekter	-19 588	-3 822	-3 338	484	-14,5 %
Netto resultat	18 757	46 278	47 099	821	1,7 %

Kommentar til rekneskap

Tenestemrådet har eit mindreforbruk på kr 821.000, som hovudsakleg er relatert til mindreforbruk på planarbeid. Årsaka til dette er at det er gjort løyvingar i 2023, medan avtalene med konsulentane går over fleire år. Når det gjeld kostnader knytt til bruk av konsulent på planarbeid har ein ikkje tatt høgde for bruk av konsulent til Tangenplanen og Vinjeflaten, medan det har vore lågare kostnader knytt til planlegging av kommunale vegar, Heddebru bustadfelt og KPA. Dette er fordela slik:

	Meirforbruk	Mindreforbruk
Planlegging kommunale vegar		-112 000
Heddebru bustadfelt		-90 000
KP arealdel		-813 000
Tangen	102 000	
Vinjeflaten	55 000	
SUM	157 000	-1 015 000
Totalt mindreforbruk		-858 000

Når det gjeld kostnadene relatert til Tangenplanen kjem ein til å søkje Kraftfond Møsstrand om inndecking.

Alle tiltak det vart løyvd midlar til i budsjettet for 2023 er gjennomført, utanom tilskotet til Vest-Telemark muslimske trdomssamfunn som vart reversert i løpet av 2023.

Sjølvkost plan/oppmåling/byggjesak

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 870	7 963	8 048	84	1,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 662	1 691	2 066	375	18,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	291	294	285	-9	-3,1 %
Finansutgifter	1 599	485	0	-485	0,0 %
Sum Driftsutgifter	11 425	10 434	10 399	-35	-0,3 %
Salgsinntekter	-9 142	-5 237	-8 997	-3 760	41,8 %
Refusjoner	-1 099	-961	-803	158	-19,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 602	-3 985	-600	3 385	-564,2 %
Sum Driftsinntekter	-11 843	-10 183	-10 399	-216	2,1 %
Netto resultat	-418	251	0	-251	-2281180,4 %

Kommentar til rekneskap

Byggesak: Det har vore stor nedgang i talet på byggesaker, noko som har ført til ca kr 2 mill lågare inntekt og dermed tilsvarande høgare bruk av fond.

Oppmåling: Det har vore lågare aktivitet enn budsjettert, slik at ein har tilført i underkant av kr 900.000 frå fond.

Helse og meistring

Årsmelding

Med verknad frå 2022 er Helse og meistring inndelt i fire verksemder; Institusjon, Heimebasera tenester, Tenester til personar med særlege behov og Helse og førebygging. Samla tal på årsverk er ca 200 fordelt på vel 300 tilsette som representerer mange yrkesgrupper og fagområde.

På dei ulike tenesteområda har det vore god aktivitet gjennom året. Førebuing og tilpassing til dei utfordringar me veit endringar i demografi representerer, opptek oss, i høve til tilbod og tenester til ulike aldersgrupper, framtidige behov for bustad og institusjonar, rekruttering og kompetanse. I Rauland distrikt er bebuarane mellombels flutt frå omsorgssenteret til tidlegare studentheim ved USN i samband med rehabilitering av omsorgssenteret. Ved Norheimstunet er det gjennomført forprosjekt for framtidig utviding av talet på omsorgsbustader og flytting av dei helsetenestene som er lokalisert i Helsehuset på Edland til Norheimstunet. Rekrutteringsarbeid pregar kvardagen i kommunalområdet i stor grad og tek mykje tidsressurs. Redusert tilgang på arbeidskraft er merkbar innom dei fleste fag, og representerer ei økonomisk, men også fagleg utfordring. Omfanget av innleige frå vikarbyrå har vore større enn tidlegare år - då særleg i høve til lege og sjukepleiarar. På legesida er årsaka samansett og knytt til spesialiseringsløp, foreldrepermisjonar og rekruttering. For sjukepleiarar er det manglande rekruttering som er årsak. Tilgangen til lærlingar til helsefag er svak, og me har i 2023 berre lukkast i å rekruttere ein lærling. Dette er bekymringsfullt med tanke på å dekke framtidige behov.

Me har parallelt fokus på å auke heiltidsdelen og lyser ut stillingar i 100 % der dette er mogleg.

Det er fleire gode interne prosjekt og tiltak som går parallelt med den ordinære drifta, med mål om auka kvalitet og tilpassing til dagens og framtidens utfordringar.

- Prosjektet seksuell helse i skulen, initiert av ungdomsrådet og finansiert av helsedirektoratet, blei avslutta ved årsslutt
- Liv og røre for eldre, der samarbeidet med frivillige og seniorar er sentralt, starta seinhausten 2022 og går i 2024 inn i sitt siste år. Gjennom prosjektperioden er seniorveka etablert og førebyggjande helsesamtaler blir sett i system frå 2024
- Prosjektet HelseSamarbeid, finansiert av Forkingsrådet, går mot slutten, med ferdigstilling sommar 2024
- Folkehelseprosjektet "Eg er meg og du er deg", der innsatsen er retta mot barn i barnehage og skule, er formelt avslutta ved årsskiftet. Ved hjelp av tilskotsmidlar vidarefører ein nokre samlingar også i 2024 for å styrke forankring ytterlegare.
- Det er gitt tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til arbeid med å finne fram til berekraftige modellar for legevakt i distriktkommunar. Arbeidet pågår.

I samarbeid med andre har me også arbeidd med mellom anna desse prosjekta:

- Delteke i gode pasientforløp med fokus på god pasientflyt mellom sjukehus og kommune
- Delteke i KS satsing på TØRN og arbeider mot endring av arbeidstidsordningar der sjukeheimen er fyrst ut
- Rask psykiske helsehjelp (RPH) er etablert med base i Seljord. Dette er eit kortvarig behandlingstilbod til personar over 16 år med mild til moderat depresjon, angst, byrjande rusproblem og/eller søvnvanskar. RPH er eit lågterskeltilbod basert på kognitiv terapi.
- Delteke i prosjekt Førehandssamtaler som ei strukturert samtale som skal sikre at avgjersler i livets siste fase i størst mogleg grad vert teke saman med pasient og eventuelt pårørande. Prosjektet er ei vidareføring av satsinga på kompetanseheevande tiltak og programmet Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase, som er innført både i Tokke og Vinje. Det er jobba med kompetansebygging, systematisering og kvalitetssikring i samarbeid mellom kommunane og USN v/Senter for omsorgsforskning, sør, palliativt team ved STHF og prostidiakonen i Vest-Telemark
- Me har fokus på digitalisering og har tatt i bruk Digital hjemoppfølging, i tillegg til andre velferdsteknologiske løysingar.

Også i 2023 tok kommunen imot omlag 60 flyktningar. Integreringstenesta er organisert til Helse og meistring. Både denne tenesta og tenester som blir berørte av dette er justert noko opp. Her blir det viktig å fylgje utviklinga slik at me tilpassar tenester til behov også frametter.

Årsmelding 2023 Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark (STHF) og kommunane i Vest-Telemark. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag- og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt som medverkar til utvikling av helse- og omsorgstenestene i regionen og fremjar samhandlinga mellom kommunane og STHF.

Ein vesentleg del av arbeidet er relatert til sekretariatsfunksjonen i Helsefellesskapet. Helsefellesskapet er ein samhandlingsstruktur der helseføretaket og kommunane i opptaksområdet skal møtes for å planlegge og utvikle tenestene saman. Helsefellesskapet består av partnerskap, strategiske samarbeidsutval og seks faglege samarbeidsutval.

Det er skrive eiga årsmelding frå arbeidet i Helsefellesskapet, som er tilgjengeleg på [Helsefellesskapet i Telemark - Sykehuset Telemark HF \(sthf.no\)](https://sthf.no).

Det er også utarbeidd ei meir utfyllande årsmelding som omhandlar samhandlingskoordinator sitt arbeid i tillegg til arbeidet i Helsefellesskapet. (Kari Gro Espeland, 28.02.24).

Måloppnåing

Helse og meistring er etter omorganisering delt inn i fire verksemder i tillegg til stabs/støttefunksjonar. Frå våren 2023 er det tilsett i desse leiarstillingane.

Det overordna målet for tenesteområdet er å levere kvalitativt gode tenester på alle tenesteområde, og me arbeider for å ha høg kompetanse i oppgåveløysing og god skjønnsutøving i all tenesteyting.

I 2023 har utfordringa med å rekruttere ulike grupper fagpersonell blitt merkbart større, og me har vore avhengig av å leige inn personell frå vikarbyrå i større omfang enn før. Dette er ikkje ein ynskt situasjon, og det blir arbeidd med kort- og langsiktige tiltak.

Me har ei aktiv haldning i høve til å rekruttere og behalde faglært arbeidskraft – for best mogleg kvalitet i oppgåveløysing. Å satse på dei tilsette slik at dei ynskjer å bidra med sin kompetanse er sentralt.

Me utdannar helsefagarbeidarar og er praksisplass for studentar i grunnutdanning og vidareutdanning i ulike fag. Legane har spesialiseringssløp gjennom krav i forskrift og me er godkjent utdanningsinstitusjon for dette. Me gjennomfører systematisk etisk refleksjon i nokre avdelingar, og deltek i fleire læringsnettverk. Bruk av e-læring og læringsnettverk har auka siste åra.

Satsing på samarbeid med frivillig sektor er styrkt gjennom prosjektarbeidet Liv og røre for eldre - eit arbeid som også held fram i 2024.

Bygningsmessig er Rauland omsorgssenter under rehabilitering og det er gjennomført forprosjekt ved Norheimstunet i løpet av året.

Me breidder velferdsteknologi og har i 2023 tatt i bruk fleire verkty. Me har også tatt i bruk digital heimeoppfølging.

Arbeidet med å ferdigstille og oppdatere aktuelt planverk for kommunalområdet pågår, men er forseinka grunna kapasitetsutfordringar.

Helse og meistring driftar og er vertskommune for tre interkommunale tenestetilbod; Tokke- Vinje legevakt, kommunale øyeblikkeleg hjelpeplassar for Tokke og Vinje, samt Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark. I tillegg driftar me dialysepost i samarbeid med sjukehuset Telemark. Me deltek elles i fleire prosjektgrupper og samarbeid i Vest-Telemark.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	194 790	217 037	212 987	-4 050	-1,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 989	27 463	23 554	-3 909	-16,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	26 279	42 572	27 269	-15 304	-56,1 %
Overføringsutgifter	4 960	10 512	11 902	1 390	11,7 %
Finansutgifter	4 045	2 882	0	-2 882	0,0 %
Sum Driftsutgifter	253 063	300 467	275 711	-24 756	-9,0 %
Salgsinntekter	-14 039	-14 742	-13 428	1 314	-9,8 %
Refusjoner	-45 557	-52 573	-38 705	13 868	-35,8 %
Overføringsinntekter	-205	-49	0	49	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 397	-6 140	-1 160	4 980	-429,3 %
Sum Driftsinntekter	-61 198	-73 505	-53 293	20 211	-37,9 %
Netto resultat	191 864	226 962	222 418	-4 544	-2,0 %

Kommentar til rekneskap

Årsresultatet for Helse og meistring syner eit underskot på kr 4,5 mill. Av budsjettet på kr 222 mill utgjør dette eit negativt avvik på 2 %.

Det vart løyvd kr 7 mill til bustadtilskot og kr 1 mill til stimuleringstilskot i 2023. Av desse rammene står det att unytta midlar på totalt kr 3,4 mill, som det er naudsynt å løyve opp att i 2024. Det er innvilga fleire søknader som kjem til utbetaling i 2024. Ordninga med stimuleringstilskot er under arbeid og vil bli gjort tilgjengeleg for søkarar våren 2024. Tek ein omsyn til desse budsjettavvika, er reelt underskot i Helse og meistring på kr 7,9 mill, eller 3,6 % av budsjettet på kr 222 mill.

Det er primært to tilhøve som bidreg til underskotet. Lønsutgifter og sterk prisvekst innom fleire område. I høve til løn er det kombinasjonen vakans, innleige frå vikarbyrå og høgt sjukefråvær i fleire avdelingar som er årsaka. Det tek lenger tid enn tidlegare å rekruttere til stillingar, noko som forsterkar problematikken. Dei langt fleste stillingane i HEM er turnusstillingar der personale må erstattast ved fråvær.

Auken i pensjonskostnader spelar naturlegvis også ei stor rolle for eit så stort tenestemråde som Helse og meistring, med samla lønsutgifter på kr 217 mill.

Det største avviket har verksemda Helse og førebygging med eit forbruk på 119 % av budsjettet. Størst avvik står legeavdelinga for, med omfattande innleige av vikar. Gjennom året har to legar sagt opp og slutta, to har hatt foreldrepermisjon og to har vore ute i sjukehusdelen av spesialiseringssløpet sitt.

For heimebasera tenester er avvika størst i Øvre Vinje og på Rauland. Både stader har hatt høgt sjukefråvær gjennom året, og det er sett inn tiltak i høve til dette. Det er elles funne feil i budsjettering som korrigerast innom ramma til HEM for 2024.

I Rauland distrikt der omsorgssenteret er under ombygging, er tenestene flutt til andre lokale. Dette har også medført noko meirutgifter.

Dei største utgiftene i høve til innleige av vikar frå byrå, står sjukeheimen og legeavdelinga for. Det er også innslag av dette ved Svingen og i heimetenestene i Åmot.

KOSTRA Nøkkeltal

	Vinje 2022	Vinje 2023	Tinn	Tokke	Kostragruppe 06
Prioritet					
Diagnose, behandling, re- /habilitering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	7 161	9 695	6 983	7 108	7 078
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 871	2 216	1 180	2 135	1 150
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	49,7 %	47,1 %	58,3 %	39,2 %	43,1 %
Sosialsektoren samlet nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	6,7 %	8,3 %	6,1 %	5,8 %	5,6 %
Sosialsektoren samlet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	5 713	8 351	5 204	6 245	5 414
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	61 901	71 621	66 076	63 257	60 896
Produktivitet					
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	12,0				
Dekningsgrad					
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18- 66 år (B)	3,3 %	4,4 %	4,9 %		6,2 %
Ergoterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (kommunehelse+omsorg) (årsverk)	5,2	5,2			4,9
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,1	10,6	9,4	11,8	9,0
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	15,4	20,8	11,4	13,6	14,7
Kvalitet					
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	94,1 %	100,0 %	98,5 %	64,3 %	96,5 %
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	448,5	449,8	528,6	480,8	497,7
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Hjemmetjenestemottakere, omfattende bistandsbehov, 0-66 år	18	16	31		460
Sosialhjelpsmottakere	76	101	162	62	2 894
Kommunekasse					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (232) Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste (Kommunekasse) (B)	1 705	2 094	1 097	2 335	1 297
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (233) Annet forebyggende helsearbeid (Kommunekasse) (B)	418	502	1 127	747	622
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (241) Diagnose,	9 439	10 151	7 814	7 689	7 482

Årsmelding 2023

behandling, re-/habilitering
(Kommunekasse) (B)

Netto driftsutgifter kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse)	10,9 %	12,6 %	10,8 %	9,5 %	9,0 %
--	--------	--------	--------	-------	-------

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Tilskot til Kvito drift av Kakeringen	-250	Ferdig	Tilskot er betalt ut også for 2023 etter rekning.
Stipendordning rekruttering sjukepleiarar	0	Ferdig	Ordninga med stipend som verkemiddel for å stimulere til framtidig rekruttering av sjukepleiarar har hatt effekt! To studentar har vore i ordninga, og resulterer i at me har to nyutdanna sjukepleiarar i 100 % stilling i Helse og meistring frå sommaren 2024.
Sum	-250		
Nye tiltak			
Forprosjekt velferdsteknologi tavler	50	Ferdig	
Naudsynte kurs og opplæring - Svingen	95	I arbeid	
Auke NAV-samarbeidet	110	Ferdig	
Overgang til tenestebilar for heimehjelp/praktisk bistand i heimen	180	Ferdig	Tiltaket er gjennomført. Det er no 3 Tesla-bilar i kvart heimetenestedistrikt, slik at både heimesjukepleie og heimehjelp skal kunne nytte tenestebilar i tenesta.
Tiltak i rusinstitusjon for enkeltbrukar	200	Ferdig	Tiltaket er gjennomført og avslutta.
Rask psykisk helsehjelp driftsutgifter	250	Ferdig	Rask psykisk helsehjelp er etablert som nytt tiltak i 2023. Kontorstad er Seljord, med kontor i alle kommunane som deltek i samarbeidet.
Inventar og utstyr	300	Ferdig	
Oppgåveendringar jmf statsbudsjettet	1 133	Ferdig	
Fagarbeidarstillingar i omsorgstenesta på natt i Haukeli og	2 729	Ferdig	Natt-tenesta i Øvre Vinje og på Rauland er styrkt

Årsmelding 2023

Tiltak	2023	Status	Beskriving
Rauland			frå ein til to tilsette per natt. Det er tilsett helsefagarbeidarar i stillingane. Ved denne endringa overtok heimetenestene oppfølging av tryggleiksalarmar på natt, ei oppgåve brannvesenet har bidratt til gjennom fleire år. Endringa er ei naturleg utvikling, då oppdrag på natt i større grad enn tidlegare er helserelaterte. Det er fleire enn 100 personar i kommunen som har tryggleiksalarm som hjelpemiddel.
Bustadtilskotsordning	3 000	Ferdig	Bustadtilskotsordninga har vore svært populær, og unytta midlar bør løyvast opp att i 2024.
Nye stillingar og stillingsauke	6 010	Ferdig	
Sum	14 057		
Sum tiltak	13 807		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,97 %	4,67 %	6,65 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,37 %	4,78 %	7,15 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,95 %	5,69 %	8,64 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,18 %	7,79 %	10,98 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,66 %	6,41 %	9,07 %

NAV



Årsmelding



NAV Vest-Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunane er med i samarbeidet. Me er 26 fast tilsette ved kontoret, to prosjektstillingar finansert av statsforvaltaren og to ekstra tilsette grunna høg busetting av flyktningar. Me har lokasjonar i kvar kommune og møter brukarane der. Det er opent for drop-in ein dag i veka i kommunane, med unntak av Nissedal og to dagar på hovudkontoret.

Me har hatt eit internt sjukefråvær på 2,30 % blant statleg tilsette og 10,96 % blant kommunalt tilsette i 2023. Me har ikkje hatt arbeidsrelatert sjukefråvær.

NAV Vest-Telemark vart etablert i 2020 og me har no 3 års drift bak oss. Åra 2020-2021 var veldig spesielle år på grunn av pandemien. Åra 2022-2023 har og vore spesielle år på grunn av krigen i Ukraina og den store busettinga av flyktningar i Vest -Telemark.

Grafane under viser utvikling i heilt ledige arbeidssøkarar i perioden frå januar 2019 til desember 2023. Som det går fram av grafane, er det svært låg arbeidsløyse i alle kommunane. Det er veldig mykje ledige stillingar og fleire arbeidsgjevarar har problem med å skaffe seg kvalifisera arbeidstakarar. Det er mangel på arbeidskraft innom mange bransjar, men likevel er det utfordrande for flyktningane frå Ukraina å få ordinær jobb. Det er truleg på grunn av at dei aller fleste har for dårlege norskkunnskapar.






NAV Vest-Telemark hadde ei ramme på kr 8.190.000 til arbeidsmarknadstiltak. Me har bruka kr 10.176.000. Det er midlar som går til å hjelpe arbeidsøkarane inn på arbeidsmarknaden. Målgruppene er ungdom, arbeidssøkarar frå landgruppe 3 , langtids arbeidssøkarar og arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne.

I tillegg kjøper me mange tenester av Kvito A/S og Ideakompetanse A/S .

Me har og 25 varig tilrettelagte arbeidsplassar i ordinære bedrifter (VTO) til saman i kommunane. Der er målgruppa personar som har uføretrygd og som treng ein aktivitet.

Utvikling i talet på personar som mottok uføretrygd i 2023:



Utbetaling av økonomisk sosialhjelp i 2023:

Under 30 år (2022)	Tal på saker (2023)	Under 30 år (2023)	Tal på saker (2022)	Over 30 år (2022)	Tal på saker (2023)	Over 30 år (2023)	Tal på saker (2022)	Totalt 2022	Tal på saker (2023)	Totalt 2023	Endring
120.134	6	190.350	39	1.272.799	56	1.291.558	46	1.384.697	62	1.481.908	97.21
555.382	22	715.917	61	2.094.371	80	4.243.905	76	2.644.754	101	4.918.413	2.273.65
557.532	14	494.040	33	1.252.399	51	1.067.459	43	1.662.457	63	2.432.318	769.86
957.686	27	1.217.746	76	2.478.400	93	4.199.016	97	3.436.087	120	5.416.763	1.980.67
503.123	11	325.049	27	1.467.839	26	1.486.758	39	1.907.759	37	1.811.807	- 95.95
81.296	12	402.302	22	836.694	36	1.897.067	26	917.990	47	2.283.091	1.365.10
2.775.154	92	3.345.406	258	9.402.502	342	15.085.765	327	11.953.744	430	18.344.298	6.390.55

Det har vore ei stor auke i utbetalningar frå 2022 til 2023, som hovudsakleg skuldast busetting av flyktningar.

Kvalifiseringsprogram (KVP)

Det har vore 15 deltakarar i KVP i løpet av 2023. Av desse har ein person avslutta KVP og gått over i arbeid, medan ein person har gått over til andre statlege ytingar. Tre personar har avslutta KVP utan å gå over ei konkret yting. Me har utbetalt kr 2.550.000 i kvalifiseringsstønad.

Gjeldsrådgjevar

NAV Vest-Telemark og Tokke kommune er vertskommune frå 2022 for gjeldsrådgjeveren. Det har vore ei stor auke i talet på saker frå 2022 til 2023. Det som kjenneteikner sakene er at det er veldig store

utfordringar for dei som får hjelp og krev mykje ressursar. Grunnen til at det er fleire saker no, er renteauken som no har gjort seg gjeldande. Me ser og ei auke blant brukarar som ikkje er NAV-brukarar.

2021	2022	2023
18 saker med frå 2020	10 med frå 2021	18 med frå 2022
+ 52 nye saker	+ 29 nye saker	+ 49 nye saker
+ 15 rådgjevingar utan sak	+ 20 rådgjevingar utan sak	+ 4 rådgjevingar utan sak
= 85 saker		
totalt	= 59 saker totalt	= 71 saker totalt

Utfordringar i etaten framover

Utfordringar i 2024 vil vere den store auken i brukarar som har rett på økonomisk sosialhjelp som fylgje av den høge busettinga av flyktningar frå Ukraina. Det er ein stor jobb å fylgje dei opp slik at dei etter kvart kan kome over i arbeidsretta tiltak og jobb. NAV ser det som svært viktig at kommunane kan legge til rette slik at me kan setje vilkår om aktivitet i sosialvedtaka for dei det er aktuelt for.

Det vert oppretta ein ungdomsgaranti for personar mellom 16-30 år som vil krevje god samhandling og samarbeid mellom NAV og dei andre kommunane.

Hovudprioriteringar i mål og disponeringsbrev frå Arbeids- og velferdsetaten er ungdom og flyktningar frå Ukraina.

Tryggleik for tilsette i NAV er og eit prioritert område og det har kome ein ny minimumsstandard vedteke av Arbeids- og velferdsetaten og KS som gjeld alle lokasjonar der me har brukarmøter. Det har vore befaringar i alle kommunane i starten av 2024. Rapporten viser at me må gjere vesentlege tiltak som vil medføre store kostnader.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	0	0	0	0	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	4	0	-4	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 848	8 135	8 036	-99	-1,2 %
Overføringsutgifter	0	8	0	-8	0,0 %
Sum Driftsutgifter	5 848	8 147	8 036	-111	-1,4 %
Refusjoner	0	-8	0	8	0,0 %
Sum Driftsinntekter	0	-8	0	8	0,0 %
Netto resultat	5 848	8 139	8 036	-103	-1,3 %

Kommentar til rekneskap

Opprinneleg budsjett tok høgde for totale kostnader på kr 4,9 mill. Gjennom året har budsjettet vorte revidert fleire gonger og viser nytt budsjett på kr 8 mill. Hovudårsaka til auken er knytt til utbetaling av sosialstønad, men også utgifter til administrasjon har auka noko grunna behov for stillingsauke som fylgje av stor pågang.

Helse administrasjon

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 704	14 604	13 754	-850	-6,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 410	6 662	5 284	-1 377	-26,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 095	9 741	8 309	-1 433	-17,2 %
Overføringsutgifter	1 524	6 721	9 401	2 680	28,5 %
Finansutgifter	1 445	356	0	-356	0,0 %
Sum Driftsutgifter	26 179	38 084	36 747	-1 336	-3,6 %
Salgsinntekter	-177	-318	-99	218	-220,1 %
Refusjoner	-5 307	-5 180	-2 669	2 512	-94,1 %
Overføringsinntekter	-191	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-367	-2 631	-700	1 931	-275,9 %
Sum Driftsinntekter	-6 041	-8 129	-3 468	4 661	-134,4 %
Netto resultat	20 137	29 955	33 279	3 325	10,0 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,92 %	1,64 %	2,56 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,26 %	4,62 %	4,88 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,39 %	4,04 %	5,43 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,53 %	7,42 %	9,95 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,92 %	3,45 %	5,37 %

Institusjonstenester

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	43 661	49 758	49 982	224	0,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 404	8 024	7 755	-269	-3,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 826	6 485	3 665	-2 820	-76,9 %
Overføringsutgifter	909	1 314	878	-436	-49,7 %
Finansutgifter	7	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	54 807	65 581	62 280	-3 301	-5,3 %
Salgsinntekter	-5 861	-8 878	-7 853	1 025	-13,0 %
Refusjoner	-5 488	-6 714	-5 969	744	-12,5 %
Overføringsinntekter	-4	-23	0	23	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-61	-108	0	108	0,0 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Driftsinntekter	-11 415	-15 723	-13 822	1 900	-13,7 %
Netto resultat	43 392	49 858	48 458	-1 401	-2,9 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,67 %	3,23 %	5,90 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,60 %	6,79 %	9,38 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,19 %	5,77 %	8,97 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,32 %	7,58 %	10,90 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,22 %	8,62 %	10,84 %

Heimetenester

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	44 640	48 957	45 499	-3 458	-7,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 549	4 890	3 649	-1 241	-34,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	324	892	18	-875	-4999,8 %
Overføringsutgifter	377	626	432	-194	-44,8 %
Finansutgifter	66	38	0	-38	0,0 %
Sum Driftsutgifter	48 956	55 403	49 597	-5 806	-11,7 %
Salgsinntekter	-2 023	-2 383	-2 279	103	-4,5 %
Refusjoner	-4 308	-3 806	-1 907	1 899	-99,6 %
Overføringsinntekter	-10	-26	0	26	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-69	-557	-460	97	-21,2 %
Sum Driftsinntekter	-6 410	-6 773	-4 646	2 126	-45,8 %
Netto resultat	42 546	48 630	44 951	-3 679	-8,2 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,96 %	7,04 %	9,00 %
Årleg sjukefråvær 2020	3,08 %	6,35 %	9,43 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,40 %	7,94 %	11,34 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,29 %	10,51 %	13,81 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,03 %	7,87 %	10,90 %

Tenester til personar med særlege behov

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	19 559	60 414	62 831	2 417	3,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 646	3 199	2 857	-342	-12,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal	1 026	2 926	1 920	-1 006	-52,4 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
egenproduksjon					
Overføringsutgifter	754	1 023	765	-258	-33,7 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	22 985	67 562	68 373	810	1,2 %
Salgsinntekter	-238	-464	-480	-16	3,3 %
Refusjoner	-1 095	-15 180	-12 546	2 633	-21,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-505	-183	0	183	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 837	-15 827	-13 027	2 800	-21,5 %
Netto resultat	21 148	51 736	55 346	3 611	6,5 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,24 %	3,47 %	4,71 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,86 %	1,33 %	3,19 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,84 %	1,33 %	4,18 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,28 %	5,32 %	8,59 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,23 %	6,01 %	9,25 %

Helse og førebygging

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	39 782	43 303	40 921	-2 382	-5,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 348	4 686	4 010	-676	-16,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 740	14 393	5 322	-9 071	-170,5 %
Overføringsutgifter	623	819	426	-393	-92,4 %
Finansutgifter	2 527	2 488	0	-2 488	0,0 %
Sum Driftsutgifter	53 020	65 690	50 678	-15 012	-29,6 %
Salgsinntekter	-2 381	-2 700	-2 716	-16	0,6 %
Refusjoner	-18 317	-21 685	-15 614	6 071	-38,9 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-395	-2 661	0	2 661	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-21 093	-27 046	-18 330	8 715	-47,5 %
Netto resultat	31 927	38 644	32 347	-6 296	-19,5 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,12 %	4,09 %	5,21 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,42 %	1,99 %	3,40 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,45 %	2,70 %	4,15 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,31 %	5,60 %	7,91 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,25 %	2,87 %	5,12 %

Organisasjon og innovasjon

Årsmelding

Organisasjon og innovasjon (OI) består av tenestetorget, HR/personal, HMS, arkivtenesta og politisk sekretæriat.

I 2023 har me halde fram med arbeidet knytt til informasjonssikkerheit gjennom opplæring, testing av sårbarheit og forbedring av rutinar. Arbeidet med nærvær og informasjo/kommunikasjon har også hatt stort fokus, der god kommunikasjon og informasjon på riktig plattform står sentralt.

Me har også fokus på digitalisering, leiarutvikling, rekruttering, lønsforhandlingar, internkontroll og utvikling av kvalitetssystemet og omstillingsarbeid.

Innbyggarmedverknad er eit sentralt omgrep, som det vil bli arbeidd vidare med i heile organisasjonen.

Måloppnåing

Nærvær

Me har hatt mykje fokus på auka nærvær. HR-avdelinga har hatt fokus på fylgjande tiltak i 2023 for å auke nærværet:

- HR/HMS kallar inn alle nye leiarar til opplæring innan sjukefråværsarbeid. Går og inn med opplæring til andre leiarar der det viser seg at det er manglande opplæring eller behov for oppfrisking.
- HR/HMS utarbeider sjukefråværsstatistikk og går gjennom den grundig på HAMU (HovudArbeidsMiljøUtval). Dette skal og vere tema på lokale AMU (ArbeidsMiljøUtval) ute i verksemdene. AMU er eit viktig fora for å drøfte arbeidsmiljø, tilrettelegging og sjukefråvær.
- Våren 2023 vart det arrangert kurs i arbeidsmiljøutval for leiarar, verneombud og tillitsvalde.
- HR/HMS har utarbeidd ein «strategi for sjukefråværsoppfylging på systemnivå» (risikomatrise, tiltaksgrense, tiltaksplan og bistand frå HR/HMS som er vedteke i HAMU19.09.23).
- HR/HMS har gjennomført internrevisjon med tema sjukefråværsoppfylging i verksemdene.
- Me anbefalar alle verksemdar å gjennomføre overordna risikovurdering HMS for å redusere sjukefråværet. Det er sendt ut mal, tilbod om opplæring og tilråding frå HR/HMS- rådgjevarar.
- Formidlar bistand frå bedriftshelsetenesta (BHT) og ekspertbistand ved behov.
- Samarbeid med Avonova (BHT) om rullerande ergonomisk risikovurdering , helsekontrollar til risikoutsette stillingar som driftsoperatørar, nattarbeidarar og røyk-kjemikaliedykkarar.
- Me har hatt stort fokus på betring av internkommunikasjon for å bidra til å bygge fellesskapskjensle.

Openheit og involvering

Openheit og involvering er eit viktig mål. I 2023 har me hatt mykje fokus på kommunikasjon og har innført innbyggjar-app'en Civis. Det er tilsett ein medarbeidar som berre har fokus på informasjon og kommunikasjon, og som arbeider for å betre kommunens informasjon og kommunikasjon, både internt og eksternt.

Nøgde tilsette er viktig for å hindre fråvær og bidra til å auke rekruttering av kvalifisert personell. Me har hausten 2023 gjennomført 10-faktor-undersøkinga (medarbeidarundersøking) i heile organisasjonen. Resultatet av undersøkinga og oppfylgjinga rapporterast til HAMU.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	14 457	15 010	14 325	-685	-4,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 591	6 410	6 639	229	3,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 547	1 059	1 197	137	11,5 %
Overføringsutgifter	1 485	1 588	1 235	-353	-28,5 %
Finansutgifter	3	0	0	0	-327,0 %
Sum Driftsutgifter	27 083	24 067	23 395	-671	-2,9 %
Salgsinntekter	-9	-144	-17	126	-721,6 %
Refusjoner	-2 200	-1 763	-2 361	-599	25,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-845	-845	-845	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 054	-2 752	-3 224	-472	14,7 %
Netto resultat	24 029	21 315	20 172	-1 144	-5,7 %

Kommentar til rekneskap

Det er eit overforbruk på OI på over kr 1,1 mill i 2023. Dette skuldast for låg budsjettramme på fleire område:

Område	Kommentar / status
Politisk arbeid	Det er stor politisk aktivitet og engasjement i kommunen. Det medfører også høge utgifter til kurs og reiser, særleg i samband med nytt kommunestyre. Frå hausten av har det vore auka kostnader til møtegodtgjersle og lønsauke for politiske verv var ikkje teke omsyn til i revidert budsjett. Servering på møter er også eit område som har auka.
Lærlingar	Me får mindre refusjon for lærlingar enn tidligare og i 2023 fekk me fleire lærlingar enn det som var budsjettert for.
Konsulentbruk	Me fekk eit nytt saks-

	og arkivsystem i den tida førre arkivleiar slutta i stillinga. Me har i tillegg flytte data til sky. Grunna mangel på ressursar og kompetanse, var me nøydde til å engasjere konsulentar meir enn me normalt ville gjort.	
Auka kostnader	Det har vore ei generell auke av kostnader generelt, samt at budsjettet for Vest-Telemarkrådet og IKA Kongsberg ikkje har vore tilstrekkeleg.	
Sommararbeid for ungdom	Budsjettet for dette har stått stille i mange år og er truleg basert på færre ungdom i tiltaket enn det som har vore tilfelle. Lønsjusteringar er heller ikkje fanga opp knytt til denne utgiftsposten.	

Organisasjonssjefen fylgjer tettare opp budsjett/rekneskap og har månadlege møter med økonomisjefen for å sikre at me held oss til budsjett og ved avvik innfører verknadsfulle tiltak.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Valår	300	Ferdig	
Sum	300		
Nye tiltak			
Skilting og utforming i tråd med ny grafisk profil	200	Ikkje starta	Tiltaket overførast til teknisk.
Sum	200		
Sum tiltak	500		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,10 %	2,47 %	3,58 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,04 %	8,27 %	10,31 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,94 %	3,47 %	5,41 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,85 %	2,69 %	4,54 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,09 %	1,47 %	3,56 %

Teknisk drift og infrastruktur

Årsmelding

Drift

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit relativt normalt driftsår i 2023, men store snomengder vår og haust førte til auka kostnader og krevjande vintervedlikehald i høve brøyting, snorydding og strøing av glatte vegar. Mange av dei tilsette var i perioden januar-april samt november-desember i fullt arbeid med vintervedlikehald.

Året har vore prega av krigen i Ukraina og førebuing av mottak av flyktningar. Det har vore arbeid mykje med tilrettelegging av nye og gamle bustader samt framleige av private husvære. Sjukefråværet har samla sett auka frå 2022-2023 frå omlag 3 % til 11 % i 2023. Det er iverksett fleire tiltak for å redusere fråværet.

Det har vore ein del utskiftingar av personale innan bygg i 2023 og det er noko utfordring i høve rekruttering av nye medarbeidarar.

Innanfor vatn og avløp har det vore stor aktivitet med drift av renseanlegg og vassverk. Det har også i 2023 vore utfordringar knytt til drift av Øyfjell vassverk. Det er særleg kapasitet i Vikåi som er for dårleg ved tørke både sommarstid og vinterstid. TDI arbeider vidare med planane om ny vasskjelde og behandlingsanlegg. Dei fleste utfordringane knytt til overvaking, fjernstyring og akkreditert prøvetaking er no under kontroll.

Brann og beredskap

Etter at Svein Verpe, Edvind Tveiti, Bjørn Hylland, Geir Olav Svalastoga og Oddvin Seltveit slutta i brannvesenet har me tilsett 4 nye konstablar; Mona Åsnes, Knut Kerssemakers, David Petrych og Oddvin Vaa.

I 2023 har det vore totalt 105 utrykkingar fordelt på dei ulike stasjonane; 41 i Åmot, 35 i Haukeli og 50 i Rauland.

Brannvesenet fekk levert ein ny tankbil den 21.12.2023. Dette er ein Volvo FMX med 8000L vasskapasitet og 300L skumkapasitet. Tankbilen er plassert i Haukeli.

Det er løyvd midlar i 2024 til å kjøpe inn 2 stykk hurtigutrykkingsbilar til Rauland og Haukeli. Dette er noko som brannkonstablane er veldig nøgd med.

Ei pågåande utfordring er å få utdanna utrykkingsleiarane. Utrykkingsleiarkurset skulle eigentlig haldast i starten av 2024, men er utsett på ubestemt tid. Per dags dato har berre 3 av 6 utrykkingsleiarar godkjent utdanning.

HMS og personale

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk, eller rapportera om alvorlege hendingar knytt til drift av veg.

Reinhald og tekstil

Reinhald har gjennomført ei rekke opplæringstiltak og to reinhaldarar har teke fagbrev som reinhaldsoperatør og fagbrev i vaskerifaget. Vidare i 2024 er det to til som er under utdanning. Det har blitt kjøpt inn fleire lettare golvvaskemaskiner for å lette arbeidet med reinhald av golv samt flytting av maskiner mellom etasjar. I tillegg er det kjøpt inn ergonomiske arbeidssko som eit tiltak for å redusere sjukefråværet.

Måloppnåing

Mål og fokusområde 2023	Kommentar / status
I samband med hovudplanen for veg og bruer skal det leggjast fram ein årleg tiltaksplan.	Det er lagt fram tiltak i budsjettprosessen hausten 2023 der beredskap kommunale vegar er prioritert saman med bru til Sagvegen.
Det skal gjennomførast tiltak i tråd med plan knytt til auka beredskap med leidningsnett.	Leidningsnettet i Edland er delvis skifta ut for å trygge beredskapen. I tillegg er delar av Åmot leidningsanlegg utbetra med betydeleg større forsyningstryggleik.
Delar av kloaknettet i Vågsli skal byggjast om, og her er arbeidet i planleggingsfase no.	Omlegging av VA i Vågsli er utsett inntil vidare.
Planlegging av nye bustadfelt i samsvar med vedtekne reguleringsplanar og midlar avsett i økonomiplanen.	Bustadfeltet Juvbakk er utvida med 8 bustadtomter og arbeid med Øvre Midtveit vart utsett i budsjettprosessen hausten 2023.
Reinhald har ynskje om at alle bygg skal ha ein digital reinhaldsplan, som enkelt kan reviderast ved endringar. Så langt har det blitt utarbeidd reinhaldsplan for Rauland barnehage. I 2023 skal det arbeidast vidare med planar for Vinjesenteret, Øyfjell skule og grendehus, ny brannstasjon og vassanlegget i Åmot. Det	Arbeidet med digitale reinhaldsplanar har stoppa noko opp. Grunnen til dette er delvis at løysinga har noko høg brukarterskel og at nytten av verktøyet er noko avgrensa. Fokus på praktisk opplæring, språkpraksis og kommunikasjon er i fokus. Digitale planar er innført og i bruk der brukarane sjølv i

blir lagt opp til samarbeid med tenestemottakarar for å få ein best mogleg plan for kvart bygg. Innføring av digitale reinhaldsplanar vil også effektivisere kontrollar og arbeidet med tilstandsrapportar. Det skal gjennomførast tilstandsrapportar for alle bygg, og status no er at slike rapportar har vore utarbeidd for omlag halvparten av bygga til kommunen. Det blir arbeidd vidare med dette i 2023.	større grad tek ansvar for dette.	
Verksemda har høgt fokus på HMS-arbeid og arbeidsnærvær. Gjennomsnittet for bransjen er 90 %, og status i Vinje er 86,5 %. Det blir arbeidd med ergonomisk opplæring og risikovurderingar, samt fokus på tidleg innsats knytt til sjukefråvær og oppfølging/førebygging. Verksemda har stor bruk av gradert sjukemelding som er positivt for å redusere langtidsfråvær.	Arbeidet med sjukefråvær er langsiktig og intensivt og i samarbeid med både HR i Vinje kommune og NAV Telemark.	

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	40 185	44 133	45 051	918	2,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	61 234	64 800	54 236	-10 564	-19,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	25 811	29 184	32 613	3 429	10,5 %
Overføringsutgifter	10 418	9 955	5 797	-4 157	-71,7 %
Finansutgifter	4 416	2 232	2	-2 231	-144939,8 %
Sum Driftsutgifter	142 063	150 304	137 698	-12 606	-9,2 %
Salgsinntekter	-69 228	-73 296	-80 452	-7 156	8,9 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Refusjoner	-11 432	-12 720	-7 035	5 684	-80,8 %
Overføringsinntekter	-1 221	-2 241	-600	1 641	-273,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-7 901	-3 502	-3 502	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-89 782	-91 758	-91 589	169	-0,2 %
Netto resultat	52 281	58 546	46 109	-12 437	-27,0 %

Kommentar til rekneskap

Rekneskapsmessig samanstilling for TDI samla ser slik ut der meirforbruk og mindreforbruk går fram av tabellen under:

Område	Meirforbruk	Mindreforbruk	Teknisk drift og vedlikehald (TDV)
Brann - Alarmsentral Skien (tryggleiksalarmar)	kr 327 000		Det er i hovudsak meirkostnader til brøyting som utgjør avviket frå ramma. Sjølv om ramma her er auka med kr 1,5 mill frå 2022 til 2023 utgjør meirkostnader på vintervedlikehald kr 1,34 mill åleine. Samla meirforbruk er på kr 1,77 mill.
Brann - Bidrag til sør-øst IKS 110 sentral	kr 175 000		
Veg - Meirkostnad brøyting / strøing	kr 1 344 000		
Veg - Meirkostnad lønn innom brøyting / strøing	kr 350 000		
Bygg - husleigeinntekter (meirinntekter)		-kr 2 800 000	Reinhald og tekstil Verksemda hadde eit mindreforbruk på om lag kr 700.000. Bakgrunnen for dette er god økonomistyring og justering mellom rammene internt i TDI frå TDV til Reinhald.
Bygg - husleigeutgifter	kr 2 100 000		
Bygg - kommunale avgifter - utgifter	kr 737 000		
Straumkostnader		-kr 467 000	Sjølvkost vatn/avløp/renovasjon/slam/feiing Sjølvkostområda for vatn og avløp gjekk med eit underskot i 2023 grunna færre tilkoplingar av nye hytter enn budsjettert. Tilknytingsavgiftene utgjør omlag 50 % av årsinntektene og når desse no blir redusert vil årsgebyret måtte oppjusterast for å nå sjølvkost på 100 %. Dei andre sjølvkostområda ligg omlag
Reinhald og tekstil		-kr 676 000	
Sjølvkost vatn/avløp/slam/renovasjon/feiing	kr 11 348 000		
TDI - samla meirforbruk	kr 12 437 000		

på 100 % dekningsgrad.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak

2023 Status Beskriving

Nye tiltak

Tilstandskartlegging- og prioriteringsrapport Tingvoll	50	Ferdig	KalkulasjonPostBeskrivelseMateriellArbeidSumPostAntallenheterEnhetEnhets- prisSumMateriellAntalltimerTimesatsSumArbeid1651 000,-1127,0737550,- 2388 550,-1Riggogdrift1,0RS70 000,-70 000,-60,0650,-39 000,-109000,- 2Containere,avfallsdeponering1,0RS40 000,-40 000,-0,-40 000,- 3Drenering,graving,pukk,drensrør etc.1,0RS70 000,-70 000,-0,-70 000,- 4Asfalt120,0m²350,-42 000,-0,-42 000,-5Tømrer,rivingavkledning,vinduer etc.1,00,-85,0650,-55 250,-55 250,-6Tømrerventuell råte skade i bunnstokker/veggoverasfalt.1,00,-30,0650,-19 500,-19 500,- 7Murer,nytrapputvendig1,0RS20 000,-20 000,-16,0650,-10 400,-30 400,- 8Murer,rehabiliteremurisor1,0RS8000,-8000,-32,0650,-20 800,-28 800,- 9Tømrer,lekting,isolering, vindtetting, kryss lufting1,0RS65 000,-65 000,- 230,0650,-149500,-214500,-10Tømrer,MøreRoyalkledning330 m2330,0m²1700,-561000,-345,0650,-224250,-785250,- 11Blikkenslager,beslag1,0RS12 000,-12 000,-15,0750,-11250,-23 250,- 12Tømrer,vinduer(1,3x1,4m)tre med alu. utv.28,0stk7500,-210000,-48,0650,- 31 200,-241200,-13Tømrer,vinduer(1,0x1,0m.)tre med alu. belistning utv.6,0stk5500,-33 000,-12,0650,-7800,-40 800,-14Loft- rydding,tilleggsisolering,sikre lofting av loft1,0RS40 000,-40 000,-65,0650,-42 250,-82 250,-15Div.overflaterinnv.belegg, takpanel, maling etc.1,0RS120000,- 120000,-140,0650,-91 000,-211000,-16Kjøkkeninkl.hvitevarer1,0RS110000,- 110000,-14,0650,-9100,-119100,-17VVS,nyvarmtvannstank,nye røropplegg etc.1,0RS50 000,-50 000,-35,0750,-26 250,-76 250,- 18Uforutsetteutgifter1,0RS200000,-200000,-0,-200000,-Summateriell1651 000,-Sumarbeid737550,-Sumeks.mva2388 550,-Mva597138,- Suminkl.mva2985 688,-
Skogrydding og arbeid knytt til uteområdet ved Vinjesenteret	150	Ferdig	
Riving av Sandehuset	375	Ferdig	
Reinhald - prisvekst matrialar og utskifting maskiner	500	Ferdig	Det er kjøpt inn mange mindre golvvaskemaskiner som er lettere å lyfte på og handtere enn dei gamle.Det har vore generell utskifting av vaskemaskiner for reinhalsmateriell og moppar.Det har vore generell stor prisvekst.
Reinhald - auka lønsutgifter	700	Ferdig	
Auka utgifter til drivstoff og brøyting	1 500	Ferdig	
Generelt vedlikehald	2 500	Ferdig	Generelt vedlikehaldØyfjell skule og grendehusSkifting av panelovnar på småskulenBytte alle utgangsdører og installerte låssystem - simens kortlåsBytte utgangsdør og nytt inngangsparti samt låssystem på grendehuset.Noko ombygging med glas og flytting av diverse veggjar og bytting av dør SFO lokale grendehuset.Rauland skuleOmbygging av toalett med tilgang frå skuleplassen for å hindre innsyn med meir.Arabygdi skule og samfunnshus - bytte av kledning og inngangspartiÅmot småskule - tilrettelegging av toalett for born mm.
Sum	5 775		
Sum tiltak	5 775		

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,67 %	3,94 %	5,61 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,29 %	4,34 %	6,63 %

Årsmelding 2023

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	1,89 %	8,72 %	10,61 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,37 %	6,45 %	8,82 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,20 %	8,96 %	11,16 %

TDV

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	14 910	16 688	18 117	1 429	7,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	39 955	45 902	40 909	-4 992	-12,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 992	1 902	2 079	177	8,5 %
Overføringsutgifter	10 096	9 406	5 565	-3 841	-69,0 %
Finansutgifter	0	1	2	1	47,6 %
Sum Driftsutgifter	66 954	73 899	66 672	-7 227	-10,8 %
Salgsinntekter	-11 454	-15 041	-14 132	909	-6,4 %
Refusjoner	-9 959	-10 180	-5 628	4 552	-80,9 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3 502	-3 502	-3 502	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-24 915	-28 723	-23 262	5 461	-23,5 %
Netto resultat	42 039	45 175	43 410	-1 765	-4,1 %

Reinhald og tekstil

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	18 217	19 897	19 655	-241	-1,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 479	2 155	2 418	263	10,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	3	0	-3	0,0 %
Overføringsutgifter	322	549	232	-317	-136,7 %
Finansutgifter	0	1	0	-1	0,0 %
Sum Driftsutgifter	20 018	22 604	22 306	-298	-1,3 %
Salgsinntekter	-140	-59	-25	34	-136,5 %
Refusjoner	-1 346	-2 347	-1 407	940	-66,8 %
Sum Driftsinntekter	-1 486	-2 407	-1 432	975	-68,0 %
Netto resultat	18 533	20 197	20 874	677	3,2 %

Sjølvkost vatn/avløp/renovasjon/slam/feieing

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 057	7 549	7 279	-270	-3,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	19 799	16 744	10 909	-5 835	-53,5 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23 818	27 279	30 534	3 255	10,7 %
Overføringsutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Finansutgifter	4 416	2 231	0	-2 231	0,0 %
Sum Driftsutgifter	55 091	53 802	48 721	-5 081	-10,4 %
Salgsinntekter	-57 634	-58 196	-66 295	-8 099	12,2 %
Refusjoner	-128	-192	0	192	0,0 %
Overføringsinntekter	-1 221	-2 241	-600	1 641	-273,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 399	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-63 381	-60 628	-66 895	-6 267	9,4 %
Netto resultat	-8 290	-6 826	-18 174	-11 348	62,4 %

Kultur, næring og fritid

Årsmelding

Kultur, næring og fritid består av næring og kultur. Vel verksemd i menyen til venstre for å få meir informasjon om dei ulike verksemdene.

Kultur

Årsmelding

Verksemda kultur og fritid er sett saman av verksemdsleiar, ungdoms- og SLT-koordinator, Vinjelos, leiar av frivilligsentralen, kulturskulerektor, 12 kulturskulelærarar, leiar av biblioteket og to tilsette, ein kultuhusleiar og ein kulturkonsulent på Vinjehuset, to kulturhusmedarbeidarar og ein arkivar i samarbeid med NAV for drift av lokalhistorisk arkiv.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og kulturlivet blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad. Kommunens rolle er å vera administrator og fasilitator, legge til rette og koma med gode faglege råd.

Administrasjon

Fokus for 2023 har vore samhandling, og rutineetablering i HMS-, økonomi- og arkivsystem. Administrasjonen har jobba med å etablere ny struktur for tilskotordningar for å gjere dei meir transparente og føreseielege. Det er også arbeidd mykje med planverk, organisasjonsstruktur og samarbeid med arrangørar i kommunen.

Kino

Det er i 2023 etablert Bygdekinotilbod på Raulandsakademiet og på Fjellvang hausten 2023. Tilbodet er finansiert med midlar frå løyvinga heilsårsprogram Vinje kommune. Tilboda har blitt godt nytta med 336 gjester på 4 visningsdagar på Raulandsakademiet og 184 gjester fordelt på 4 visningsdagar på Edland. Åmot har i same periode hatt 507 gjester fordelt på 8 visningsdagar.

Museum

Dei viktigaste hendingane på musea i 2023:

- Arbeidet med prosjektplan for Skulpturmuseum på Rauland vart initiert hausten 2023. I følge framdriftsplanen til prosjektet skulle prosjektplanen vere ferdig innan desember 2023, men vart utsett til våren 2024.
- Det har vore skifte av både dagleg leiar for Vinjesenteret og Direktør for Nynorsk kultursentrum. Trass vakansar har Vinjesenteret gjennomført Litteraturdagane og fleire arrangement, med anna i samarbeid med Vinje folkebibliotek
- Det er lagt inn tilskot til opprusting av Forsvarsmuseet i Vinje i 2025. Administrasjonen og vener av Forsvarsmuseet i Vinje kjem til å jobbe med ytterlegare ekstern finansiering av opprustinga inn mot 2025.

Kulturminnevern

Administrasjonen har vore med på seminar om kulturmiljøplanar i regi av Vestfold og Telemark Fylkeskommune. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har løyvd midlar til produksjon av kulturmiljøplan. Det vart hausten 2023 gjennomført konkurranse om ekstern bistand til å produsere planen, og Norsk Institutt for Kulturminneforskning vann denne.

Vinjelosen har sett av 20 % stilling til prosjektet “Ljos i gamle hus”, som har fagleg overlapping både til kulturmiljøplan og tilflyttingsprosjektet. Vinjelosen har i 2023 gjort grunnarbeid for å kartlegge ubebudde småbruk, og verksett prøveprosjektet “Prøvebu småbruk”.

Idrett

Sykkeldelen av Reinsparken på Edland vart opna hausten 2023. Sykkelgruppa til Vinje IL har sett i verk eit prosjekt for å få stisykkeløype i Åmot. Det vart løyvd kr 200.000 til dette føremålet i 2024. Det vart også løyvd kr 200.000 til opparbeiding av stadion og målområde ved Sundflaten idrettsanlegg på Edland, og kr 200.000 til prosjektering av ny ljosløype i Åmot, etter at det vart innført minstevassføring i Vinjeåi ved ljosløypa rundt Ormetjønn

Vinjehuset, Raulandshuset og Edland samfunnshus

Vinjehuset har i store delar av 2023 vore prega av ein pågåande prosess med å omorganisere drifta av innhald og tilbod. Dette har gjort at det ikkje har vore like godt innhald og like mykje tilbod som tidlegare, men intensjonen er at denne omorganiseringa skal føre til betre tilbod for innbyggjarar og gjester både på Vinjehuset, men også Raulandshuset, Edland samfunnshus og grendehusa.

Kunstformidling

Det er sett i verk prosjekt for å kartleggje kunstnarar og kunsttilbod som ein del av reiselivsnæringa i Vinje kommune, og ein del av den kommunalt eigde kunsten er kartlagt og formidla gjennom kunstdatabasen [NKDB](#).

Vinje folkebibliotek og Lokalhistorisk arkiv Vinje

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og i Edland som er i kombinasjon med skulebibliotek. Det er tre tilsette: biblioteksjef i 100% stilling, ein bibliotekar i 100% stilling og ein helgehjelp i 5% stilling. I tillegg til å drifte biblioteket ordinære funksjon er også biblioteket Utstyrsbanken på vegner av Vinje Frivilligsentral. Utlånstala ligg stabilt på ca. 10 000 utlån.

Digitalt har biblioteket eit tilbod om gratis utlån av e-bøker og e-lydbøker via applikasjonen BookBites, og tidsskrifter og aviser gjennom PressReader.

Det vart ikkje løyvd midlar til å etablere meiropent bibliotek i 2023 og 2024, så dette arbeidet er sett på vent.

Lokalhistorisk arkiv er plassert på Raulandsakademiet, der ein finn 150 privatarkiv. Me har ein arkivar tilsett i 20 % stilling. Lokalarkivet er ope for publikum kvar tysdag. Historielaga brukar arkivet for å finne stoff til bøkene sine og for å ha ein triveleg møtestad. Dei er no i gang med mange spanande prosjekt, blant anna i samarbeid med frivillige og ein student.

Vinje kulturskule

Vinje kulturskule består av 13 tilsette fordelt på 5,5 årsverk. Per 31.12.23 var det 132 elevar i skulen med 31 elevar på venteliste mot 102 elevar og 22 på venteliste i 31.12.2022. Ein kan vente seg at talet på elevar stig noko i 2024, men totalt tal på elevar er no nære praktisk elevplasskapasitet ved skulen.

I 2023 er det etablert 3 nye fag: visuell kunst, dataspel og friluftsliv. Kulturskulen har også gjennomført samarbeid med skulane om ein felles konsert, tidlegare Rockemusikalen. Både elevar, lærarar og publikum har sett pris på denne konserten. Arbeidet med UKM 2024 byrja hausten 2023.

Kulturskulerektor har søkt og fått midlar til [Handverksløftet](#) i samarbeid med USN, og er med på kurs i mangfaldsleiing.

Vinje frivilligsentral

2023 har vore eit innhaldsrikt år der me har fått prøvd ut mykje forskjellig i tråd med årsplan for 2023. Leiar for frivilligsentralen flytta kontoret frå kommunehuset til biblioteket i Åmot frå midten av februar fram til juli. Dette var for å sjå om fleire frivillige tok direkte kontakt. Det var ingen auke i dette og leiar har difor flytt attende til kommunehuset der det er eit større nettverk av kommunale samarbeidspartar. Leiar av frivilligsentralen held fram med å reise rundt til bygdene og har møter i Rauland, Åmot og Edland for å møte frivillige der dei er. I 2023 har Frivilligsentralen prioritert arbeid med [Nyby](#) og søknadsrådgeving til lag organisasjonar.

SLT- og ungdomsarbeid

Dei viktigaste tiltaka i 2023:

- Heim for ein 50-lapp har eit budsjett på kr 500 000 med eit overforbruk på ca kr 50 000. Det vart gjennomført evaluering av ordninga i løpet av året. Det er gjort nokre justeringar. Det har blitt registrert at bestilte drosjer ikkje kjem. Dette er teke opp med næringa og dei set i verk tiltak for at dette ikkje skjer att. Stort sett fungerer ordninga som tenkt.
- Åmot ungdomsklubb vart realisert av frivillige vaksne og ungdomar gjennom året, med opning i januar 2024.
- Det vart gjennomført ferieaktivitetar gjennom året, med viktigaste tiltak i form av ein sommarskule med 55 jenter og 62 gutar over 7 veker sommarferie..
- Ungdomskoordinator har arbeidd med å sikre ungdomsklubbane sine lokalar. Kommunen betaler no leige for desse klubbane. Plan og miljøutvalet har gjeve mellombels bruksendring fram til juni 2024.

Den kulturelle skulesekken

Det er gjennomført fleire ulike DKS-framsyningar og tiltak i dei tre skulekrinsane gjennom året. Det er kulturskulerektor som har hatt ansvaret for dette.

Den kulturelle spaserstokken

Kommunen får tilskot til dette tiltaket frå staten via fylket. Dette tilskotet var i 2023 på kr 22.300. Tilskotet har gått til ei lang rekkje arrangement på omsorgssenter i kommunen. For 2023 har kommunen i tillegg lagt inn ein eigenandel på kr 80.000.

Måloppnåing

Kultur og fritid ynskjer å ha eit trygt og godt fagmiljø, med tydelege og høge, men oppnåelege mål. Indikatorar på dette er lågt sjukefråvær og lågt konfliktnivå, og det blir fokusert på auka grad av autonomi innom kvart fagområde og trygg økonomistyring. - Det har vore arbeid med dette føremålet i 2023, men verksemda er ikkje i mål. Det er framleis naudsynt å arbeide med opplæring i program og system, rutinefeste arbeidsoppgåver og gå over til digitalstyrde arbeidstidsordningar.

Vinjehuset: Det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for korleis Vinjehuset skal drivast og korleis aktiviteten på Vinjehuset bør organiserast. – Det er tilsett kulturhusleiar og kulturhusmedarbeidar ved Vinjehuset og sett i verk prosess for å utvikle ny driftsmodell. Dette heng også saman med saka om eventuell samanslåing av Vinjehuset og Vinje folkebibliotek.

Bibliotek: Mål om meir ope bibliotek og vidareutvikle biblioteka til møtestader med føredrag og konsertar. – Det vert ikkje løyvd midlar til meirope bibliotek i 2023 eller 2024.

Kulturmiljøplan: Planarbeidet er nyoppstarta, og målet er at planen skal vedtakast i 2023. – Det vart ikkje løyvd midlar til kulturmiljøplan i 2023 eller 2024, men NIKU er engasjert til å produsere planen i 2024 innanfor ramma til Kultur og fritid.

Frivilligpolitikk: Frivilligpolitikken skal fungere som ei tverrfagleg plattform for heile kommunen sitt frivilligarbeid, og planen for frivilligpolitikken er under arbeid, med mål om vedteken plan våren 2023. – Me har ikkje lukkast med å etablere frivilligplan i 2023, men prosessen er i gang i 2024.

Ungdomsstrategi: Ungdomsrådet er med i prosessen om utarbeiding av ein ungdomsstrategi. Målet er ein vedteken plan våren 2023. – Ungdomsstrategi vart ferdig produsert i 2023 og oppe til vedtak våren 2024.

UKM: Vinje kommune ynskjer å vera den kommunen med breiast deltaking, og vidareutvikling og oppfølging i etterkant. – UKM vart gjennomført i med god oppslutning i 2023.

Kulturskulen: Mål om utviding av tilbodet med fag som visuell kunst, samt to nye fag innan friluftsliv og e-sport som er nærare omtala som innspel i 2023-budsjettet. – Etableringa av faga er gjennomført, lærarane er tilsett og faga er fylt opp med elevar.

Trygt heim for ein 50-lapp: Ynskje om å utbetre ordninga, og få til samarbeid med Tokke kommune. – Me har evaluert og justert ordninga, men ikkje lukkast med å etablere samarbeid.

Levande bygd: Kommunen er fasilitator for fleire aktivitetar og arrangement i heile kommunen, og har som mål å få til eit stort arrangement i kvar grend. Fokus på å skape attraktive arrangement som treffer både fastbuande, tilreisande og hyttefolk. – Det er gjennomført store og små arrangement i heile kommunen gjennom heile året både med kommunen som arrangør og i samarbeid med andre.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 005	12 360	12 504	144	1,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 850	6 081	3 823	-2 257	-59,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal	815	597	1 691	1 094	64,7 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
egenproduksjon					
Overføringsutgifter	4 903	5 382	4 320	-1 062	-24,6 %
Finansutgifter	199	10	2	-8	-419,6 %
Sum Driftsutgifter	18 772	24 429	22 340	-2 090	-9,4 %
Salgsinntekter	-890	-1 347	-560	787	-140,6 %
Refusjoner	-2 257	-1 866	-1 100	767	-69,7 %
Overføringsinntekter	-83	-89	-80	9	-11,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-230	-897	-815	82	-10,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 460	-4 199	-2 555	1 645	-64,4 %
Netto resultat	15 313	20 230	19 785	-445	-2,3 %

Kommentar til rekneskap

2023 var prega av mange gode tiltak og mange prosjekt fekk tilskot frå Kulturmidlar. Men året vart også prega av høgt forbruk. Årsrekneskapen enda med eit overforbruk på kr 445.000. Hovudårsaka til overforbruket ligg i at det vart løyvd kr 1,1 mill til oppstart og tilsetjing av prosjektleiar for ungdomstiltaket Rocket-man. Tiltaket vart stoppa på hausten 2023 som eit innsparingstiltak. Verksemda hadde ikkje skjerma desse midlane, slik at dei inngjekk som del av totalbudsjettet. Då midlane vart fjerna i samband med innsparingstiltaket hadde verksemda eit overforbruk på 2,2 %. Verksemda burde vore bevisst dette, og sett til at desse midlane ikkje vert nytta til andre tiltak gjennom året. Ved framtidig budsjettering blir slike midlar skjerma, slik at ein situasjon som denne ikkje oppstår på ny.

Andre tiltak desse midlane vart bruka til:

- Tilskot frå kulturmidlar: kr 390 000
 - Kr 70.000 – Oppstartstilskot til Åmot ungdomsklubb
 - Kr 25.000 – Tilskot til innramming Svalaug Svalastoga-måleri i samlinga til Vest-Telemark museum
 - Kr 20.000 – Tilskot til bygdebok Edland
 - Kr 100.000 – Nytt konsertpiano på Vinjar
 - Kr 50.000 – Tilskot til teaterframsyning om Aslaug Vaa
 - Kr 125.000 – Overføring av tilskot til Bygdebok Øyfjell, løyvd i 2022.
- Vinje naturlegvis: kr 60.000
- Ekstra innleige av lyd og lys til to konsertar med Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga på grunn av motortrekkhavari i salen: kr 40.000
- Møte og undervisningsskjerm til Vinjehuset: kr 30.000

Då overforbruket vart oppdaga i november, vart det sett inn tiltak for å avgrense både tilskot og tiltak. Tiltak som vart stoppa var mellom anna:

- Akustikktiltak i kommunehuset – kr 125 000
- Innkjøp av måleri etter Johanna Bugge Berge – kr 50 000
- Møte/presentasjonsskjerm til Vinjar – kr 30 000
- Dekkjematte til arrangement i idrettshallane i Vinje – kr 200 000

Lønsmessig var det eit underforbruk på kr 150.000 som skuldast vakansar.

Inntektene var høgare enn budsjettert, på kr 1,6 mill som skuldast høgare aktivitet, med fleire inntektsgivande arrangement.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status	Beskriving
Nye tiltak			
Auke arrangørstilling	200	Ferdig	Stillinga er tilsett og i opplæringsfase.
Reduserte gebyr i kulturskulen	200	Ferdig	Gebyr er reduserte
Tilskot til historielaget Sullamrei - bokprosjekt	200	Ferdig	Tilskotet er overført og bokprosjektet er gjennomført.
Prosjektplan Rauland skulpturmuseum	700	I arbeid	Ferdigstilling er utsett til april 2024.
Nye tilbod i kulturskulen - friluftsliv og dataspel/e-sport	800	Ferdig	Lærarane er tilsett, og faga er sett i verk og fylt opp med elevar.
Heilårs aktivitetsprogram	1 500	Ferdig	Tilskot er utbetalt og tilskipingar gjennomført
Sum	3 600		
Innsparingstiltak			
Bygdesoge Øyfjell	0	I arbeid	Tilskot er utbetalt men bokprosjektet er ikkje ferdig
Sum	0		
Sum tiltak	3 600		

Status økonomiplantiltak:

- Prosjektplan Skulpturmuseum Rauland: Det vert fatta ei administrativ avgjersle om å avvente ferdigstilling før informasjon med relevans for prosjektet var klart i løpet av januar og februar 2023. Ferdigstillinga er no sett til april 2024.
- Bygdesoge Øyfjell: Tilskotsperioden er over, men prosjektet er ikkje ferdigstilt. Kommunen har vore i møte med prosjekteigarar, og planen er at desse søker ekstern finansiering, og at dei kjem med ny søknad til kommunen med meir informasjon om framdrift og plan for ferdigstilling.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,75 %	2,28 %	3,03 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,37 %	0,63 %	1,00 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,58 %	1,09 %	2,67 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,27 %	1,26 %	2,54 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,27 %	0,89 %	2,17 %

Næring

Årsmelding

Landbruk: Fleire og fleire oppgåver gjer at det er utfordrande for landbruksrådgjevar å fylgje opp alt på den måten ein skulle ynskje ein kunne og såleis prioritert arbeidet i høve til det som lovpålagt. Dette er oppgåver som:

- Sakshandsaming og generell rådgjeving for politisk handsaming i plan- og miljøutvalet.
- Forvaltning, rådgjeving, kontroll og vedta statlege tilskotsordningar (nest høgast i Vestfold Telemark, utbetalt omlag kr 35 mill.)
- Forvaltning, rådgjeving, vedtak og godkjenning av kommunale tilskotsordningar
- Rådgjeving, uttale og sluttgodkjenning ved finansiering av utbygging ved Innovasjon Noreg.

I tillegg har ein oppgåver og ansvar for: Landbruksvikar, førebu landbruksrådsmøta, informere landbruket, handtere innsyn, ny landbruksplan, veterinærforvaltning m.m. Landbruksrådgjevar er med i ulike prosjekt som Ljos i gamle hus, areal ute av drift, småbruksprosjektet, prøvebu småbruk, tiltaksarbeid for villrein på HV, arbeidsgruppe for organisering av tilskot til regionalt miljøprogram, oppdatere ordninga om Utvalde kulturlandskap i landbruket/Verdsarven i Telemark.

Skogbruk: Det har vore bra drift av skogbruket, med relativt stor aktivitet. Mykje bruk av motormaskinell støtteordning.

Berunuten: Nødbua på Bamsebu vart ferdigstilt, men det er heile tida ymse vedlikehald. Det neste no er nytt uthus og kanskje ein gapahuk på Berunuten. Snøskuteren er inne i sin 3. sesong, slik at ein må vurdere å bytte inn denne, for best å utnytte bruksprisen.

Fallvilt: Har hatt enormt mange utryknar i 2023. Dei gjer ein fantastisk jobb, og utstyret fungerer bra. Men det vart eit kostbart år!

Interreg-prosjektet COM3, der Vinje kommune har tatt del saman med USN, blei avslutta sommaren 2023. I tillegg til kompetanseheving og nettverksbygging for kommuneadministrasjonen, har prosjektet medverka til styrka kommunikasjon med næringslivet (nettsider, nyheitsbrev, næringstreff), ny næringsplan og eit pilotprosjekt for e-læring i små verksemdar.

PhD-prosjektet, som også blir gjennomført i samarbeid med USN, heldt fram gjennom heile 2023. Forskingsaktivitetane i prosjektet (datainnsamling, dataanalyse, teoriutvikling) blei gjennomført som planlagt. Prosjektet er forventa fullført i 2024.

Ny næringsplan vart vedteken og sett igang. Dette er ein dynamisk plan med årleg evaluering og endringar.

Den lokale reiselivsstrategien er under arbeid og vil vonaleg bli klar i løpet av 2024.

Næringsstomter: Det er skrint med kommunaleigde næringsstomter i Åmot og Haukeli. I Rauland er det noko betre i høve til tomter for handel og service, men for industri og anlegg er det ikkje tomter att. Arbeidet held fram med å finne nye areal.

Datasenter: Det er meir aktuelt enn nokon gong, då tilgang på straum er ein avgjerande faktor i denne industrien. Det er viktig å kunne nytte varmen som eit datasenter produserer, til f.eks. veksthus.

Næringstreff: Det har vore tre treff, med god oppslutnad. Det er eit laust konsept, med påfyll av aktuelt frå kommunen, ulike tema som me trur er interessant for næringslivet, litt underhaldning, mat og prat! Gjennomsnittleg er det omlag 25-30 aktørar på kvart treff. Det er meininga å gjennomføre tre treff per år.

Motorferdsel: det vart innført nokre endringar av løyvestrukturen som no gjev gode resultat. Me er og med i faggruppa motorferdsel på Hardangervidda, der me har kome med innspel som no er på høyring. Dette er tiltak som kan gi eit godt resultat for f.eks. reinsdyr og anna vilt på Hardangervidda. Dette forslaget er truleg eit sagn også hjå liknande nasjonalparkar.

Verdsarven: Det er gjort mykje arbeid gjennom mogelegheitsstudie på Tangen/Møsstrand. Båten til Sam Eyde er under oppussing hjå Fartøysenteret i Hardanger. Ny reguleringsplan for området er under arbeid.

Anna: Næringskontoret er engasjert i ei rekkje oppgåver som ikkje er pålagde, men er til gagn for samfunnet på ein brei måte. Me nemner: Reinsparken, sykkelstasjon, forvaltning av spelemidlar, oppfølging av ski-, skuter- og turløyper, stolpejakt, vasseventyret, skjotebane Rauland, idrettsråd, folkehelsekoordinering, m.m. Gjennom dette skjer det mykje som gjer at Vinje kommune har mange unike tilbod som me meiner styrkjer busetnaden godt.

Næringssjefen: har mykje kontakt med næringsdrivande i høve til oppstart av nye verksemder, men og drift og investering hjå eksisterande verksemder. Det er mange som treng hjelp og det er ikkje kapasitet nok til å gje alle den hjelpa dei ber om, men ein gjer så godt ein kan! Det vert stadig søkt om tilskot til ulike ting.

Måloppnåing

Mykje av det me gjer er dynamisk, og har mange abstrakte mål. Difor er det vanskeleg å sei at måla er nådd.

Gjennom eit år er det mange små mål som dukkar opp, og som ein må gjennomføre. Men me har greidd å lande ein god del.

Næringsplanen vart ferdig og vedteken, slik at den no ligg på heimesida til Vinje kommune. Næringsplanen var ein viktig milepåle å få på plass, då det er utgangspunktet for vidare arbeid med strategiar og som hjelp for politikarar og administrasjon. Arbeidet med reiselivsstrategien for Vinje er i full gang, der dei ulike destinasjonane i kommunen utarbeider sin del. Denne er truleg ferdig i løpet av hausten 2024. I høve til vedteken næringsplan skal ein føreta ein revisjon i løpet av februar/mars som skal leggjast fram for formannskapet kvart år. Denne vert lagt fram for handsaming i april 2024.

Tilgjengeleg næringsareal i kommunen sitt eige, vert mindre og mindre. Det er von om å få på plass meir areal i løpet av 2024/2025, for alle destinasjonane. Det viktige er å ha areal til alle typar behov, frå handel og service til industri og entreprenørverksemder.

COM3-prosjektet er avslutta, og det er levert ein sluttrapport slik at endeleg utbetaling kjem oss i hende i 2024.

USN er truleg ein unytta resurs i høve til å gjennomføre ulike kompetanseaukande kurs. Fyste kontakt er allereie gjort, men me skal møtast ut over våren for å sjå på ulike modellar. Utover hausten har me vonaleg noko å by fram.

Me greidd å få utplassert **infoskjermer** i løpet av 2023, og har eigen redaksjon som har jamlege møte i høve til innhald.

Vinje-losen held fram sitt arbeid i høve til folkevekst. Dette har resultert i mykje reising og vitjing av skular og ulike messer. Verktøy som film og ulikt infomateriale er utarbeidd og sett i drift. Folkevekstprosjektet held fram, og likeins prosjektet Ljos i gamle hus.

Datasenter-satsinga til kommunen er på oppløpssida. Det vil truleg bli signert intensjonsavtaler i løpet av fyrste del av 2024.

På **Berunuteigedomen** vart naudbua på Bamsebu ferdig, eit naudsynt bygg som gjer tryggleiken monaleg betre.

Vinjenett.no er stadig i utvikling og har ført til mykje enklare handsaming av store repeterande prosessar som f.eks. handsaminga av ENØK og straumstøtta. Dette i tillegg til fleire hundre rørsler innom basseng og treningsrom. Sal av skuterløyva skjer meir automatisk og sparar kommunen for 1-2 tilsette.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	6 825	7 182	6 849	-333	-4,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 671	5 499	3 744	-1 755	-46,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 048	4 200	7 049	2 849	40,4 %
Overføringsutgifter	27 744	33 597	33 918	321	0,9 %
Finansutgifter	3 815	5 579	0	-5 579	0,0 %
Sum Driftsutgifter	50 102	56 056	51 559	-4 497	-8,7 %
Salgsinntekter	-1 973	-1 540	-1 816	-276	15,2 %
Refusjoner	-9 121	-5 510	-4 981	529	-10,6 %
Overføringsinntekter	-1 241	-4 712	0	4 712	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-39 815	-36 829	-34 537	2 292	-6,6 %
Sum Driftsinntekter	-52 149	-48 591	-41 334	7 257	-17,6 %
Netto resultat	-2 047	7 465	10 225	2 760	27,0 %

Kommentar til rekneskap

I fyste omgang syner rekneskapen for næring eit underforbruk på kr 2,8 mill, men dukkar ein meir inn i rekneskapen ser ein at ein får eit større meirforbruk. Dette skuldast kostnader/løyvingar på totalt kr 4,5

mill som vert realisert seinare enn løyvingdatoen og må vere med inn i det nye året, og slik har ein trudd ein har større ramme enn ein eigentleg har.

Straumstøtte til næringslivet har ikkje vorte utbetalt med så store beløp som ramma tok høgde for og det er berre naudsynt å overføre kr 1,7 mill til 2024. Basert på dette står ein att med unytta midlar frå denne potten på kr 2,15 mill.

Tek ein omsyn til faktorane nemnt over får me eit overforbruk på kr 5,7 mill. Korleis har det blitt slik? Gjennom året har det blitt ført ein del kostnader som ikkje er budsjettert, likevel belasta oss då det stort sett har med nærings- og busetnadsutvikling å gjere. Me kan nemne: Vinje-filmen, husleiger til ungdomsklubbane, infoskjermar, tomteleiger, oppmålingskostnad ved sal av næringstomter o.l. på tilsaman kr 1,4 mill. Utover dette kjem desse tiltaka:

- Kostnader med advokatbistand i samband med bilrutebygget har kome på kr 440.000.
- Kostnader knytt til fallviltgruppa har kome opp i kr 660.000, som er ei auke med kr 330.000 samanlikna med 2022.
- Planarbeid på Tangen og moglegheitsstudiet for området er bokført med totalt kr 170.000.
- Det var naudsynt med konsultering i høve til EØS-reglane i samband med løyving til løypekøyning som kom på kr 130.000.
- Ekstra kostnad knytt til konsulentbistand for ny landbruksplan på kr 100.000.
- Innom motorferdsel var det noko lågare sal, slik at me fekk ein innteksreduksjon på kr 120.000. Kostnadene er også for lågt budsjettert med kr 220.000.

På inntektssida har me desse avvika:

- COM3-prosjektet er budsjettert med kr 750.000 i inntekter/refusjon, og dette har ikkje kome før i 2024.
- Fiskefondet Møsstrand har eit inntektsbudsjett på kr 200.000, som er kr 100.000 for høgt i høve til det me får.

I 2022 vart det vedteke å auke løyvingane til løypekøyning og samstundes innføre ny stønadsordning knytt til næringsstrukturen. Vedtaket innebar rammeauke samanlikna med kva som låg i ramma frå før. Truleg har ikkje auken vore tilstrekkeleg i høve til kva som ligg i nye avtaler.

For åra framover må ein vere mykje meir obs på auka kostnader og reduserte inntekter på eit tidlegare stadium, slik at ein kan korrigere drifta tidlegare. Det meste er naudsynte og løyvde kostnader som er ein større prosess å få endra kjapt. Det har og vore særst ustabil i høve til einskilde kostnader.

Gjennom eit år er det og naudsynt med konsultering via advokatar og revisorar, og når timeprisane er mellom kr 3-5.000 vert det fort høge kostnader, så ein må vere varsam i å bruke dette for mykje, men det er og viktig å vere trygg på at det ein gjer er korrekt i høve til lover og forskrifter.

Næringsavdelinga står for alle kostnader knytt til utvikling av Vinjenett.no, noko som har ført til at ein har spart mykje rundt ulik sakshandsaming for Vinje kommune, der ein kan nemne innbyggjartilskot, skuterløyve, badebillettar, straumstøtte, ENØK-tilskot m.m. Denne innsparinga er ikkje synleg, men eit estimat er 1-2 stillingar. Kostnaden rundt dette burde kanskje vore fordelt på fleire avdelingar.

Ein må og sjekke inntektsbudsjettet betre slik at det ikkje er budsjettert med inntekter som ikkje er reelle.

Samla vil dette vonaleg føre til ein betre rekneskap i høve til budsjett hjå næringsavdelinga framover.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	2023	Status Beskriving
Nye tiltak		
Straumstøtte 4. kvartal 2022 til næringslivet	0	I arbeid Dette vert utbetalt i 2024
Auka aktivitet verdsarv	50	I arbeid
Auka innsats folkehelse	100	I arbeid
Reiselivstrategi ekstern bistand	300	I arbeid
Oppgradering løyper/stiar	500	I arbeid
Sum	950	
Sum tiltak	950	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,58 %	0,00 %	0,58 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,65 %	0,25 %	0,90 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,23 %	0,00 %	0,23 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,22 %	0,52 %	1,74 %

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd (tilpassa)

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale inntekter						
Inntekts- og formuesskatt	-148 343	-134 200	-140 838	-139 315	-1 523	-1,1 %
Andre generelle driftsinntekter	-903	0	0	-1 238	1 238	0,0 %
Rammetilskot	-106 055	-70 000	-120 118	-123 132	3 014	2,5 %
Naturressursskatt	-39 073	-39 100	-39 100	-37 276	-1 824	-4,7 %
Konsesjonsavgifter	-28 838	-28 400	-28 850	-29 075	225	0,8 %
Eigedomsskatt	-53 632	-69 000	-68 730	-68 729	-1	0,0 %
Netto kraftinntekter Ishavskraft	-110 876	-175 000	-112 000	-121 870	9 870	8,8 %
Kraftinntekter frå KKST	-52 915	-53 000	-75 300	-75 437	137	0,2 %
Sum Sentrale inntekter	-540 637	-568 700	-584 936	-596 072	11 136	1,9 %
 Driftsutgifter per tenestekområde	 452 732	 484 035	 535 721	 526 347	 9 374	 1,7 %
Avskrivninger	46 869	52 500	52 500	48 939	3 561	6,8 %
Brutto resultat (KOSTRA)	-41 035	-32 165	3 285	-20 786	24 071	732,7 %
 Netto finansutgifter og inntekter						
Renteutgifter	14 267	21 500	21 735	21 216	519	2,4 %
Avdrag på lån	26 542	36 000	36 115	36 243	-128	-0,4 %
Finans- og renteinntekter	-13 075	-21 325	-26 775	-25 142	-1 633	-6,1 %
Finansutgifter i tenestekområda	3 232	-342	-342	-2 659	2 317	677,9 %

Årsmelding 2023

	Note Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Netto finansutgifter og inntekter	30 966	35 833	30 733	29 658	1 075	3,5 %
Motpost avskrivningar i tenesteområda	-46 869	-52 500	-52 500	-48 939	-3 561	-6,8 %
Netto resultat	-56 938	-48 832	-18 481	-40 067	21 585	116,8 %
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjoner						
Til ubundne avsetninger	52 727	53 000	98 257	22 957	75 300	76,6 %
Til bundne avsetninger	28 838	28 400	28 850	28 850	0	
Bruk av ubundne avsetjinger	-9 401	-28 511	-85 780	-65 581	-20 199	-23,5 %
Bruk av bundne avsetjinger	-2 459	-25 964	-20 937	-20 937	0	
Overføring frå drift til investering	1 567	46 384	82 162	107 162	-25 000	-30,4 %
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjoner i tenesteområda	-14 334	-24 477	-84 071	-32 385	-51 686	-61,5 %
Sum Avsettingar og årsoppgjersdisposisjoner	56 938	48 832	18 481	40 067	-21 585	-116,8 %
Årsoverskot / underskot	0	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i %
Rammetilskot	-106 055	-70 000	-120 118	-123 132	2,5 %
Inntekt- og formuesskatt	-148 343	-134 200	-140 838	-139 315	-1,1 %
Eigedomsskatt	-53 632	-69 000	-68 730	-68 729	0,0 %
Andre generelle driftsinntekter	-68 815	-67 500	-67 950	-67 589	-0,5 %
Sum generelle driftsinntekter	-376 845	-340 700	-397 636	-398 765	0,3 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	288 941	256 035	348 421	329 041	5,6 %
Avskrivningar	46 869	52 500	52 500	48 939	6,8 %
Sum netto driftsutgifter	335 810	308 535	400 921	377 979	5,7 %
Brutto driftsresultat	-41 035	-32 165	3 285	-20 786	732,7 %
Renteinntekter	-4 693	-5 225	-7 625	-7 501	-1,6 %
Utbytte	-6 270	-13 600	-17 100	-17 100	
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	1 107	-2 850	-2 400	-3 222	34,3 %
Renteutgifter	14 280	21 508	21 743	21 239	2,3 %
Avdrag på lån	26 542	36 000	36 115	36 243	-0,4 %
Netto finansutgifter	30 966	35 833	30 733	29 658	3,5 %
Motpost avskrivningar	-46 869	-52 500	-52 500	-48 939	-6,8 %
Netto driftsresultat	-56 938	-48 832	-18 481	-40 067	116,8 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	1 720	46 384	107 162	107 340	-0,2 %
Avsettingar til bundne driftsfond	43 977	28 400	28 850	40 183	-39,3 %
Bruk av bundne driftsfond	-24 266	-34 581	-29 554	-39 678	34,3 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i %
Avsetningar til disposisjonsfond	102 727	53 000	98 257	98 257	
Bruk av disposisjonsfond	-67 220	-44 371	-186 234	-166 035	-10,8 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	56 938	48 832	18 481	40 067	-116,8 %
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Rådmannen	3 835	7 658	14 157	7 633
Oppvekst	122 357	134 293	148 806	149 231
Plan, økonomi og berekraft	18 338	38 515	47 099	46 529
Helse og meistring	191 864	186 425	222 418	226 962
Organisasjon og innovasjon	24 029	18 100	20 172	21 315
Teknisk drift og infrastruktur	52 281	51 500	46 109	58 546
Kultur, næring og fritid	13 266	21 116	30 010	27 695
Fellesansvar	-193 681	-226 390	-223 000	-251 062
Sum løyvingar drift, netto	232 290	231 216	305 770	286 848

Av dette:

Netto renteutgifter og -inntekter	-691	-342	-342	-1 269
Overføring til investering	153	0	0	178
Avsetninger til bundne driftsfond	14 314	0	0	11 333
Bruk av bundne driftsfond	-16 807	-8 617	-8 617	-18 742
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-53 620	-15 860	-33 692	-33 692
Korrigert sum løyvingar drift, netto	288 941	256 035	348 421	329 041

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Investeringar i varige driftsmidlar	88 841	53 330	110 443	108 346
Tilskot til andre sine investeringar	950	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 356	1 420	26 532	36 272
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	91 147	54 750	136 975	144 618

Kompensasjon for meirverdiavgift	-8 253	-8 266	-11 167	-10 494
Tilskot frå andre	-2 846	-100	-6 465	-10 826
Sal av varige driftsmiddel	-2 478	0	-2 650	-2 573
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-28 601	0	0	-105
Bruk av lån	-46 765	0	-9 530	-9 527
Sum investeringsinntekter	-88 944	-8 366	-29 812	-33 525

Vidareutlån	13 277	0	15 173	9 952
-------------	--------	---	--------	-------

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Bruk av lån til vidareutlån	-13 277	0	-15 173	-9 952
Avdrag på lån til vidareutlån	1 947	1 900	1 900	2 203
Mottatte avdrag på vidareutlån	-3 169	-1 900	-1 900	-2 402
Netto utgifter vidareutlån	-1 223	0	0	-199
Overføring frå drift	-1 720	-46 384	-107 162	-107 340
Avsettingar til bundne investeringsfond	3 112	0	0	199
Bruk av bundne investeringsfond	-2 372	0	0	-1 187
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-981	-46 384	-107 162	-108 328
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	2 567

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Helse og meistring				
PC'ar Helse og meistring	0	500	500	410
Nytt datasystem Kjøkendrift	9	0	0	0
Utstyr nytt legekantor Åmot F2410	36	0	0	0
Velferdsteknologi - låse/signalanlegg F2530	110	180	190	172
Utstyr styrkerom F2330	506	0	0	39
Utstyr Helse og meistring	0	700	350	281
Sum Helse og meistring	660	1 380	1 040	901
Teknisk drift og infrastruktur				
Utstyr VTDS F120	520	0	0	0
Innføring av Elements	94	0	0	389
Kommunehuset Rehabilitering	122	4 000	8 378	8 425
Forprosjekt Vinjehuset og flytting bibliotek	0	600	200	253
Oppgradering kommunestyresalen	0	500	1 036	970
Forprosjekt Rauland skule	0	500	300	315
Forprosjekt Åmot skule småskulen	0	500	190	264
Kjøp av Lundevegen 18	0	0	4 340	4 339
Tilpassing ny avd Åmot barnehage F221	0	0	800	878
Forprosjekt Edland barnehage F221	0	0	200	328
Legevakt Åmot F261	939	0	0	0
Bustader for vanskelegstilte med heildøgns pleie F265	1 693	0	4 379	5 031
Forbetring av nett - Helse F261	344	0	447	447
Rauland Omsorgssenter	106	6 000	6 194	8 149
Forprosjekt Norheimstunet	105	0	310	295
Forprosjekt utviding sjukeheim og utb. omsorgssenter Åmot	557	1 500	1 068	1 331
Ombygg/Rehab. fysioavd.	7 605	0	342	342
Ventilasjonsaggregat Helsesenteret	1 948	0	275	367

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Kjøp/sal bustader F2650	4 306	0	0	0
Kjøp av bustad til flyktningføremål	3 076	0	0	0
Kjøp av bustader	0	10 000	6 700	9 194
Tomannsbustad Juvbakk	0	0	6 000	5 670
Kjøp av gamle Vinje bygdeheim	0	0	50	0
Kjøp av 8 Boinnova leiligheter	0	0	13 644	13 644
Ladepunkt	856	0	223	222
Kjøp av minibuss til VO	0	0	275	276
Lastebil F320	0	1 600	1 650	1 650
Kjøp av garasje nær kommuneverkstad	0	0	100	100
Litangen grunnnerv	200	0	3 500	3 598
G/S - vegar F332	3 750	0	658	658
G/S - veg Øyfjell F332	3 968	6 000	13 475	12 892
Bustadfelt Øyfjell - oppussing	231	0	0	0
Asfaltering Edland/Grungedal	302	700	884	1 192
Bustadfelt Juvbakk	0	8 000	3 800	3 485
Flaumsikring Edland	142	0	18	69
Kommunale vegar beredskapstiltak	0	3 000	1 850	1 609
G/S-veg Austbø	0	2 000	600	607
Trafikksikringstiltak Drotning	0	350	50	40
Kjøp av hyttefelt Raulandsgrend F315	0	0	9 750	0
Ny brannstasjon Åmot F339	19 499	0	235	235
Brannbil / vassforsyningsbil	0	0	4 300	3 888
Vatn anlegg Åmot F340	20 267	0	0	0
Vatn ledningsnett generelt F345	5 953	0	1 336	1 404
VA Slobrekk	0	0	1 600	1 209
Avløp anlegg Vågslid F350	1 158	0	0	0
Avløp ledningsnett generelt F353	5 223	0	1 126	1 241
Avløpsnett Vågslid F353	2 648	0	0	0
Storegutmonument/park	0	700	0	0
Forsvarsmuseet	189	0	0	0
Heis og tak Vinjar F386	267	2 000	5 533	5 528
Aktivitetspark Edland F385	301	0	2 900	5 970
Vinjehuset - nye ventilasjonsanlegg	1 229	4 000	59	59
Sum Teknisk drift og infrastruktur	87 598	51 950	108 777	106 563
Fellesansvar				
Naudnett-terminalar	0	0	300	292
IPad til politikarar	0	0	325	324
Rullearkiv Lokalhistorisk Samling	368	0	0	0
Stolar Kommunehuset	142	0	0	0
Uteklasserom Edland skule	0	0	0	266
FRIE INNTEKTER F880	73	0	0	0
Sum Fellesansvar	583	0	625	882
Investeringar i varige driftsmidlar	88 841	53 330	110 443	108 346

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Tilskot kyrkjeleg fellesråd	950	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	950	0	0	0

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
--	-------------------	--------------------	-------------------	-------------------

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Kjøp av aksjar F325	1	0	25 112	34 762
Eigenkapitalinnskot KLP F172	1 355	1 420	1 420	1 510
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 356	1 420	26 532	36 272

4. Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Utlån av egne middel	0	0	0	0
Sum del 1-4	91 147	54 750	136 975	144 618

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Rammetilskot	-106 055	-70 000	-120 118	-123 132
Skatt på inntekt og formue	-148 343	-134 200	-140 838	-139 315
Eigedomsskatt	-53 632	-69 000	-68 730	-68 729
Andre skatteinntekter	-67 912	-67 500	-67 950	-66 351
Andre overføringer og tilskot frå staten	-26 513	-24 280	-36 680	-48 546
Overføringer og tilskot frå andre	-98 879	-72 033	-76 682	-109 015
Brukarbetalingar	-15 403	-14 464	-15 345	-15 016
Sals- og leigeinntekter	-301 595	-354 410	-316 418	-311 805
Sum driftsinntekter	-818 332	-805 887	-842 761	-881 909
Utgifter til løn	333 375	321 831	358 492	369 897
Sosiale utgifter	70 797	89 954	91 476	78 586
Kjøp av varer og tenester	205 681	215 165	208 095	242 583
Overføringer og tilskot til andre	120 575	94 271	135 483	121 117
Avskrivningar	46 869	52 500	52 500	48 939
Sum driftsutgifter	777 297	773 722	846 047	861 123
Brutto driftsresultat	-41 035	-32 165	3 285	-20 786
Renteinntekter	-4 693	-5 225	-7 625	-7 501
Utbytte	-6 270	-13 600	-17 100	-17 100
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	1 107	-2 850	-2 400	-3 222
Renteutgifter	14 280	21 508	21 743	21 239
Avdrag på lån	26 542	36 000	36 115	36 243
Netto finansutgifter	30 966	35 833	30 733	29 658
Motpost avskrivningar	-46 869	-52 500	-52 500	-48 939
Netto driftsresultat	-56 938	-48 832	-18 481	-40 067
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	1 720	46 384	107 162	107 340
Avsetningar til bundne driftsfond	43 977	28 400	28 850	40 183
Bruk av bundne driftsfond	-24 266	-34 581	-29 554	-39 678
Avsetningar til disposisjonsfond	102 727	53 000	98 257	98 257
Bruk av disposisjonsfond	-67 220	-44 371	-186 234	-166 035

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	56 938	48 832	18 481	40 067
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0